


Årsmelding 2017



Organisasjonskart



Om årsmeldingen

Årsmeldingen er utarbeidd i samsvar med § 48 i kommunelova.
Ho viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i 2017.

Framsidefoto: Bjarte Brask Eriksen
Ansvarleg: Fylkesrådmannen
Redaktør: Janne Karin Værnø
Redaksjon: Janne Karin Værnø og Stanley Hauge
Tekstgrunnlag: Avdelingane i fylkeskommunen
Utforming og oppsett: Geir Ketil Lien og Gro Sivertsen

Mars 2018

Samfunnsoppdraget vårt

Vi utviklar Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelse-tjenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevelinger og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Visjonen vår

Attraktiv og nyskapande

Hovudstrategiane våre

- 1 Ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet
- 2 Prioritere og setje tydelege mål for utvikling og teneste
- 3 Betre dialog og samhandling med kommunar, brukarar og andre aktørar
- 4 Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomføringsevne og berekraft
- 5 Utvikle samarbeidet mellom avdelingane i HFK
- 6 Sikre rett kompetanse og god endringskapasitet i organisasjonen


Verdiane våre



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi samarbeider og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremtar vi samhandling og demokrati.

Ein organisasjon i endring og utvikling

Hordaland fylkeskommune er ein organisasjon i kontinuerleg utvikling. Også 2017 har vore prega av endring og omstilling. Strammare økonomiske føresetnader, rask teknologisk utvikling og nye eksterne rammevilkår utfordrar evna til å tenke nytt og stadig effektivisere drifta vår. Positivt rekneskapsresultat, redusert sjukefråvær og høg jobbtrivsel vitnar difor om ein robust organisasjon med god endringskapasitet og god fart framover.

Sjølve årsrekneskapen viser eit overskot på 107 mill. kr. Det positive resultatet skuldast hovudsakeleg stram og god økonomistyring. Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk med å snu den underliggende negative driftsutviklinga og resultatet for 2017 viser at vi er på god veg. Særleg gledeleg er det at både opplærings- og samferdselssektoren, som til saman står for rundt 80 prosent av drifta, no leverer positive resultat.

Innan samferdselssektoren var det også dette året vekst i passasjertalet. Dette viser at den sterke kollektivsatsinga vi har hatt dei siste åra, gjev resultat. Å få fleire til å reise kollektivt er også eit viktig miljøtiltak. Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye elektriske ferjer vert sette i drift. Det grøne skiftet er likevel ikkje gratis: Dei nye ferjekontraktane medfører sterke auke i både drifts- og investeringskostnadene. Inntektsveksten fylkeskommunen kan rekne med i åra framover, vil langt frå vere tilstrekkeleg til å makte dette løftet. Knappe økonomiske rammer gjer at vi må prioritere endå tydelegare.

Ein naturleg konsekvens av dette er at vi må tilpasse nivået på aktivitetane våre til dei økonomiske rammene vi har til disposisjon. På administrativt nivå arbeider vi difor med å sikre ei tydelegare kopling mellom budsjett og resultat

gjennom ein overordna modell for målstyring. Modellen tek utgangspunkt i verksemestrategien, som igjen er tufta på regional planstrategi for utvikling av Hordaland dei kommande åra. Første versjon av denne modellen går fram av årets årsmelding, der kvar avdeling rapporterer oppnådde resultat i høve dei aktivitetane som vart prioriterte i budsjettet for 2017. Allereie i budsjettet for 2018 er dette utvikla vidare ved at vi gjer det synleg kva overordna mål den einskilde avdeling arbeider for, kva tiltak som vert prioriterte i budsjettet og kva resultatmål som er fastsett for heile økonomiplanperioden.

Innanfor dei gjeldande økonomiske rammene arbeider vi målretta for å levere gode og solide tenester til innbyggjarane i Hordaland. Dét er eg trygg på at vi skal klare også i åra framover. Fylkeskommunen har viktige roller som samfunnsutviklar, tenesteprodusent, utøvar av mynde og ikkje minst som folkevald organ. For å få innspel til forbetring og utvikling av verksemda vår gjennomførte vi i 2017 for første gang ei undersøking blant alle kommunar og rådmenn i fylket om kor nøgde dei er med samarbeidet og kvaliteten på tenestene fylkeskommunen leverer. Tilbakemeldingane var gjennomgående gode, men det kom også nyttige og konstruktive innspel til korleis samhandlinga kan betrast. Dette vil vi arbeide vidare med i dialog med kommunane.

Aktivitetsnivået har også i 2017 vore høgt. Vi har mellom anna vidareført satsinga på kunst- og kulturformidling til elevar både i grunnskulen og vidaregåande skule, vi har opna ny, moderne tannklinikks på Askøy og fleire vegprosjekt er fullførte. I tillegg held vi fram med det systematiske arbeidet med oppgradering og vedlikehald av skulebyggja våre.

Fleire store planar med sentrale føringar for framtida vart vedtekne i 2017. Den kanskje viktigaste av desse slik eg ser

det, er den nye temaplanen for likeverd. Planen slår mellom anna fast at vi skal ha eit likeverdsperspektiv i all teneste- ytinga vår, at vi skal møte både tilsette og brukarar med respekt, og at vi ser på mangfold som ein ressurs. I dagens moderne samfunn er dette gjerne sjølv sagt. Like fullt er dette viktige verdiar å stå opp for og som vi må ha kontinuerleg merksemd på.

Prosessene med å slå saman organisasjonane til Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er godt i gang. Vi er to likeverdige partar som anerkjenner kvarandre sin kompetanse og ulike fortrinn. I fellesskap skal vi no byggje eit solid fundament for ein ny og slagkraftig fylkeskommune med ei tydeleg vestlandsstemme både i den regionale og den nasjonale utviklinga. Saman vil vi stå sterkare og kunne møte framtidige utfordringar på ein offensiv måte til beste for innbyggjarane i den nye fylkeskommunen.

Eg vil avslutte med å takke alle einingane og medarbeidara ne i Hordaland fylkeskommune for vel utført arbeid gjennom heile 2017. Dei resultata vi har oppnådd kjem som følgje av godt lagarbeid.



Rune Haugsdal
fylkesrådmann



Innhald

4	Ein organisasjon i endring og utvikling
7	Innhald
8	Hendingar 2017
12	Styring og kontroll av verksemda
14	Godt økonomisk resultat
17	Kommune – stat – rapportering – KOSTRA
21	Regional utvikling
33	Miljørekneskap
37	Samferdsel
51	Opplæring
63	Kultur og idrett
73	Tannhelse
81	Organisasjon
91	Eigedom
95	Politisk organisering
99	Fylkesordføraren: Oppsummering 2017

Hendingar 2017

Hordaland fylkeskommune går i bresjen for å skape liv og lyst på Møhlenpris, det første urbane lokalsamfunnet som blir med i programmet LivOGLyst.



Politietterforskar Robin Schaefer vart kåra til «Årets Hordalending» for innsatsen med å få gjenopna Monikasaka.

Avtalen om Idrettscampus Bergen vart signert. Den skal styrke idrett, fysisk aktivitet og folkehelse.



Hordaland fylkeskommune og NAV fornya samarbeidsavtale om oppfølging av ungdom med lovfesta rett til vidaregående utdanning.

Tal frå Skyss viser at den store veksten i kollektivtrafikken heldt fram med ein auke på fire prosent til 56,5 millionar reisande i 2016.



Dei to fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok intsjonsavtalet om å slå saman dei to fylka.



Ein modernisert Årstad vgs. er blitt den nye vinnarskulen i Hordaland med ein auke i søknaden til skuleåret 2017-18 på 157 elevar i høve til året før.

Det skal byggjast ny, samla fagskule og vidaregåande skule med maritimt og petroleumtekniske fagtilbod på Laksevåg, vedtok fylkestinget.



Hordaland teater flytter frå Stend og satsar 60 millionar kroner på nytt teater i Logen i Bergen sentrum.

JANUAR



Ni område i Hordaland er peika ut av Riksantikvaren som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.



Hyssingen produksjonsskole feira to år. Den har gitt eit godt liv til mange skuleleie ungdommar som har teke vidare utdanning eller fått jobb.

Fem vidaregåande skular i Hordaland skal få yrkesfaglege koordinatorar som skal sikre at fleire fullfører yrkesfagleg utdanning.

FEBRUAR



Sigrid Isdal starta i jobben som det første elev- og larlingombonet i Hordaland.



Hordaland fylkeskommune blir med på dugnad om å samle inn plast og løyver 750 000 kroner.



Sjukehusskulen til Hordaland fylkeskommune vart samla under eitt tak i nye lokale i Barne- og ungdomssjukehuset på Haukeland.

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2016 viser eit overskot på 137 millionar kroner.

MARS



Etter forhandlingar mellom Hordaland fylkeskommune og NSB vart det innført busstakst for periodekort med tog Bergen-Arna.



Langhaugen vgs feira 30 år med musikklinje 30. mars med ein åtte timer lang jubileumsforestelling med musikk, song og dans frå tre scener.

20 millionar kroner skal brukast til tryggare skulevegar etter vedtak i utval for miljø og samferdsel i Hordaland.



Det første narkosetilbodet ved ein tannklinik i Hordaland opna på Solheimsviken tannklinikk.



Elevar ved Austevoll vgs. sette ny rekord og tok 11 tonn torsk på ein dag under Lofotfisket med skulen sin båt «Stø kurs».



Hordaland fylkeskommune har investert 55 millionar kroner i Os vidaregåande skule som har fått tipp-topp moderne verkstader.

- Fleire fullfører vidaregåande skule etter at studiesenteret ved Årstad vgs. opna.

- Mobbeombodet i Hordaland blir ei permanent ordning etter at fylkestinget har vedteke at prøvoprosjektet over to år skal bli fast.



På fylkestinget 14. juni fekk Kenneth Bruvik miljøprisen til Hordaland fylkeskommune for plastrydding i strandsona.



Hordaland fylkeskommune fekk Regnbogeprisen under Regnbogedagane i Bergen 10. juni.



Utrangert pc-utstyr i fylkeskommunen blir gjenbrukt i Afrika og Sør-Amerika etter at fylkesutvalet vedtok å tildele 35 pc-ar til fem organisasjoner.

Hordaland satsar på hydrogen og biogass som nye energikjelder etter vedtak i fylkesutvalet.

APRIL



21. april gjekk den aller første turen med Bybanen til Bergen lufthamn, Flesland. Dette avslutta utbygginga av Bybanen i Bergen sør.

Hordaland er fylket i landet som får mest pengar til internasjonal utveksling og samarbeid innan fag- og yrkesopplæring frå Erasmus+, totalt 541 489 euro for perioden 2017-2019.



8,6 millionar kroner vart tildelt gamle fartøy i fylket. Pengane gjekk til istandsetting, vern og drift.

MAI



To nye sykkelparkeringshus vart opna 15. mai i Åsane og på Nesttun.



124 millionar kroner vart tildelt idrettsanlegg i fylket gjennom spelemidlar

Fylkesvalstyret godkjente 17 lister til Stortingsvalet frå Hordaland. Det er ei meir enn ved førrre stortingsval i 2013.



Alle 17 fylkesferjesamband i Hordaland skal få miljøferjer etter at fylkesutvalet tildelte dei siste kontraktane på bygging.

JUNI



Ein ny tannklinik til 22 millionar kroner for Askøy vart opna i Kleppestø senter.



Hordaland fylkesting har vedteke å bruke 58 millionar kroner av overskotet frå 2016 til opprusting av ferje-kaiar og ekstra vedlikehald av fylkesvegar.



25-års jubileet for gjenreisinga av den norske sjømannskyrkja i Cardiff vart feira. Hordaland samla inn ein million kroner til bygginga.

Det er gledeleg mange søkerar til vidaregåande skular i fylket. Ved første-gangsinntaket 7. juli fekk dei fleste av 18 482 søkerar tilbod om plass.

Den nye byveksttalen for 2017-2023, med nullvekst i personbiltrafikken, vart underskriven av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Statens Vegvesen og Jerbaneverket.

JULI

Dei første tømrarane som har gått den fire-åriges vekslingsmodellen avslutta med gode resultat på sveineprøvene. Dei har veksla mellom opplæring på Slåtthaug vidaregående skole og i bedrift.



Hordaland fylkeskommune skal bruke 925 000 kroner til tettstadutvikling i sju kommunar: Askøy, Osterøy, Os, Lindås, Radøy, Børmlø og Fedje.



Ca. 18 000 elevar byrja på nyt skuleår i den vidaregåande skulen i Hordaland onsdag 16. august.



Tre nye kunstverk langs Bybanen vart opna då traseen heilt fram til flyplassen vart teken i bruk torsdag 17. august.

AUGUST



Heile landet ville ha eit nytt brettspel om utdanningsval som Hordaland fylkeskommune har utvikla for ungdomsskulelevar.

160 elevar gjekk to veker på sommarskule på fem stader i Hordaland og fekk undervisning i matematikk, norsk og engelsk. Det vart svært enkelt å finne ut kva for ein tannklinik du høyrer til då den nye tenesta "finn din tannklinik" vart lansert på Hordaland fylkeskommune sine nettsider fredag 24. august. Det er 41 offentlege tannklinikkar i fylket.



Bytedagen måndag 21. august var populær. 255 elevar møtte fram for å bytte plass i den vidaregåande skulen. Mange fekk oppfyllt ønsket sitt.



Det var folkefest i Bergen under Sykkel-VM 16. til 24. september.

Samnanger opna nyt bibliotek med støtte frå modellbibliotek-programmet.



Det var glede over ny trafikksikker veg då rundkjøringa og gang- og sykkelvegen ved Kirkevoll skule vart opna 8. september.

SEPTEMBER



Tre medlemer i Hordaland fylkesting vart valde inn på Stortinget ved valet 11. september. Det var Tom-Christen Nilsen (H), Silje Hjemdal (FrP) og Nils T. Bjørke (Sp).

I prosjektet Fiske-sprell lærer Hordaland fylkeskommune barnehagebarn betre kosthald og folkehelse gjennom å lage god mat av fisk.



Regional plan for Hardangervidda skal gje villreinen gode levevilkår, men den skal også gje høve til allmenn bruk, næringsutvikling og turistliv.

Hordaland fylkeskommune fornya venskapsavtalen med Normandie som no er samla til ein region i Frankrike.

25-årsjubileum for det internasjonale nettverket rundt économuséa vart markert i Bergen. Hordaland fylkeskommune har vore initiativtakar og pådrivar.

27. oktober vart ein historisk dag der dei to fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane for første gong hadde felles møte, i Gulen og på Gulatinget.



Hordaland fylkestinget vedtok å redusere utsleppa frå bussane med mål om at busstrafikken i Bergen skal bli fossilfri innan 2020 og heile Hordaland innan 2025.



Den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger vart vedteken av fylkestinget. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i regional kystsoneplanlegging.

Den nye Strandkai-terminalen vart opna med to spesialdesigna lehus, universelt utforma kaiområde og nytt brusteinsdekke til samla pris 7,5 millionar kroner.



Eit unikt funn frå vikingtida kom for dagen då fylkeskonservatoren fekk overlevert to båtstamnar som vart funne på garden Hatlestrand i Kvinnherad.

- Utsleppa frå industrien i Hordaland er framleis høg.
- Fylkesutvalet oppmodar dei sju største industriverksemndene i fylket om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa.



Hordaland fylkeskommune har 44 lærlingar i eiga verksemd og satsar på auke til 50 i 2018.



Hordaland blir fylket i landet med flest hurtigladarar for elbil. Alle kommunar, med unntak av Fedje, får no hurtigladarar.

- Ein rapport Hordaland fylkeskommune la fram viser at næringslivet i fylket er på veg over kneika etter oljeprisfallet.

OKTOBER



Bruk av robot blir meir og meir vanleg i norsk industri. Ein robot vart teken i bruk på Laksevåg videregående skole der både elevar, og lærarar frå andre skular skulle få opp-læring.




«Dette er gullopp-skryta på fagbrev», sa kunnskapsminister Henrik Asheim etter besøk hos helsefag-arbeidarar i Bergen som har teke fagbrev gjennom vidaregåande opplæring på arbeidsplassen (VOPA), eit samarbeid mellom vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.



Unik dokumentasjon av lokal krafthistorie vart lagt fram om Vallen sjukehus som var det første sjukehuset i Norden som fekk elektrisk straum då eit eige kraftverk vart teke i bruk i 1910.

NOVEMBER



Eit samråystes fylkesutval tilrådde 23. november å bygge nye Åsane vgs. og kulturhus til 880 millionar kroner. 14. desember gav fylkestinget klar-signal til byggestart våren 2018.



Det første stipendet for gateaktivitet gjekk til Bergen Style Bombers. Stipendet på 30 000 kroner vart overrakt under opninga av fylkestinget.

DESEMBER

- Hordaland satsar stort på biogass som ny miljøvenleg energikjelde som kan bidra til reduserte utslepp. Biogasstrategien vart vedteken av fylkesutvalet.

Fylkestinget vedtok eit budsjett for 2018 på totalt 11 milliardar kroner, med eit driftsbudsjett på 7 666 millionar kroner, 2 587 millionar kroner til investeringar og 820 millionar kroner til renter og avdrag på lån.

Styring og kontroll av verksemda

Det vert arbeidd målretta og systematisk med oppfølging av drifta gjennom risikovurderinger og andre kontrolltiltak. I 2017 var det særskilt merksemd på tilpassing til den nye personvernforordninga, på operativ risikokartlegging og -styring pluss arbeid mot korruption og etiske problemstillingar i denne samanhengen.

Kontrollutvalet

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet føre tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga. Dette vert gjort gjennom selskapskontroller og forvaltingsrevisjonar.

Kontrollutvalet har i 2017 handsama 3 selskapskontroller og 6 forvaltingsrevisjonar. Forvaltingsrevisjonane er handsma av fylkestinget og avvik som er påpeika i revisjonane vert følgde opp med eigne tiltak. Saker om oppfølging av forvaltingsrevisjonane vert handsama av kontrollutvalet gjennom året.

Interfylkeskommunalt samarbeid

Fylkestinget har handsama ein utvida forvaltingsrevisjonsrapport om Nasjonal digital læringsarena (NDLA) i 2017 som oppfølging av ein tidlegare revisjon. NDLA er eit interfylkeskommunalt samarbeid for å tilby opne digitale læringsressursar for vidaregåande opplæring og er eigm av 18 fylkeskommunar.

Plan for oppfølging av fylkestinget sine vedtak har vore handsama ved fleire høve i kontrollutvalet.

Risikovurdering

Fylkesrådmannen har i 2017 hatt særleg merksemd på risikokartlegging og -styring av den operative drifta. Alle avdelingar har kartlagt moglege uønskte hendingar innanfor sine respektive fagområde og identifisert aktuelle tiltak for å redusere risikoen for slike hendingar. Desse vurderingane og tiltaka er dokumenterte i det felles kvalitetssystemet. I tillegg er risiko- og sårbarheitsanalysen innafor transportområdet revidert.

Personvern

I 2017 vart det arbeidd med å førebu innføringa av den nye personvernforordninga som venteteg vert sett i verk frå mai 2018. Revisjons- og rådgjevingsselskapet KPMG gjennomførte hausten 2017 ein gapanalyse i heile organisasjonen med unntak av Skyss, for å kartleggje på kva område fylkeskommunen per i dag ikkje har rutinar og prosedyrar som tilfredsstiller det nye regelverket. Tilsvarande gjennomgang er gjennomført hos Skyss i regi av revisjons- og rådgjevingselskapet PwC.

På bakgrunn av desse analysane er det utarbeidd ein overordna tiltaksplan, som fylkesrådmannen følgjer opp gjennom eit eige prosjekt. Alle avdelingane har peikt ut lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane inn i prosjektet og koordinerer aktuelle aktivitetar i sine respektive einingar.

Det er også rekryttet ny personvernrådgjevar/-ombod som vil vere sentral i dette arbeidet. På denne måten sikrar ein at det er tilstrekkeleg med ressursar for å følgje opp det nye regelsettet.

Etikk og habilitet

Dei etiske retningslinene er gjennomgåtte og reviderte på nytt i 2017. I retningslinene er reglane om habilitet og interessekonfliktar særleg understreka. Det er utarbeidd eige e-læringsopplegg som alle tilsette skal gjennomgå og repetere jamleg. I tillegg er det utarbeidd opplegg for å styrke merksemda på habilitet og antikorruption i sakshandsaminga.

Arbeidsmiljø og HMS

Fylkesrådmannen har i 2017 satsa særskilt på å styrke det lokale HMS-arbeidet og arbeidsmiljøutvala (AMU) på tenestestadene. Det vart halde ein større konferanse for AMU-medlemmar med 160 deltakarar, og det har vore stilt tydelege krav til alle leiarar om HMS-kompetanse. Dette har ført til auka kursdeltaking, med til saman om lag 150 tilsette på HMS-grunnkurs i 2017, både av leiarar, AMU-medlemmar, verneombod og lærlingar.

Vidare oppfølging av resultata frå medarbeidarundersøkinga i 2016 var eit viktig arbeidsmiljøarbeid i 2017. Det vart elles gjennomført årlege kartleggingar i form av vernerundar og vernemøte. Kartleggingane vert oppsummerte i lokale HMS-handlingsplanar som er tilgjengelege i det felles kvalitetssystemet.

Eigenkontroll

Årleg eigenkontroll er gjennomført i Hordaland fylkeskommune som del av den lovpålagde internkontrollen. Eigenkontrollen gjev eit samla statusoversyn som grunnlag for oppfølgingsarbeid og forbetringstiltak i organisasjonen. I 2017 er opplegget for eigenkontrollen revidert og det er kome til nye spørsmål mellom anna knytte til antikorrasjon, risikovurdering og beredskap. Eigenkontrollen omfatta i 2017 desse områda:

- HR
- HMS
- Kvalitetsarbeid
- Informasjonstryggleik
- Innkjøp
- Antikorrupsjon
- Etikk
- Risikovurdering
- Beredskap

I etterkant av gjennomført eigenkontroll vert det utarbeidd rapport og plan for oppfølging av aktuelle tiltak.

Verksemdbasert vurdering

Fylkeskommunen har etter § 13-10 i opplæringslova ansvar for å ha eit forsvarleg system for at krava i lova og forskriftena vert oppfylte. Hordaland fylkeskommune løyser dette gjennom system for verksemdbasert vurdering (VBV), som legg rammer for korleis skulane skal planleggje det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultata av arbeidet.

Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring ligg fast. Det vert retta særskild merksemrd mot korleis skulane arbeider med å implementere utviklingstiltak og nasjonale læreplanar i fag. I tillegg skal alle skulane ha fokus på å sikre elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø. I 2017 blei det gjennomført skulebesøk på om lag halvparten av dei vidaregåande skulane. Representantar for opplæringsavdelinga møtte her dei lokale skuleleiingane, representantar for lærarane og elevane til ein dialog om skulane sine resultat og lokale mål og tiltaksplanar.

Eksterne tilsyn

Fylkesrådmannen har etablert ein rutine for rapportering av eksterne tilsyn i Hordaland fylkeskommune. Føremålet med rutinen er å ha ei oppdatert oversikt over varsle og gjennomførte tilsyn, uavhengig av fagområde og avdeling. Oversikta skal utarbeidast kvart halvår. For 2017 har det mellom anna vore gjennomført fleire tilsyn knytte til miljøretta helsevern, arbeidsmiljø og branngryggleik. Eventuelle avvik som vert påpeika gjennom desse tilsyna, vert følgde opp med eigne tiltak.

Godt økonomisk resultat

Driftsrekneskapen for 2017 vart gjort opp med eit overskot på 107,1 mill. kr etter stram og god økonomistyring i organisasjonen. Investeringane var nær 2,4 mrd. kr.

Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

		Reknesk. 2016	Reknesk. 2017	Budsjett 2017
+	Skatt og rammetilskot	6 228,4	6 391,8	6 376,0
+	Andre driftsinntekter	2 391,8	2 512,5	1 962,2
-	Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	7 731,0	8 014,1	7 674,2
=	Brutto driftsresultat	889,2	890,2	664,0
-	Netto renteutgifter	198,9	207,1	227,6
-	Avdrag	442,0	509,0	509,0
=	Netto driftsresultat	248,3	174,1	- 72,6
-	Avsetjing til disp.fond (netto)	- 41,3	- 38,2	- 39,8
-	Avsetjing til bundne fond (netto)	55,1	- 26,1	- 164,1
-	Driftsmidl. til investeringar	97,7	131,3	131,3
=	Rekneskapsm. meir-/ mindreforbr.	136,8	107,1	0,0

Driftsrekneskapen for 2017 vart gjort opp med eit overskot på 107,1 mill. kr. Dette har ein oppnådd gjennom stram økonomistyring i heile organisasjonen. Dei fleste sektorane hadde innsparingar i høve til budsjettet, og ingen hadde store overskridinger.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekte.

Tidlegare har det vore vanleg å rekne at kommunesektoren burde ha eit netto driftsresultat på 3 % av driftsinntektene for å ha ein sunn og robust økonomi. I 2014 rådde «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» til at måltalet for fylkeskommunane burde aukast til 4 %.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned fra 248,3 mill. kr (2,9 %) i 2016 til 174,1 (2,0 %) i 2017.

Netto driftsresultat for fylkeskommunen, i prosent av driftsinntektene



Førebelselte tal for landet viser ein nedgang i gjennomsnittleg netto driftsresultat fra 5,0 % til 4,3 %.

Bortsett frå 2013 har Hordaland dei siste ti åra hatt lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Men endringane frå år til år har følgt same mønster som landsgjennomsnittet.

Gjennomsnittet av fylkeskommunane har i åtte av dei ti siste åra hatt netto driftsresultat over det tilrådde nivået på 4 %


av driftsinntektene. Hordaland har berre to av åra vore over dette nivået.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 3,7 % frå 2016 til 2017. Det siste overslaget for løns- og prisvekst i kommunesektoren er 2,3 %. Dermed har det vore ein realvekst på om lag 1,4 %. Totale driftsinntekter auka med 3,3 %.

At driftsutgiftene auka meir enn driftsinntektene kan sjåast i samanheng med at det netto er brukt 64,3 mill. kr av fondsmidlar i drifta i 2017.

Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 39,5 % og 39,0 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter. Samferdselssektoren er no blitt nesten like stor som opplæring. Opplæring sin del av utgiftene har gått noko ned. Dette skuldast at nokre funksjonar er flytte frå skulane og samla under eigedomsavdelinga. I 2017 gjeld dette reinhaldspersonale og husleigekontraktar. Tidlegare er driftsleiarane overførte til eigedomsavdelinga.



Budsjettavvik

Skatteinntektene hadde ei relativt svak utvikling i Hordaland i 2017, og auka med berre 0,3 %. På landsbasis var auken 3,1 % for fylkeskommunane. Gjennom inntektssystemet vert 87,5 % av variasjonen mellom fylkeskommunane jamna ut. Dette redda Hordaland i 2017, slik at summen av skatt og inntektsutjamning vart 16 mill. kr høgare enn budsjettet.

Ingen sektorar hadde store budsjettoverskridinger i 2017. Rapporteringane gjennom året viste at det var opplæring og tannhelse som låg an til å overskride budsjettet. Rekne-

skapsresultatet tyder på at det sterke fokuset på å halde budsjettet har gjeve resultat. Opplæringssektoren kom totalt ut med ei innsparing på 15,5 mill. kr, og for tannhelse vart underskotet på knapt 2,5 mill. kr.

Samferdsel hadde ei innsparing på 17 mill. kr, trass i at drift og vedlikehald av fylkesvegane hadde ei monaleg overskridning.


Andre positive bidrag til resultatet var meirinntekter på 16,5 mill. kr frå konsesjonskraft og innsparing på 12,3 mill. kr på netto renteutgifter.

Investeringar

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2016	Reknesk. 2017	Budsjett 2017
Kultur og idrett	0,6	0,0	3,0
Opplæring	781,8	551,7	458,4
Tannhelse	21,1	13,8	10,0
Samferdsel	2 461,9	1 750,2	1 952,1
Politiske organ og adm.	5,9	20,7	23,0
Fellesfunksjonar m.m.	67,6	21,3	34,0
Sum inv. i eigedomar og utstyr	3 338,9	2 357,7	2 480,5

Investeringar



Det vart investert for 2 358 mill. kr i 2017. Totalsummen har gått ned dei to siste åra, men nivået er framleis høgt. Det er først og fremst utgiftene til bybaneutbygging som har gått ned dei to siste åra.

I 2017 vart 1 750 mill. kr brukt til samferdselsføremål og 552 mill. kr innan opplæringssektoren.

Investeringar i vegar utgjorde 1 362 mill. kr og bybaneutbygging 293 mill. kr. Til kjøp av bybanevogner vart det brukt 88 mill. kr.

Dei største skuleprosjekta var nye Voss gymnas med 117 mill. kr og nye Tertnes vgs. med 105 mill. kr.

Lån er viktigaste finansieringskjelda for investeringane med 1 159 mill. kr. Bompengar stod for 480 mill. kr.

Dispositionsfond

Riksrevisjonen har i ein rapport lagt vekt på tre nøkkeltal for å vurdere den økonomiske situasjonen for kommunar og fylkeskommunar. Det er netto gjeldsgrad, netto driftsresultat og dispositionsfond. KS har også gjort bruk av desse nøkkeltala. Dispositionsfond er ein økonomisk buffer og gjev uttrykk for økonomisk handlefri-dom.

Det er vanskeleg å setje noko mål for kor store dispositionsfond det er fornuftig å ha. Frå fagleg hald har det vore tilrådd at dispositionsfond bør utgjere 5 – 10 % av driftsinntektene.




Ved utgangen av 2017 hadde Hordaland fylkeskommune dispositionsfond på 221 mill. kr, dvs. 2,5 % av drifts-inntektene. Året før var dispositionsfonda 199 mill. kr (2,3 %).

Lån, renter og avdrag

Som følgje av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelta passert 10,6 mrd. kr. Netto gjeldsgrad utgjorde ved årsskiftet 113,4 % av driftsinntektene, mot 109,2 % eit år tidlegare. Riksrevisjonen har nytt 75 % som ei grense for når gjelta er i ferd med å bli faretruande høg.

Grafen nedanfor viser utviklinga i renter og avdrag. Tala for renteutgifter er etter frådrag av renteinntekter og rentekom-pensasjon. Fallande rentenivå har dempa veksten i rente-utgiftene. Det er avdraga som har auka mest. I 2017 har ein auka avdraga frå 442 mill. kr til 509 mill. kr. Opptrapping av avdraga er eit av tiltaka for å bremse gjeldsveksten.

Auke i utgiftene til renter og avdrag er ei av dei største økonomiske utfordringane som fylkeskommunen står overfor. Ein svært stor del av inntektsveksten går med til å dekke aukande kapitalutgifter. Om rentenivået skulle begynne å stige, vil det bli nødvendig med kutt i driftsutgiftene.



Netto gjeldsgrad er lik netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene. Hordaland fylkeskommune ligg høgast med 113,4 %. Sør-Trøndelag er også kome godt over 100 %. Gjennomsnittet for fylkeskommunane er 71,7 %.

Kommune – stat – rapportering – KOASTRA

	Hordaland				Landet u/ Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017
Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter					
Netto driftsresultat	0,7	2,1	2,9	2,0	4,3
Avdragsutgifter netto	3,8	4,0	5,1	5,7	3,4
Renteutgifter netto	2,1	2,1	2,3	2,3	0,6
Netto lånegjeld	95,9	101,6	109,2	113,4	71,7
Arbeidskapital ex. premieavvik	11,3	9,5	10,7	8,9	15,9
Dispositionsfond	4,4	2,8	2,3	2,5	10,1
Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar					
Brutto driftsutgifter	15 343	15 930	16 162	16 732	16 516
Brutto driftsinntekter	15 399	16 099	16 579	17 040	17 008
Skatt og rammetilskot	11 102	11 628	11 978	12 232	12 863
Netto lånegjeld	14 762	16 356	18 096	19 332	12 200
Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)					
Adm. og styring	3,1	3,4	3,3	3,2	4,5
Vidaregående opplæring	42,0	41,4	41,8	40,2	44,3
Tannhelsetenesta	4,0	3,9	4,0	3,8	4,3
Fys. planl./kulturminne/natur/nær miljø	2,4	1,9	2,1	2,3	2,3
Kultur	3,9	3,8	3,1	3,4	4,1
Samferdsel	38,3	39,2	39,4	40,2	31,2
Næring	2,4	2,3	1,9	2,2	2,7

KOmmune-STat-RApportering er eit nasjonalt informasjons-system som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemrd. Statistisk Sentralbyrå offentleggjorde 15. mars ureviderte tal for 2017. Reviderte tal vil bli lagde ut 15. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der ein ser på utviklinga over fire år. Det er teke med gjennomsnittstal for landet utanom Oslo til samanlikning.

Hordaland har lånegjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet, og som kvart år har auka meir enn driftsinntektene. Netto lånegjeld utgjorde 113,4 % av driftsinntektene ved utgangen av 2017. Avdraga har auka kvart år, medan renteutgiftene viser mindre endring. 8,0 % av inntektene går med til å dekkje renter og avdrag. Dette er dobbelt så mykje som fylkeskommunane brukar i gjennomsnitt.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Hordaland har hatt god likviditet dei siste åra, sjølv om arbeidskapitalen er noko lågare enn landsgjennomsnittet.

Reservar i form av disposisjonsfond utgjer 2,5 % av driftsinntektene. Gjennomsnittet for fylkeskommunane er vesentleg høgare med 10,1 %.

Hordaland fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. I Hordaland går ein stadig aukande del av utgiftene til samferdsel. 40,2 % av brutto driftsutgifter gjekk i 2017 til samferdsel. Gjennomsnittleg brukte fylkeskommunane 31,2 % av driftsutgiftene til samferdselsføremål. For dei fleste andre sektorane ligg Hordaland lågare enn landsgjennomsnittet.

Kultur og idrett	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Netto driftsutg. til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutg.	3,2	3,1	2,1	2,5	2,0	2,5
Netto driftsutg. i alt til kultursektoren per innb. i kr	357	354	245	294	218	315
Netto driftsutg. bibliotek per innb. i kr	15	16	14	16	13	32
Netto driftsutg. museum per innb. i kr	92	94	94	97	93	97
Netto driftsutg. kunstformidling og produksjon per innb. i kr	80	85	91	96	146	137
Netto driftsutg. idrett per innb. i kr	91	79	-47	-18	-55	8
Netto driftsutg. andre kulturaktivitetar per innb. i kr	78	82	93	104	21	42
Brutto driftsutg. kultursektoren per innb. i kr	600	609	508	577	530	685

Vidaregående opplæring	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Brutto investeringsutgifter til utdanning, per innb.	1 177	1 332	1 500	1 059	890	1 154
Netto driftsutgifter til utdanning per innb. 16-18 år	150 253	157 049	158 678	159 318	162 290	168 509
Prosent netto driftsutgifter til utdanning av samla netto driftsutgifter	51,7	50,7	51,4	49,7	59,1	51,6
Prosent av personar 16-18-år som er i vidaregåande opplæring, bustadfylke	93,9	93,8	93,7	94,0	94,2	92,8
Prosent i vidaregående opplæring som er i opplæring i skule, bustadfylke	81,9	81,7	81,0	80,1	79,4	80,5
Prosent i vidaregående opplæring som er i opplæring i bedrift, bustadfylke	17,9	18,0	17,9	18,9	19,7	18,9
Prosent elevar og lærlingar som er i studieførebuande utdanningsprogram, bustadfylke	48,0	48,0	49,3	49,4	47,6	50,2
Prosent elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram, bustadfylke	52,0	52,0	50,7	50,6	52,4	49,8
Prosent elevar som går på skule utanfor bustadfylke	2,9	2,9	3,0	3,4	2,2	4,2
Prosent lærlingar som har lærepass utanfor bustadfylke	10,3	9,2	7,6	7,3	4,0	12,3
Elevar per skule, fylkeskommunale skular (vgo)	419	403	434	496	704	556
Prosent beståtte fag- og svenneprøver	91,4	90,9	89,6	90,0	93,3	93,5
Prosent elevar som har slutta i løpet av året - alle årstrinn	6,2	5,3	5,0	5,4	3,4	4,2
Ungdom 16-18 år, bustadsfylke	19 556	19 196	19 543	19 482	18 644	177 007
Lærlingar, nye siste år, bustadfylke	2 054	2 012	2 043	2 163	2 337	19 675
Elevar ved fylkeskommunale vidaregåande skular, skulefylke	18 010	17 732	17 785	17 375	17 591	165 751
Elevar ved private vidaregåande skular, skulefylke	2 839	2 921	2 984	2 942	1 780	12 282
Lærlingar, lærepassfylke	4 375	4 377	4 399	4 498	4 756	37 887

Samferdsel	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	4 180	4 341	4 390	4 649	3 246	4 251
Prosent nto. dr.utg. for samferdsel i alt av samla nto. dr.utg	37,6	37,7	37,8	38,9	30,0	34,0
Bto. inv.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	5 950	6 671	4 735	3 350	1 642	1 872
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegar	1 179	1 432	1 348	1 563	1 455	1 878
Bto. dr.utg. i kr pr. km. fylkesveg	207 020	252 075	237 643	275 665	276 229	206 429
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., bilruter	1 881	1 823	1 944	1 950	920	1 523
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegferjer	581	592	592	546	308	456
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., båtruter	254	259	233	243	317	281
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., transport for funksjonshemma	94	93	92	87	245	75
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., sporvegar og forstadsbaner	190	142	181	261	1	38

Tannhelsetenesta	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Netto driftsutg. tannhelse pr. innb. i kr	425	428	437	424	483	492
Netto driftsutg., tannhelsetenesta, i % av totale netto driftsutg.	3,8	3,7	3,8	3,5	4,5	3,9
Brutto driftsutg., tannhelsetenesta, pr. innb. i kr	610	614	643	632	727	704
Brutto investeringsutgifter, tannhelse, pr. innb. i kr	17	25	41	26	44	31
Prioriterte personar, prosent under off. tilsyn i tannhelseten.	92,9	94,8	93,9	89,5	91,7	88,0
Prioriterte personar, prosent undersøkt/behandla	60,5	61,8	61,7	52,0	71,9	61,6
Barn og ungdom 3-18 år, prosent undersøkt/ behandla	65,1	67,4	67,3	57,9	76,5	69,0
Ungdom 19-20 år, prosent undersøkt/behandla	45,2	40,9	45,1	35,9	69,6	44,4
Vaksne betalende klientell, prosent undersøkt/ behandla	5,4	5,4	5,2	2,5	10,1	5,6
Heile befolkninga, prosent undersøkt/behandla	19,8	20,1	19,9	15,5	26,7	20,4
12-åringar, prosent undersøkt i løpet av året	63,8	62,9	64,6	62,8	82,0	76,6



Foto: Morten Wanvik

Regional utvikling

Regional – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvalting gjennom handlingsretta planar.	Bidra til å implementere ny regional planstrategi.	Regional planstrategi 2016-2020 (Utviklingsplan for Hordaland) er under gjennomføring i tråd med vedtak i fylkestinget i desember 2016 og fire regionale planar blei vedtekne i 2017.
	Auke talet tilskot og prosjekt lokalisert i regionale senter.	Eit regionsenterforum er etablert mellom regionsenter-kommunar og fylkeskommunen. Ein intern regionsenter-ring i fylkeskommunen skal bidra til betre samordning av fylkeskommunal verksemd.
	Redusere klimautslepp i transportsektoren ved satsing på nullutslippteknologi og samordna areal- og transportplanlegging.	Hordaland heldt fram med satsinga på ladestasjonar og hadde framleis den høgaste delen elbilar i personbilsalet i landet. Grunna strenge utsleppskrav i nye ferjekontraktar vil ferjedrifta få ein utsleppsreduksjon på 90 % innan 2020.
	Dialogbasert oppfølging av arealretta regionale planar mot kommunane. For bergensområdet vil dette særskilt skje gjennom byutviklingsavtalen.	Testast ut i alle kommunar som har plan på høyring og Bergen kommune er først ute.
2. Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidsretta næringsliv.	Omrulling i petroleumsindustrien i Hordaland: Finansiere kompetanse-hevingsprosjekt og drive påverknadsarbeid. fylket og vidareutvikle satsinga på koman.no.	98 tilsegn vart tildelte til næring og samfunnsutvikling gjennom handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Prosjekt og tiltak som legg til rette for vekst i etablerte verksemder var særskilt prioriterte i 2017. 18 bedrifter på Vestlandet fekk støtte til forskingsbaserte omstellingsretta aktivitetar gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet.
		Hordaland fylkeskommune vidareførte omstellingsutvalet i Hordaland, som har ansvaret for å utvikle og setje i verk ein eigen strategi for omstellingsutfordringane i leverandørindustrien. Prosjekt som skal styrke bedrifter innan digitalisering har særskilt vorte prioriterte i omstellingsarbeidet.
		Hordaland fylkeskommune var sterkt delaktig i at eitt av dei sju prosjekta i Noregs Forskningsråd si støtteordning Kapasitetssløftet vart lagt til Hordaland.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
	<p>Styrke entreprenørskapssatsinga i fylket gjennom å utvide Etableresenteret til å gjelde heile fylket.</p>	23 kommunar inngikk samarbeid med fylkeskommunen om Etableresenteret, og i 2017 har 286 deltakarar gått på kurs i regi av Etableresenteret.
	<p>Utarbeide verktøy for å vurdere klima- og miljøeffekten i utviklingsprosjekt finansiert via HNH og omstillingssmidlar.</p>	Pågående.
	<p>Vidareutvikle næringsutviklingsprogrammet «Invest in Region Bergen», og utvide det til å gjelde for heile fylket.</p>	23 kommunar inngikk samarbeid med fylkeskommunen om Invest in Bergen. Programmet hadde seks etableringar i 2017.
3. Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile hordalands-samfunnet.	<p>Utarbeide ein plan som skal setje kurs og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland.</p>	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er utvikla i ein omfattande dialog med relevante aktørar.
	<p>Etablere og drive ein forskings- og innovasjonsverkstad for kommunane for å mobilisere til flere søknader til Regionalt forskningsfond og andre relevante forskingsprogram.</p>	I samarbeid med KS er det gjennomført to forskings- og innovasjonsverkstadar for kommunane.
	<p>Etablere strukturar, og byggje nettverk regionalt for å mobilisere til EU sitt forskingsprogram; Horisont 2020.</p>	Under leiing frå Hordaland fylkeskommune er det etablert ein «helpdesk» for EU-programmet Horisont 2020, samt eit EU-rådgivarnettverk som skal koordinere mobiliseringaktivitet inn mot Horisont 2020.
	<p>Utarbeide eit rådgjevingstilbod til kommunane og avdelingane i fylkesadministrasjonen for utvikling av prosjektsøknader til EU sine samarbeidsprogram (t.d. Interreg, Erasmus+ og Creative Europe).</p>	<p>Det er utarbeidd rutinar for utarbeiding av internasjonale samarbeidsprosjekt internt.</p> <p>Alle regionråda har fått tilbod om å vere med i ein fellessøknad til Erasmus+. Dette har generert nye samarbeidsprosjekt der kommunar i Hordaland deltar.</p>
	<p>Utarbeide interne rutinar for bestilling av statistikk og analysar for å sikre betre kvalitet og større eigenproduksjon.</p>	<p>I 2017 blei det utarbeidd 13 analyserapportar på bestilling frå fylkesdirektørane.</p> <p>I brukarundersøkinga 2017 er tilbakemeldinga frå dei aller fleste kommunane at kvaliteten på statistikk- og analysesetnestene frå HFK er høg.</p>

Driftsutgifter regional utvikling

REKNESKAP REGIONAL UTVIKLING (Heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Administrasjon	5 773	5 663	35
Diverse fellesutgifter	6 357	8 185	307
Tilrettelegging, støtte og finansieringsbistand for næringslivet	146 214	191 255	- 860
Lokal og regional utvikling	126 383	132 293	586
Andre føremål; ma. friluftsliv, vann, vilt og fisk.	1 503	1 228	- 5
Regional	286 230	338 624	64

Rekneskapen for regionalavdelinga er i balanse og i hovudsak i tråd med budsjettet. Avdelinga har god økonomistyring og mindre netto budsjettmessige avvik på dei ulike områda. Eit mindreforbruk knytt til regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling har samanheng med korte vakansar gjennom året og to eldre tilsegn som var trekte tilbake.

Trass i lågare statlege overføringer til næring og forsking, var det stor aktivitet i 2017. Her skjer utbetalingane på bakgrunn av rapportering fleire år etter at tilsegnene er gjevne, og vert finansierte ved bruk av bunde driftsfond. Regionalavdelinga reduserte utgiftene til administrasjon og leiing ytterlegare i 2017.

Planlegging

I 2017 hadde iverksetjing av utviklingsplanen for Hordaland og vedtekne regionale planar høg prioritet. Iverksetjing av Regional planstrategi blei formidla til alle relevante organ i fylket. Det er utvikla retningsliner for

regional planlegging som er nyttig i nye temaplanar og ved revisjon av planar og handlingsprogram. Planstrategien er innarbeidd i verksemestrategien, i budsjettforslag for 2018 og sakshandsamingsrutinar.

Regional planstrategi 2016-2020

Status for gjennomføring av regional planstrategi pr. 31.desember 2017.

Programfase	Planleggingsfase	V17	H17	V18	H18	V19	H19	V20	H20
Plannamn									
Regional plan for næringsutvikling									
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft									
Regional transportplan									
Regional klima- og energiplan									
Regional plan for vassregionen									
Regional plan for areal-, natur- og kulturressursar									
Regional plan for kraftutbygging									
Regional plan for Hardangervidda									
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet									
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger									
Regional plan for ny godshavn									

Framdrift av fleire regionale planar vil i 2018 bli drøfta og justerte i høve til tilsvarende planarbeid i Sogn og Fjordane fylke. Regional plan for ny godshavn vil bli påverka av avgjerd i regjeringa i samband med konseptvalutgreiing.

Fylkestinget vedtok i 2017 Areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Arbeidet med å gjennomføre areal- og transportplanen har starta med ulike tiltak, mellom anna byvekstavtale. Arealpolitikken er i ferd med å verte innarbeidd i kommunane sine arealplanar.

Arbeidet med revisjon av regional plan for Hardangervidda starta opp i 2017 begynte dessutan arbeidet med å utvikle eit revidert handlingsprogram for Regional plan for attraktive senter.

Samordna handsaming av kommunale arealplanar er krevjande. Det er lagt vekt på tidleg innspel i startfasen, dialog i konfliktfylte planar og klare tilrådingar i saker med regionale interesser. Regionalt planforum, der kommunane kan ha dialog med eit samla regionalt nivå, er no lovfesta og dei gode rutinane er oppretthaldne i Hordaland.

Fylkeskommunen bidrog i 2017 til plankompetanse i kommunane gjennom ulike tiltak – mellom anna fire plannettverksamlingar, plankonferanse med tema bustadplan-

legging, introduksjonsdag for nye planleggjarar og mentorordning i samarbeid med KS. Tiltaka hadde svært god oppslutning. Fylkeskommunen deltek i ei rekke forskings- og utviklingsprosjekt med sikte på betre planpraksis.

Kommunale planar – forslag på høyring

	2014	2015	2016	2017
Kommune(del)plan – arealdel – Motsegn i ()	12 (3)	15 (0)	10 (3)	11 (2)
Reguleringsplanar – Motsegn i ()	271 (7)	224 (1)	189 (3)	236 (1)

Næring

Fylkeskommunen har i 2017 prioritert å styrke dialogen med kommunane og næringslivet, der tiltak for omstilling i næringslivet og utvikling av attraktive regionale senter stod sentralt. Samarbeidet kring innovasjon og entreprenørskap fekk difor auka merksemd, med sikte på å få fleire næringsetableringar i fylket.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH) er den viktigaste reiskapen vår for å styre tildelinga av midlar. Over HNH-budsjettet har fylkeskommunen i 2017 gjeve tilsegn til 98 prosjekt og tiltak på nær 30 mill. kr. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er jamt over ikkje meir enn 30 prosent. Det bidrar til å utløyse mykje anna kapital.

HNH - budsjettet	Kommentarar	Løyvd (mill. kr)
Bedriftsretta verkemiddel	Forvalta av Innovasjon Norge	23,56
Tilrettelegging for næringsutvikling	Midlar ein kan søkje om til utviklingsprosjekt og øyremerkte midlar til samarbeidspartnrar og program	20,37
Regionale etablerarfond	Forvalta av regionråda	4,0
Omstilling	Midlar ein kan søkje om	5,33
Sum løyingar over HNH-budsjettet		53,26

I 2017 har det vore retta merksemd mot prosjekt og tiltak som skal medverke til vekst i etablerte verksemder. Av prosjekta som har fått støtte er mellom anna etablering av ein teknologi- og medieinkubator i Media City Bergen, eit akseleratorprogram for bedrifter i dei blå næringane og eit langsigkt kompetanseprogram for lokalmatprodusentar.

Næringane olje og gass, maritim, marin, reiseliv, kultur og media og landbruk, er peika på som særskilt viktige i Hordaland. Det vart difor gjeve flest tilsegner til prosjekt og tiltak som styrkjer og utviklar desse næringane i 2017.

For å sikre måloppnåing har det vore viktig for regionalavdelinga å jobbe gjennom ulike partnarskap. Partnarskapsarbeidet har i 2017 bidrege til å gje strategisk retning til ønskt samfunnsutvikling og sikra god samordning av samla offentleg innsats og verkemidlar.

Det vart det løyvd ca. tolv millionar kroner i partnarskapsmidlar til regionale næringsretta utviklingsaktørar i 2017. Desse tildelingane vart gjorde etter vedtak i fylkesutvalet, og midlane er nutta i tråd med partnarskapsavtalar med den einskilde aktør. Blant aktørane er mellom anna klyngene, inkubatorane og næringshagane i fylket, som vert vurderte som strategisk viktige samarbeidspartnarar for fylkeskommunen.

Å styrke kapasiteten på fiber i Hordaland er kritisk for næringss- og samfunnsutviklinga på Vestlandet. Det er mellom

anna løyvd midlar til eit samarbeidsprosjekt med aktørar i Rogaland. Hovudmålet er å etablere ein ny optisk fiberkabel mellom Vestlandet og Storbritannia. Dette kan skape betre vilkår for til dømes etablering av internasjonale datasenter i regionen. Fylkeskommunen har arbeidd mykje med dette temaet i 2017, mellom anna gjennom «Invest in Bergen».

Oljeprisen har hatt ei positiv utvikling i 2017. Dette har gjeve positive ringverknader i næringslivet, men det er likevel enno utfordringar knytte til arbeidsløyse og lågare aktivitet i næringslivet. Omstillingssarbeidet i Hordaland har mellom anna retta merksemd mot kompetanseutvikling i bedrifter og utfordringar knyttte til digitalisering.

Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling

Hordaland fylkeskommune skal stå fram som heilskapleg, samla og kraftfull i innsatsen sin retta mot regionsentera. I mars var den nyopprettet regionsenterringen med representantar frå fylkeskommunen sine relevante tenesteområde på synfaring av regionsenteret Straume. I mai vart forum for regionsenterkommunar etablert, med representantar for alle dei ti regionsenterkommunane, fylkesmannen, Statens vegvesen og HFK. Forumet skal leggje til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling, koordinera og samordna bruk av verkemiddel og ressursar.

Det er gjeve tilskot til regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling frå fire ulike tilskotsordningar. 16 av 40 prosjekt var i regionsenter. Midlar til ordninga «unike regionale utviklingsprosjekt» vart i 2017 løyvde for to år. Dette er svært ettertrakta investeringsmidlar, og det kom inn mange gode søknader. I tillegg har HFK i 2017 gitt brei fagleg støtte i prosjekta, organisert nettverksamlingar og anna kompetanseheving.

Sum løyving over budsjett	Tal prosjekt	LØYVD (mill.kr)	Utløyst (mill. kr)
Regional næring- og lokalsamfunnsutvikling	18	6,2	16,2
Partnarskap for kommune- og tettstadplanlegging	5	0,7	2,0
LivOGLyst	9	0,7	1,1
Unike regionale utviklingsprosjekt	8	14,9	196,0
SUM	40	27,4	215,3
Av dette tiltak/prosjekt til regionsenter	16	6,1	75,5



Foto: Morten Wanvik

Hurtigbåtar legg ut frå Leirvik på Stord.

Rett kompetanse

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft blei vedtatt i fylkestinget i oktober 2017. Dette er regionen sin nye kompetansepolitikk og resultat av godt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og relevante aktørar i regionen.

Det overordna målet i planen er betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland. Dette skal skje gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørene. Hordaland fylkeskommune er blant dei første fylka i landet som har utarbeidd ein slikt plan. Det gjennomgåande prinsippet i planen er at arbeidslivet sine behov i større grad skal leggjast på ved utvikling og dimensjonering av utdanningstilbod. Eitt av hovudmåla i planen er at innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing. Den 1. oktober blei Karriere Hordaland etablert og lagt til regionalavdelinga. Det nye tilbodet skal hjelpe vaksne i alle aldrar med å ta gode val for sin eigen karriere. I 2017 blei det etablert to nye karrieresenter, eitt i Bergen og eitt i Nordhordland, i tillegg til karrieresenteret i Sunnhordland.

Hordaland fylkeskommune har leia eit nasjonalt pilotprosjekt på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet om regionalt kompetansepolitisk arbeid. 17 av 19 fylkeskommunar har deltatt. Føremålet har vore å dele erfaringar og utvikle god praksis på dette feltet.

Folkehelse

Folkehelsearbeid handlar om samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkninga. I 2017 prioriterte vi arbeidet med kunnskapsbygging og erfaringsdeling gjennom nettverksamlingar og møteplassar for kommunane. 16 kommunar frå Hordaland deltok med støtte frå fylkeskommunen på ein nasjonal folkehelsekonferanse.

I 2017 har vi arbeidd særleg med Ungdataundersøkinga som gjev viktig informasjon om einsemd blant ungdom, familieøkonomi, trivsel i skulen med meir. Vi hadde eit stort løft på deltaking frå vidaregåande skular, særskilt frå skulane i Bergen. Gjennom regionale samlingar har vi sett Ungdata på dagsorden i kommunane for å bidra til at resultata blir nytta



Foto: Morten Wanvik

i lokal planlegging. I haust blei det utarbeidd kommunale rapportar basert på funn i undersøkinga. Desse blir publiserte tidleg 2018.

Hordaland er pilotfylke for gjennomføring av ei heildigital folkehelseundersøking retta mot den vaksne delen av innbyggjarane. Folkehelseinstituttet er prosjekteigar, undersøkinga blir gjennomført i 2018.

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd mellom fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dei viktigaste sakene rådet handssama i 2017 var regional cruisestrategi med handlingsprogram, prosjekt for tiltak mot marin forsøpling, hydrogensatsing i dei fire fylka, internasjonale relasjoner, fast sekretariatsfunksjon for Nordsjøkommisjonen, scenarioprosjekt for turisme på Vestlandet, innspel til Nasjonal Transportplan sitt handlingsprogram og ei rekke saker knytte til samfunnsutvikling i dei fire fylka.¹³

Forsking

Regionalt forskingsfond Vestlandet lyser ut midlar til prosjekt som bidrar til forskingsbasert innovasjon og verdiskaping i næringsliv og i kommunal sektor. Kunnskapsdepartementet styrkte i 2017 budsjettet til Regionalt forskingsfond Vestlandet med om lag fem millionar kroner for å bidra til omstilling i landsdelen. Desse midlane har forskingsfondet i hovudsak nytt til mindre og kvalifiserande prosjekt der bedrifter og kommunar raskt har kunne kome i gang med innovasjonsarbeidet.

Prosjekt	Tal tilsegn	Millionar kroner
Større prosjekt	11	31,7
Mindre og kvalifiserande prosjekt	35	15,3
Totalt	46	47,0
Av desse – prosjektansvarleg i Hordaland	17	17,1

I Forskningsrådet si regionale satsing på forsking i bedrift fekk to prosjekt i Hordaland støtte. Dei er leia av Hordaland fylkeskommune og skal mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene og bidra til fleire gode forskingssøknader innan berekraftig verdiskaping og «grøn» omstilling.

Fem forskingsprosjekt vart utvikla i 2017. I skarp konkurranse med andre regionar fekk UNI Resarch hausten 2017 tilsegn på eit «Kapasitetsløft for bærekraftig og innovativ sjømatproduksjon». Prosjektet skal utvikle ny kunnskap som næringslivet i regionen treng. Hordaland fylkeskommune bidro aktivt til utvikling av prosjektet.

Under leiing frå Hordaland fylkeskommune har fleire regionale aktørar gått saman om å etablere ein «helpdesk» for EU-programmet Horisont 2020, og like eins eit breitt regionalt nettverk med ei rekke samarbeidspartnarar. Målet er fleire gode søknader med deltakarar frå Hordaland. Vidare er det etablert eit EU-rådgjevnettverk som skal koordinere mobiliseringsaktivitet inn mot Horisont 2020.

Statistikk og analyse

Hordaland fylkeskommune hadde ein målsetnad om at eigenproduserte analysar skal utgjere 50 % av det totale volumet av analyserapportar i 2017. Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse utarbeidde i løpet av året 13 analyserapportar («AUD-rapportar»). Det er det dobbelte av talet på innkjøpte rapportar. Dette omfattar med anna analysar av nedbygd landbruksareal og tilgjengeleg areal i bustadregulerte område i kommunane, rapport om klima- og energistatus i Hordaland og evaluering av prøveordning med mobbeombod i vidaregåande skule. Høg kvalitet på grunnlagsdata og analysar er viktig for at desse skal ha relevans både internt og eksternt. I brukarundersøkinga er tilbakemeldinga frå dei aller fleste kommunane at kvaliteten på statistikk- og analysetenestene frå HFK er høg.

Internasjonalt samarbeid

I 2017 var det ein auke i gjennomføring av Erasmus+-prosjekt for tilsette, og enno større auke i tildelte prosjekt samanlikna med året før. Gjennom Erasmus+ og Aktiv Ungdom har vi sendt fleire ungdommar ut på arbeidspraksis i utlandet. Vi har òg mobilisert andre aktørar, som kommunar, NAV og frivillige organisasjoner til å nytte programma.

Hordaland fylkeskommune har teke initiativ til å utvikle eit samarbeidsprosjekt innanfor Interreg Nordsjøprogrammet om målretta kompetanseutvikling for å auke innovasjonspasiteten innan dei blå næringane/energinæringane, Prosjektet RIGHT (Right Skills For the Right Future) vart godkjent i første søknadsrunde i november 2017. Arbeidet held fram for å kunne levere ein full søknad i mars 2018. Interregprosjekt fører til nye partnarskap rundt Nordsjøen. Overføring av kunnskap og erfaring er også ein del av søknadsprosessen.

Hordaland fylkeskommune har delteke i arbeidsgruppemøte i Nordsjøkommisjonen i 2017, både med politikarar og fagansvarlege. Tema som Brexit og korleis det vil påverke det framtidige samarbeidet, er høgt på den politiske agendaen.



Foto: Stanley Hauge

Klima og miljø

Miljø- og klimafeltet har hatt høg politisk prioritet over fleire år. At klimabudsjettet i 2017 blei ein del av fylkesbudsjettet, var eit viktig grep for å løfte denne oppgåva høgare opp i verksemstdstyringa. I 2017 vart budsjettet auka frå seks til ti millionar kroner. Eit samråystes fylkesutval oppmoda også dei sju største industriverksemndene i Hordaland til å optimalisere drifta for å redusere utsleppa. Miljø- og klimavennlig alternativ til tradisjonelt drivstoff har hatt særleg høg prioritet i 2017.

Dei fleste av dei 32 tiltaka i Klimaplanens handlingsprogram for 2017 vart gjennomførte i tråd med planen. Transport er det største tiltaksområdet, både med omsyn til midlar og utsleppskutt. Midlar vart omdisponert i løpet av året slik at fylkeskommunen spissa satsinga inn mot transportfeltet. Etablering av hydrogenfylldestasjoner vert gjennomført med støtte frå ENOVA, slik at behovet for fylkeskommunal finansiering fell bort.

Offentlege anskaffingar er eit viktig verktøy for å påverke marknaden og samfunnsutviklinga i ønskt retning. Fylkeskommunen stilte strenge, ambisiøse utsleppskrav i dei nye kontraktane om ferjer som vart inngåtte i 2017. Alle dei

17 ferjesambanda i Hordaland skal i hovudsak få elektrisk batteridrift innan 2020, med samla utsleppsreduksjon på 90 prosent. Dette er ei kraftfull politisk prioritering, der fylkeskommunen får store kostnader til nye ferjer med ny og miljøvennlig teknologi og opprusting av ferjekaiar.

Hordaland har den høgaste delen elbilar i personbilsalet i Noreg. Dette har samanheng med god infrastruktur. Fylkeskommunen heldt fram satsinga på ladestasjonar i 2017: vi gav tilsegn til bygging av 27 nye hurtigladestasjonar og 82 normalladestasjonar. Fylkesutvalet vedtok vidare ein hydrogenstrategi. Fylket sin første hydrogenstasjon opna i Bergen i desember. Fylkeskommunen har kjøpt inn to hydrogenbilar for bruk i eiga verksemnd. Fylkesutvalet vedtok biogassstrategi for Hordaland. Fylkestinget vedtok dessutan temaplan for innfasing av nullutslepp og lågutsleppsteknologi for buss. Målsetjinga er at bussane i Bergen vert fossilfrie innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025. For ferje, buss og båt ventar fylkeskommunen ein reduksjon i utsleppa på 51 % mellom 2016 og 2021.

Hordaland fylkeskommune deltok i FoU-prosjektet «Hordaklim» der ein tok sikte på å skaffe nyttige klimadata til seks av dei største kommunane i fylket. I Klimarådet utveksla politikarar idear og erfaringar og kom med innspel

til nasjonale styresmakter. Dei hadde tre møte i 2017. Klimapartner Hordaland fortsette å vekse. Partharskapen mellom offentlege og private om kunnskapsutvikling og kompetanseheving talte 28 partnarar med nærmare 50 000 tilsette og 30 000 studentar.

Miljøprisen 2016 gjekk til Kenneth Bruvik for innsats mot marin forsøpling. Hordaland fylkeskommune løyvde kr 750 000 til arbeidet med å samle plastavfall.

Naturressursforvaltning

Naturressursforvaltinga i Hordaland skal vere langsiktig, berekraftig og heilskapleg. Fylkeskommunen har fleire lov-pålagte oppgåver med utøving av myndighet, rådgjeving og tilrettelegging. I tillegg kjem tiltak ut frå nasjonale forventningar, eller regionale prioriteringar.

Hordaland er eit stort akvakulturfylke. Det er ein nasjonal ambisjon at Noreg skal ha vidare berekraftig vekst i produksjonskapasitet og verdiskaping i næringa. Sakshandsaming av konsesjonssøknader var i tråd med forskrift. HFK følgjer opp arbeidet i vassregionen med eigen prosjekteiar i kvart av dei fem vassområda. I 2017 har arbeidet som vassregionmynde hovudsakleg dreidd seg om oppfølging av tiltak, mellom anna med midlar frå Miljødirektoratet som blei vidareutbetalt til kommunal sektor.

Dei fleste søknadene om utbygging av småkraftverk var i Odda og Voss kommunar. Administrasjonen har delteke på fleire synfaringar knytte til høyringssaker. HFK har også bidrege i eit samarbeidsprosjekt mellom NVE og Ukraina om forvalting av fornybar energi og utvikling av avgjerdsprosesser.

Årleg fordeling av søknadsbaserte tilskotsmidlar frå staten til viltformål vart gjort i politisk sak. Gjennom arbeid med prosjektet Forvaltning av hjortebestand kan Hordaland nå hovudregelen om bestandsforvaltning av hjort om få år, om alle kommunane er pådrivarar.

Bygging av ny E16/Vossebanen Arna-Stanghelle kan gje store overskotsmassar, som det no er ei utfordring å finne samfunnsvyttig bruk av. Gjennom klimatiltaksmidlar støtta fylkeskommunen i 2016 utarbeiding av rettleiaren «Jord-

massar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda» i regi av kommunane i Nordhordland. Fylkeskommunen er med som partnar i det nasjonale forskingsprosjektet «Kortreist Stein» (2016-2019). Hordaland er vidare det største skjel-sandfylket i landet, med årleg uttak på ca. 30 000 m³ dei seinare åra.

Løyve/konsesjon	Søknader	Innvilga
Utsetting av innlandsfisk	4	4
Inngrep i vassdrag	2	2 inngrep
Jakt på kystsel	21	21 – 4 havertar vart felte
Vasskraftverk under 1 MW	0	0
Akvakultur	87* nye søknader i 2017	85** løyve
Skjelsand	6 søknader om forlenging ligg til handsaming	konsesjonar

* 45 søknader ligg til handsaming ved utgangen av 2017.

** Desse er fordelte slik:

Matfisk av laks og aure (56), settjefisk av laks og aure (3), stamfisk av laks (2), oppdrett av laks og aure til forsking (10), oppdrett av laks og aure i slaktemerd (2), dyrking av tare (4), oppdrett av matfisk av torsk (1), oppdrett av marine fiskearter til forsking/undervisning (2), oppdrett av rognkjeks (2), oppdrett av skjel (2) og oppdrett av berggylt e(1).

Høringsuttaler	Tal
Utbygging småkraftverk	17 politisk handsama
Større tiltak i straumnettet	2



Foto: Sølve Dag Sondbo

Miljørekneskap

Miljørekneskap 2017

Hordaland fylkeskommune følgjer opp handlingsprogram for intern miljøstyring og er miljøsertifisert etter Miljøfyrtårnordninga og Grønt Flagg. Miljørekneskap for alle einingane for 2017 er publisert på nettsidene til Hordaland fylkeskommune.

Det totale utsleppet av CO₂-ekvivalentar frå verksemda til Hordaland fylkeskommune har gått ned 0,37 % til 129 288 tonn i 2017. Tala inkluderer rapporterte forbrukstal frå Skyss, men ikkje Bybanen AS.

Transporttenester frå Skyss står for størstedelen av klimagassutsleppa. Ferje står for 43 %, buss for 38 % og snøgg- og lokalbåt for 18 %. Utsleppa frå eiga verksemder står for 1 % av det totale CO₂-utsleppet. Dette inkluderer køyring med

tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser, fjernvarme og fossilt brensel i bygg.


Utslepp frå vegtrafikk i Hordaland

Sal av bensin og diesel gjekk ned med 3 % i Hordaland frå 2016 til 2017. Klimagassutsleppa frå vegtrafikken i Hordaland var på 850 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Den største kjelda er lette køyretøy som utgjer 74 % av utsleppa. Om lag 6 % kjem frå bussar i oppdrag for Skyss.


Eit større rutetilbod frå Skyss i 2017 førte til at utsleppa frå bussar auka med 2,4 % i høve til året før.

Klimagassutslepp frå
Hordaland fylkeskommune 2017



Totalsum: 129 288 tonn CO²- ekvivalentar

Estimerte klimagassutslepp
frå vegtrafikken i Hordaland



Totalsum: 850 000 tonn CO²- ekvivalentar



Nøkkeltal

Energibruk i fylkeskommunale bygg

- Til saman vart det nytta 58,2 millionar kWh til energi i bygg i Hordaland fylkeskommune. Dette er ein nedgang på 4 % frå året før.
- Energibruk knytt til oppvarming vil variere om det er eit kaldt eller varmt år. Dersom vi korrigerer for dette, vil det vere ein nedgang på 3% frå 2016 til 2017.
- Redusert bruk av oljefyr er den viktigaste årsaka til reduksjonen i stasjonær energibruk.
- Det er 14 % fall i bruken av olje til oppvarming frå 2016 til 2017.
- Tolv vidaregåande skular nytta framleis olje til fyring i 2017. Dette utgjorde 47 314 liter.

Reising i teneste

- I 2017 hadde Hordaland fylkeskommune 39 elbilar som erstattar fossile tenestebilar.
- Elbildelen til HFK har gått opp frå 14,6 % i 2016 til 16,0 % i 2017.
- Totalt har fylkeskommunen sine elbilar redusert klimagassutsleppa med 33,7 tonn i 2017. Elbilane kørde 220 000 km (83 000 km auke) i 2017.

- Bruk av privat, fossildrevne bil i tenesta vart redusert med 183 000 km. Det er ein nedgang på 10 %.
- Klimagassutsleppa frå flyreiser auka med 2,7 %, medan strekning reist med fly gjekk ned med 6914 kilometer.
- Elektroniske møte aukar. Skype har i stor grad har tatt over for videomøte, særleg i skulane.

Miljøsertifisering

- Totalt er 42 HFK-einingar sertifiserte som Miljøfyrtårn. Dette inkluderer 17 av 36 vidaregåande skular og 21 tannklinikkområde pluss Skyss, Bybanen utbygging og fylkeshuset.
- OT/PPT vart for første gong miljøsertifisert som ei samla eining i Miljøfyrtårn i 2017.
- Åtte vidaregåande skular er Grønt Flagg-sertifiserte.
- 78 av dei største leverandørane til Hordaland fylkeskommune er miljøsertifiserte. Det er ein auke på 8,3 % frå 2016.

Avfall

- Kjeldesorteringa har gått ned frå 36 % til 34 %, samstundes som den samla avfallsmengda auka med 3 %.



Foto: Morten Wanvik

Samferdsel

Samferdsel – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet.	a) Inngå bymiljøavtale med høgast mogleg statleg finansieringsdel for bybana. b) Arbeide for å auke statlege løyingar til å dekke etterslepet på fylkesvegnettet. c) Arbeide for betre grunnfinansiering for drift av kollektivtrafikk. d) Gjere faktabasert kunnskap om kollektivsystemet meir tilgjengeleg, ved å styrke analysekapasiteten i Skyss.	Utført. I prosess. Belønningsmidlar i byvekstavtalen 200 mill. kr per år. Gir ikkje rom for å styrke tilbodet. I prosess.
2. Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føresieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidsretta transportsystem.	a) Prioritere utbygging av gong- og sykkelvegnettet rundt viktige målepunkt for barn og unge, samt eit samanhengande sykkelvegnett rundt regionale knutepunkt. b) Gjennomføre nye ferjeanbod der det vert lagt til rette for meir miljøvenleg drift og fornying av ferjeflåten. c) Iverksetje og vidareføre auka ruteproduksjon inkludert Bybanen til Flesland. d) Vidareutvikle nye og eksisterande sals- og billetteringsløysingar, ved kompetanseheving i Skyss og kjøp av tenester eksternt. e) Gjennomføre tiltak knytt til skule-skyss og syte for individuelt tilrettelagt skuleskyss.	I prosess. Nye ferjekontraktar inngått med elektrifisering av alle samband. Det vert arbeidd med å få på plass fullfinansiering. Styrka rutetilbodet på stamlinjer og andre tunge linjer, samt styrking helg og kveld. I prosess. Det har over tid vore jobba med iverksetting av tiltaksplan etter forvalningsrevisjon frå 2016. Tiltaka har blant anna vore retta mot betre systemrutinar og retningslinjer for praktisering av regelverket som gjev rett til Skyss. Nokre få av tiltaka står att, og er forventa sluttført innan mai 2018.
3. Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald.	a) Sikre forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet, gjennom auka satsing på drift, vedlikehald og standardheving i drifts- og investeringsbudsjett.	I prosess.
4. Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk.	a) Følge opp strategi for innfartsparkering for bil og sykkel, gjennom oppretting av prosjekteiarstilling, utarbeidning av handlingsplan og iverksetting av tiltak. b) Bidra til etablering av bysykkelordning i Bergen. c) Utvikle linjenett og rutetilbod for å nå nullvekstmålet i trafikkplan for bergensområdet.	I prosess. I prosess. Passasjervekst på 5 prosent i 2017.

Driftsutgifter samferdsel

REKNESKAP SAMFERDSEL (Heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Skyss administrasjon og drift	138 037	144 980	- 1 731
Fylkesvegferjer	314 394	290 176	19 683
Bilruter	1 560 497	1 604 499	- 19 352
Båtruter	167 293	176 952	- 7 816
Bybanen	254 437	222 754	45 767
Transportordn. f.hemma	50 855	47 884	6 726
Vedlikehald fylkesvegar	591 992	581 909	- 40 400
Diverse transporttiltak	126 057	52 976	13 239
Skoleskyss vg.skole	30 788	29 996	1 582
Samferdsel	3 234 349	3 152 125	17 697

Resultatet for samferdsel i 2017 var 17,7 mill. kr i overskot. Kollektivtrafikken, som Skyss står for, kom ut med 36,6 mill. kr i overskot, medan dei andre delane av samferdsel hadde eit underskot på 18,9 mill. kr. Tabellen viser at vegvedlikehaldet hadde eit budsjettmessig meirforbruk på 40,4 mill. kr.

Kollektivtrafikken

Veksten i kollektivreiser heldt fram

Passasjerstatistikken for 2017 viser om lag fem prosent vekst i talet på kollektivreisande i Hordaland frå 2016. Samla for buss, båt og bane var det nærmare 70 millionar påstigande i 2017. Totalt var 88 % av reisene i bergensområdet. Påstigande på buss utgjorde 56,2 millionar. Bybanen heldt fram med positiv utvikling og hadde om lag 12,6 millionar påstigingar, ca. 18 % av kollektivreisene i fylket.

Passasjertala for 2017 er ikkje direkte samanliknbare med 2016. Skyss har teke i bruk ny og forbetra metodikk for berekning av tal passasjerar på buss og bybane, der tal frå automatisk teljing av passasjerane i køyretøyet er lagt til grunn. Berekna auke på fem prosent frå 2016 til 2017 tek omsyn til dette.

For fleire av båtsambanda i fylket har det vore vekst i talet på reisande. Samla auke var om lag 13 % frå 2016 til 2017. Båtrutene hadde ca. 1,1 millionar reisande i fjar.

Tal påstigande buss, bane, båt*

	2015	2016	2017	Endring 2016-17
Bergens-området	47 363 000	49 210 000	61 563 000	**
Hordaland total	54 265 000	56 380 000	69 863 000	**

*Båtruten Båtruta Kleppestø–Strandkaien inngår i påstigingstal for bergensområdet. Tal påstigande for Hordaland er inklusiv båtrutene Sunnhordland, Nordhordland og Austevoll. Dette er båtruter med bruttokontraktar, og tala er henta frå Skyss sin passasjerstatistikk.

** Ny reisetalmodell i 2017 basert på automatisk passasjerteljing. Reell auke i reisetal frå 2016 til 2017 er justert med omsyn til dette. Sjå tekst over.

Driftsart	2016	2017	Endring 2016-17
Buss	44 740 000	56 162 000	**
Bybanen	10 655 000	12 591 000	**
Båt*	984 000	1 110 000	+ 13 %
Totalt	56 380 000	69 863 000	

* Inkluderer Kleppestø–Strandkaien, Sunnhordland–Austevoll–Bergen, lokalbåtrute Austevoll og Knarvik–Frekhaug–Bergen. Dette er båtruter med bruttokontraktar, og tala er henta frå Skyss sin passasjerstatistikk.

** Ny reisetalmodell i 2017 basert på automatisk passasjerteljing. Reell auke i reisetal frå 2016 til 2017 er justert med hensyn omsyn til dette. Sjå tekst over.

Økonomiske nøkkeltal kollektiv

I 2017 var dei totale brutto kostnadane for drift av kollektivtrafikken 2 439 mill. kr. I høve rekneskapen for 2016 er det ein auke i brutto kostnader på vel 6 mill. kr.

Kostnader for bussdrift var i 2017 på 1 430 mill. kr og utgjer nærmare 60 prosent av totalkostnadene. Summen inkluderer skuleskyss utført med rutegåande buss.

Kostnadene til båt var på 177 mill. kr, om lag 10 mill. kr høgare enn i 2016, men om lag det same som i 2015. Variasjonen skuldast i hovudsak indeksreguleringar og prisjusteringar i høve kontraktar. Innsetting av større båt på Askøy-sambandet gav og ein ekstrakostnad i 2017.

For Bybanen og ferjene var kostnadene lågare enn året før. Bybanedrifta kosta 223 mill. kr og ferjedrifta 290 mill. kr. For ferjene skuldast nedgangen i hovudsak kontraktsmessige forhold og lågt nivå på endring i konsumpris- og ferjeindeks. Endringa for Bybanen skuldast eingongskostnader i 2016 knytte til byggjetrinn 3 og mellom anna flytting av depot.

Kostnaden til individuelt tilrettelagt skuleskyss var 174 mill. kr i 2017. Utviklinga siste åra har vist årleg vekst i behov for individuelt tilrettelagt skuleskyss, og dertil også kostnader kvart år. For noverande skuleår har denne trenden flata ut. I tillegg har systematisk arbeid med betre rutinar bidrege til at ein ikkje har fått den same kostnadsveksten som tidlegare år.

Kostnader til administrasjon og generell drift av Skyss, inkludert kundesenter og ulike IKT-system, var på 145 mill. kr i 2017 og utgjer om lag seks prosent av dei totale driftskostnadene med kollektivtrafikken.

Finansieringskjeldene til kollektivdrifta er billettinntekter og statlege belønningsmidlar. Dei samla inntektene i 2017 var 1 113 mill. kr, som er ein auke på omlag 46 millionar kronar i høve 2016.

Billettinntektene, inklusive inntekter frå skuleskyss, frå buss, bybane og båt var totalt på om lag 895 mill. kr i 2017. Dette er ein auke på vel 24 mill. kr i høve 2016. Buss og bybane hadde inntekter på 711 mill. kr, ein auke på tre prosent. Inntektsauken for båt utgjorde nær 3 mill. kr, det vil seie 7 % vekst.

Av belønningsmidlar vart det i 2017 fordelt 147 mill. kr til kollektivdrift. Av denne summen er 27 mill. kr overførte til 2018. Størstedelen av midlane er nytta til vidareføring av tidlegare iverksette tiltak. 15 mill. kr er nytta til styrkt rutetilbod (med heilårsverknad i 2018) og 45 mill. kr til drift av bybanen sitt siste byggjetrinn og også kostnader knyttet til lange bybanevogner.

Fylkeskommunen sine netto utgifter med kollektivtrafikken var på 1 326 mill. kr i 2017, om lag 40 mill. kr mindre enn året før og 36 mill. kr lågare enn budsjettet.

Bybanen til Bergen lufthavn

I april 2017 var siste byggjetrinn for Bybanen ferdigstilt, med Bergen lufthavn som endepunkt. Siste året er også kapasiteten på Bybanen styrkt, ved at alle vognene no er forlenga fra 32 til 42 meter.

Rutetilbodet er i all hovudsak vidareført som tidlegare, men med lengre strekning har ein fått eit noko kortare opphold om natta.



Auka kapasitet i bergensområdet

I 2017 vart det nytta belønningsmidlar til å styrke busstilbodet i Bergen. Bystamljinjene og andre linjer med mange reisande og kapasitetsproblem har vore prioriterte. Det er og sett inn fleire avgangar i helg og kveld på utvalde linjer.

Samla har auke i busstilbodet og forlenginga av Bybanen til Bergen lufthamn gjeve ei vesentleg styrking av kollektivtilbodet i Bergen. Likevel er det framleis fleire linjer med kapasitetsutfordringar.

I båtsambandet Kleppestø–Strandkaien har kapasiteten vore pressa på dei mest etterspurde avgangane. Våren 2017 vart det difor sett inn eit større fartøy i sambandet.

Start nytt anbod Sunnhordland

Frå juli 2017 starta ny kontrakt for bussdrift i Sunnhordland med Tide AS som er ny operatør. Rutetilbodet er i all hovudsak som før, men nokre justeringar er gjort i tråd med Trafikkplan Sunnhordland. Størst endring er forenkling av linjenettet i og rundt Leirvik, som gjev fleire direkte reisealternativ mellom bustadområde, større arbeidsplassar og tenestetilbod.

Betre informasjon til dei reisande

I 2017 vart det etablert digitale informasjonspunkt i Christies gate og Allehelgensgate i Bergen sentrum. Skjermane viser linje- og terminalkart, og vil på sikt kunne ha meir dynamisk innhald. I samband med opning av Bybanen til Bergen lufthamn vart det etablert tre informasjonspunkt på terminal 3. Det er og sett ut digitale informasjonsskjermar på haldeplassane Bergen lufthamn og Kokstadflaten.

For å betre handteringen av uføresette hendingar og informasjon ved avvik i kollektivtilbodet, har ein i løpet av året tatt i bruk nye funksjonar for å sende avviksmeldingar til sjåførar og kundar, med informasjonsskjermar i bussar og på bybanehaldeplassar.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Sykkel-VM i Bergen.

I løpet av 2017 vart det plassert ut digitale infoskjermar i totalt 64 bussar i bergensområdet. Strandkaiterminalen er oppgradert og har fått infosøyler og digital vising av rutetider.

Sykkel- VM

Sykkel-VM i Bergen 16.-24. september 2017 trekte til seg fleire hundre tusen publikumarar over ein periode på ti dagar, noko som stilte høge krav til avviklinga av kollektivtrafikken. Store delar av sentrum vart stengt, noko som kravde ei betydeleg omlegging av kollektivtilbodet.

I samarbeid med sentrale aktørar sikra ein at naudsynte framkomsttiltak og infrastrukturløysingar kom på plass. Skyss måtte styrke kollektivtilbodet på dei aktuelle dagane for å handtere mange fleire reisande under arrangementet. Omleggingane medførte og

omfattande informasjonsbehov – ein skulle nå ut til både dei som bur, jobbar og går på skule i byen i tillegg til dei som kom tilreisande. Etter VM fekk Skyss ei stor mengde positive tilbakemeldingar.

For september var det ein auke i billettinntekter på 14 % samanlikna med september 2016. Søndag 24. september blei det selt over 69 000 billetter. Dette er rekord for Skyss i tal selde billetter på ein dag.

Ei kundeundersøking i etterkant av arrangementet viste at to av tre nytta kollektivtransport i bergensområdet under sykkel-VM. Sju av ti svarte at dei hadde eit godt eller svært godt inntrykk av korleis rutetilbodet var tilrettelagt i perioden. Like mange svarte at dei hadde eit godt totalinntrykk av Skyss i perioden.

Sal og billettar

I 2017 selde Skyss totalt 12,1 millionar billettar, 91 prosent av desse var enkeltbillettar. Av samla omsetnad utgjer enkeltbillettar og periodekort 47 % kvar. Salet av mobilbillettar aukar framleis månad for månad.

Totalt i 2017 vart det sold 6,7 millionar mobilbilletter, ein auke frå 5,6 millionar i 2016. Ny månadsrekord vart sett i september med over 760 000 selde mobilbillettar. Ved utgangen av 2017 var Skyss sin billettapp lasta ned 438 000 gonger, mot 330 000 gonger året før.

Endring i prisar

Ved den årlege prisjusteringa 1. februar vart prisen for alle billettar for buss, bane og båt auka med eit gjennomsnitt på 2,3 %. Enkelbillett vaksen i 1-2 soner gjekk opp frå 36 til 37 kroner. Enkelbillett for barn og honnør auka frå 18 til 19 kroner. 30-dagars ungdomsbillett for heile Hordaland vart fem kroner dyrare, og kostar 365 kroner i 2017, samstundes vart aldersgrensa for ungdomsbillett utvida med eitt år frå 20 til 21 år.

I februar 2017 vart nattaksten fjerna. Tiltaket har gjeve vesentleg vekst i passasjertala på nattavgangane.

Forenkla takst- og sonestruktur

Fylkestinget har vedteke å redusere talet på takstsoner for kollektivtrafikken i fylket frå 470 til sju. Innføring skal skje frå 1. august 2018.

Ny takstsonestruktur er eit viktig tiltak for å gjøre det lettare å reise kollektivt i heile fylket. Målet med forenklinga er å få fleire kollektivreisande. Potensialet for auke i talet på reisande må sjåast i eit lengre tidsperspektiv, og i samband med utvikling av arbeids- og bustadmarknaden i heile regionen.

Modellen med sju soner er enkel å forstå, bruke og informere om. Dei aller fleste kollektivreisande, om lag 95 %, vil reise innanfor ei sone. Forenkla takstsoner gjer det mogleg å innføre mobilbillett for reisande i heile Hordaland, noko som er planlagt gjennomført i samband med ny sonestruktur.

Båtrutene

Etterspurnaden på båtruta Kleppestø–Strandkaien er framleis aukande. Større fartøy har gitt betre kapasitet og venta passasjervekst. Sykkel-VM bidrog og til gode passasjertal for september månad. I 2017 var det om lag 563 000 passasjerar med båtruta, ein vekst på 17 % frå 2016.

Passasjertalet på båtruta Knarvik–Frekhaug var på 137 000 i 2017, om lag 16 000 fleire reisande enn i 2016 – ein auke på 13 %. For begge bybåtsambanda er det ledig kapasitet, og relativt lågt belegg utanom rushtidene.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Strandkaiterminale.

Også turistruta i Hardanger, Sunnhordlandsruta og lokalbåten i Austevoll hadde passasjervekst i 2017.

Hausten 2017 vart Trafikkplan båt vedtatt i fylkestinget. Trafikkplanen legg grunnlag for komande nye transportanbod for båtsamband i fylket. Planen tar utgangspunkt i dagens båtsamband, og skal gje føringar for rutetilbodet på overordna nivå.

I Trafikkplan båt har ein sett på utsiktene til å redusere utslepp frå båtrutene. Konkret gjev planen tilrådingar for framtidige moglege løysingar for elektrifisering av Askøy-sambandet. Til grunn for tilrådingane ligg moglegheit for å auke kapasiteten på sambandet, med to båtar og høgare frekvens.

Ferjesambanda

Samla sett hadde fylkesvegferjene ein nedgang i personbileiningar på om lag to prosent frå 2016. Størst nedgang hadde sambanda Krokeide–Hufthamar, Hatvik–Venjaneset og Halhjem–Våge. Sambanda Masfjorden–Duesund og Klokkarvik–Hellestad viser og lågare tal personbileiningar. Variasjoner i ferjestatistikken frå år til år kan vere påverka av trafikale situasjonar som har innverknad på val av reiserute i eit område. Til dømes kan trafikknedgangen i tungtrafikken på sambandet Halhjem–Våge sjåast i samanheng med endra kjøretrasear, eller vere ein indikator på endringar i næringsutviklinga i regionen.

Også i 2017 har dei fleste ferjesambanda hatt ein regularitet på over 99 prosent. Unntaka er sambandet Krokeide–Hufthamar og Fedje–Sævrøy med regularitet på høvesvis 96 og 98 prosent.

Det er ein aukande del elbilar på dei fleste ferjesambanda. Unntaka er sambanda Skånevik–Matre–Utåker og Husavik–Sandvikvåg med ei nedgang på høvesvis fem og sju prosent. Samla var det om lag 115 000 elbilar på ferjene i 2017, noko som er 15 000 fleire enn det var i 2016. Dette er ein samla vekst på 15 %.

Nye ferjekontraktar

Skyss tildelte nye kontraktar for fylkesferjesambanda i 2016 og 2017. Dei 17 ferjesambanda er no fordelt på fem kontraktar som startar opp mellom 2018 og 2020.

Dei nye ferjeanboda vil føra til ein betydeleg reduksjon i miljøbelastinga frå ferjetransporten. Operatørane har samla sett forplikta seg til å redusere CO₂-utsleppet med over 90 prosent. Det svarar til det årlege CO₂-utsleppet frå 21 000 gjennomsnitts personbilar.



Foto: Morten Wanvik

Ved Hufthamar ferjekai i Austevoll.

Dei nye ferjekontraktane gjev vesentleg auke i driftskostnader, pluss investeringskostnader knytte til kaianlegg og infrastruktur. Kostnadsveksten for ferjene vil vere utforande for økonomien til fylkeskommunen i åra framover.

Lågare utslepp frå kollektivtrafikken

I oktober 2017 vart temaplan for låg- og nullutslepsteknologi for bussane i Hordaland vedteken i fylkestinget. Temaplanen følgjer opp kollektivstrategien med eit tydeleg ambisjonsnivå for utsleppsreduksjonar, basert på innføring av ny teknologi.

For å redusere klimapåverknaden frå busstrafikken vil ein – enkelt sagt – erstatte det fossile drivstoffet med fornybart (biodrivstoff) eller elektrifisere drifta. Temaplanen viser mogelege tiltak som gjev til saman 65 % lågare klimapåverknad mellom 2016 og 2025, og minst 40 prosent lågare klimapåverknad innan 2020. Med tiltaka som ligg i temaplanen, vil busstrafikken i Bergen bli fossilfri innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025. Temaplanen føreset finansiering frå Byvekstavtalen og Enova.

Det er i 2017 inngått ny kontrakt for bussdrift i Nordhordland med start august 2018 og med krav om 100 % fornybart og berekraftsertifisert drivstoff. Dette er første kontrakt med krav til drivstoffløsing som vil gje reduksjon i klimapåverknaden.

På bakgrunn av vedtak om utviding av trolleylinja er det fullført eit teknisk forprosjekt av Bybanen utbygging. Konklusjonen av forprosjektet var at ei utviding av linje 2 til Laksevåg kan gjerast med lading under køyring. Føresett finansiering av infrastrukturtiltaket kan ei forlenga trolleylinje vere på plass til oppstart av nye bussanbod i Bergen i 2020.

I tillegg er det identifisert potensial for elektrifisering av linjer med hurtiglading på endehaldeplass i områda Bergen sentrum og Bergen sør. Endeleg grad av elektrifisering vil vere avhengig av finansiering og tilrettelegging for eit utvida trolleyleidningsnett og tilgjengelege areal til lading på relevante haldeplassar og terminalar.

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedteke å innføre beredskapstakstar (femdobling av gjeldande bompengetakstar) med gratis kollektivtransport som tiltak på dagar med for høg luftureining. Skyss har arbeidd med å førebu korleis kollektivtransporten skal organiserast på slike dagar.

Skuleskyss

Skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve, og skuleskyssen er i stor grad dimensjonerande for kollektivtilbodet og bussmateriellet i mange av områda i fylket.

For skuleåret 2017/18 fekk 17 218 elevar i grunnskular i fylket innvilga skuleskyss. Av desse hadde 2 177 elevar tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløsing. Elevarane i vidaregåande skule nyttar som hovudregel 30-dagers ungdomsbillett til skuleskyssen. For dei som ikkje nyttar ungdomsbillett til skuleskyss fekk 3 436 innvilga gratis skuleskyss i 2017. Av desse hadde 566 elevar tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløsing.

Trenden med aukande ressursbehov for individuelt tilrettelagt skuleskyss har flata ut, men behovet vil kunne variere. Det er behov for betre samordning av start- og sluttider på skulane. Dette vil kunne gje store innsparinger på transportsida.

Etter ein forvalningsrevisjon av skuleskyssområdet i 2016, har det i 2017 vore arbeidd med å utarbeide betre system, rutinar og retningslinjer for praktisering av regelverket som gjev rett på skyss. Nokre betringstiltak er no rekna som ferdigstilte, medan andre krev kontinuerleg arbeid og forbetring.

Infrastruktur

Planlegging av Bybanen til Fyllingsdalen

Reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vart vedteken juni 2017, og førebuingane for bygging er i gang. Utbygging av bybanenettet mot vest skal sikre betre kollektivdekning av Haukeland sjukehus, byutviklingsområde på Mindemyren og i Fyllingsdalen. Planlagt byggestart er tidleg 2018, men allereie hausten 2017 starta arbeidet med utfylling i Store Lungegårdsvann.

I 2017 har Bergen kommune arbeidd med traséval for Bybanen mot Åsane (Vågsbotn). Formell start av reguleringsarbeidet vil skje når endeleg avgjerd om samla traséval er klar.

Innfartsparkering

Hordaland fylkeskommune har vedteke ein strategi for innfartsparkering fram mot 2030, og kommunane i Hordaland har sagt seg samde i hovudprinsippa. Strategien har eit delt fokus mellom Bergen og omlandskommunane. Arbeidet med å følgje opp strategien er godt i gang. I 2017 er det utarbeidd ein handlingsplan, med endeleg handsaming i fylkesutvalet våren 2018. Parallelt med utarbeidinga har samferdselsavdelinga jobba tett med omlandskommunane til Bergen, for å sikre fleire innfartsparkeringsplassar langs kollektivaksane mot Bergen sentrum. Gjennom 2017 auka talet på innfartsparkeringsplassar frå om lag 3370 til 3820 i bergensregionen, ein auke på 13,4 %. Målet er 6000 innfartsparkeringsplassar innan 2030.

I Bergen vert arbeidet med innfartsparkering koordinert med vidare utbygging av Bybanen. I samband med byggetrinn tre

til Flesland er det etablert 258 parkeringsplasser og innandørs sykkelparkering ved den nye terminalen i Birkelandsskiftet.

Sykkelparkering i Åsane, på Nesttun og Kleppestø stod ferdig i 2017. Innfartsparkering for sykkel skal dei neste åra etablerast på alle store kollektivknutepunkt i bergensområdet.

Opprusting haldeplassar og knutepunkt

Dei siste åra er det satsa stort på generell opprusting og universell utforming av haldeplassar og endehaldeplassar langs stamlinjene. I 2017 vart 32 haldeplassar rusta opp. Oppgraderinga inkluderer fysisk tilrettelegging for sanntidsinformasjon for dei reisande.

Gjennom Bergensprogrammet har opprusting av Sentrumsterminalen halde fram. Fleire tiltak har sidan 2015/2016 betra terminalforhold i Bergen – med universell og estetisk utforming og tilrettelegging for bussar og reisande. I 2017 er det etablert store venteskur med høg standard på Strandkaiterinalen og haldeplassen i Christiesgate. Oppgradering av Allehelgensgate er også gjennomført i 2017.

Forarbeid for å etablira nytt kollektivknutepunkt på Smelteverkstomta i Odda er i gang med mål om utbygging av sjølve

terminalområdet i 2019. Arbeidet med å oppgradere dagens sentrumshaldeplassar på Husnes til eit kollektivknutepunkt med gode kvalitetar starta i 2017. Utbygging vil skje gjennom Kvinnheradspakken.

Det vert arbeidd kontinuerleg med oppgradering av haldeplassar gjennom Bergensprogrammet, og denne satsinga vil halde fram i Miljøloftet. Tilsvarende arbeid vert også utført kontinuerleg i fylket utanfor Bergen. Arbeidet inkluderer trafikksikringstiltak og gang- og sykkeltiltak ved haldeplassar.

Framkomsttiltak for buss

Nytt kollektivfelt på Fv 540 mellom Allestadveien og Skarphaugen i Bergen opna i mars 2017. Dette var eit felles prosjekt som og omfatta sykkelveg med fortau langs same strekning. Kollektivfeltet sikrar bussane meir effektiv og føreseieleg framkomst inn mot knutepunktet Oasen terminal.

Utviding av Åsane terminal og innfartsparkering starta i 2017. Denne er ein del av ein større tiltakspakke for Åsaneområdet, som vert ferdigstilt før sommaren 2018.

Det er også gjennomført eit pilotprosjekt som gjev bussane større grad av prioritering ved signalregulerte kryss. Pilotprosjektet er etablert i Kringsjåveien, og føremålet er å sikre bussane meir føreseieleg og effektiv framkomst.



Innfartsparkering på Askøy.

Fylkesvegnettet

Fylkesvegnettet i Hordaland er på om lag 3000 km og 210 km gang- og sykkelveg.

Fylkestinget vedtok i juni Regional transportplan Hordaland 2018–2029 og i desember Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018–2029. I desse vert investeringsprosjekt og drifts- og vedlikehaldsprosjekt på fylkesvegnettet skisserte for kommande planperiode. Investeringsprogrammet har særleg fokus på vedlikehald framfor nybygg.

Drift og vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet i Hordaland. I 2016 vart dette kostnadsrekna til 7,3 milliardar kroner.

Til drift og vedlikehald vart det brukt totalt 581,7 mill. kr i 2017. Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det utbetalt 405,4 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 72,9 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 14,1 mill. kr til vegoppmerking. 56,9 mill. kr vart nytta til legging av nytt dekke. Det vart nytta 19,5 mill. kr til vedlikehald av dei ca. 1000 bruene på fylkesvegenettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drening, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. vart det nytta vel 12,9 mill. kr.

Investeringar

Det vart investert for 1 362 mill. kr i fylkesvegar i 2017 og 293 mill. kr til bybaneutbygging. Dei største vegprosjekta var Kvammapakken (54,9 mill. kr), Bømlopakken (107,1 mill. kr), Askøypakken (94,7 mill. kr), Nordhordlandspakken planlegging og prosjektering (17,5 mill. kr), Storskaret–Arefjordpollen (57,7 mill. kr), Grindavollen–Lepsøy (17,6 mill. kr).

I 2017 brukte ein for heile Hordaland 81,3 mill. kr til tiltak for auka trafikktryggleik. Dette inkluderer punktutbetringstiltak/skuleveg på fylkesvegane. Til kollektivtiltak vart det nytta 83,3 mill. kr og til gang- og sykkelveg 122,2 mill. kr. Til standardhevingstiltak med vedlikehaldskarakter vart det nytta 125,6 mill. kr. Til rassikring gjekk det med 54,9 mill. kr.

Bybanen Utbygging

I mars 2017 tok arbeidet med byggetrinnet 4 av bybaneutbygginga til på strekninga Bergen sentrum – Fyllingsdalen. Arbeidet starta med utfylling i Store Lungegårdsvannet.

Hovudramma for finansiering av byggetrinnet vart vedteken i Byvekstavtalen/Miljøløftet våren 2017 og i juni vart reguleringsplanen for strekninga vedtatt. Prosjekterings- og grunnervervsarbeid vart utført parallelt med reguleringsarbeidet. Frå hausten 2017 er prosjekteringsarbeidet i god gjenge.

På byggetrinnet 3 vart siste delen, Birkelandsskiftet – Flesland, opna i april 2017 og siste kunstverk på dette byggetrinnet vart innvia på Flesland i august.

Totalt vart det investert for 345 mill. kr i 2017, av dette 56 mill. kr på byggetrinnet 3 og 288 mill. kr på byggetrinnet 4.

Drosje-, selskapsvogn- og handikapløyve

Ved utgangen av 2017 var det 924 aktive drosjeløyve i heile Hordaland. Av desse var 224 reservedrosjeløyve. Løyvetalet i Bergen køyreområde er 705 og løyvehavarane må velje å knyte seg til ein av dei 6 drosjesentralane. Ein drosjesentral kan knyte til seg maksimalt 60 % av det totale løyvetalet i køyreområdet. Det vart levert inn 57 drosjeløyve i Hordaland i 2017, medan 56 drosjeløyve vart tildelt nye løyvehavarar.

Ved utgangen av 2017 var det 41 aktive selskapsvognløyve i Hordaland. Det vart tildelt 20 selskapsvognløyve, medan 1 selskapsvognløyve vart levert inn.

Det var 43 aktive løyve for transport for funksjonshemma, såkalla handikapløyve, fordelt på tre ulike føretak. Løyvetalet er uendra frå året før.

Transportordninga for funksjonshemma

Gjennom transportordninga for funksjonshemma vart det i 2017 utført 237 000 TT-turar med drosje, ein nedgang på 4,5 % i høve til 2016. TT-ordninga hadde 13 181 godkjente brukarar i Hordaland pr. 31. desember 2017. Personar som er tilsett i ein VTA-stilling (varig tilrettelagt arbeid), og som er godkjente TT-brukarar, kan søkje om arbeidskøyring. Ved utgangen av 2017 var 185 personar med i denne ordninga. Dei som er med i ordninga, betalar ein mindre eigendel.

Fylkeskommunen betalte ut 42,9 mill. kr til TT-ordninga i 2017, 2,8 mill. kr mindre enn i 2016.

Planar og avtalar

Nasjonal transportplan 2018–2029

Nasjonal transportplan vart lagt fram for Stortinget i februar 2017 gjennom Meld. St. 33 (2016-2017). Stortingsmeldinga inneholdt framlegg om oppstart av Rv 555 Sotrasambandet i første 6-årsperiode, medan E16 og Vossabana Arna–Stanghelle, E16 Arna–Vågsbotn, E134 Røldal–Seljestad og E16 Nærøydalen vart lagt inn med fullfinansiering i 2. periode (2024-29). Det vart lagt inn startløyving for E39 Hordfast, E39 Klauvaneset–Vågsbotn eller E134 Vågsli–Røldal. Hordaland fylkeskommune deltok i stortingshøyring ved fungerande fylkesordførar og leiar for miljø- og samferdselsutsvalet. Fylkestinget handsama handlingsprogram for NTP 2018–23



Foto: Stanley Hauge

Alversundbrua i Lindås kommune.

i desember 2017. I dette arbeidet koordinerte fylkeskommunen fråsegnar med kommunane. Det har ikkje vore teke stilling til korleis arbeidet med store samferdselsprosjekt og NTP-arbeidet skal organiserast frametter.

Belønningsmidlar og Miljøløftet

Hordaland fylkeskommune har saman med Bergen kommune for perioden 2015–2018 hatt ein fireårig avtale med Samferdselsdepartementet om tildeling frå «Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene». Avtalen gjeld i ho-

vudsak tiltak innanfor Bergen kommune sine grenser, og legg til grunn målet om nullvekst i personbiltrafikken.

For perioden 2015–2018 er det gjennom belønningsordninga tildelt ei samla løying på 724 mill. kr. Midlane vert fordelt

mellan ulike tiltaksområde, som t.d. tiltak for utvikling og styrking av kollektivtilbodet.

2018 er siste året for Belønningsavtalen og ordninga inngår no i Miljøløftet – den nye samferdselssatsinga i Bergen

som avløyser Bergensprogrammet. Miljøløftet består av byrekstavtale for Bergen og bypakke Bergen. Byrekstavtalen vart inngått i juni 2017 mellom Staten v/Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune (HFK). Bypakke Bergen vart vedtatt i Stortinget i desember 2017. Miljøløftet vert følgje opp gjennom fireårige handlingsprogram som vert rullert årleg.

Miljøløftet skal gje reinare luft, kortare bilkøar, mindre trafikkstøy og lågare klimautslapp. I satsinga inngår investeringar for 29 mrd. kr dei neste 20 åra, deriblant utbygging av bybane til Fyllingsdalen og Åsane, betre tilbod for buss, sykkel og gange og betre og tryggare vegar.

Midlar til drift av kollektivtransporten må rettast mot prosessane kring handlingsprogram for Miljøløftet, og vil vere avgjerande for finansiering av vidare utvikling og styrking av rutetilbodet i bergensområdet. Innføring av miljøtiltak for bussar og for bybåtsamband er og knytte opp mot finansiering gjennom Miljøløftet.

Byutgreiinga

Eit vilkår for å inngå byrekstavtale er at det skal bli utarbeidd ei byutgreiing som grunnlag for avtalen. Byutgreiinga er eit sentralt, fagleg grunnlag når reforhandling av eksisterande byrekstavtale finn stad i 2018, og vil også ligge til grunn for neste revisjon av Nasjonal transportplan (NTP).

Byutgreiinga for Bergen er utarbeidd av Statens vegvesen Region vest på oppdrag frå Vegdirektoratet, og vart ferdigstilt i desember 2017. HFK og dei andre partane i Miljøløftet har hatt ei viktig rolle i arbeidet. Utgreiinga viser verkemiddelpakkar som kan gje nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune.

Sykkelbyavtalar og statleg tilskotsordning

Sykkelbyavtalar er ein viktig del av det nasjonale arbeidet for å auke bruken av sykkel. Avtalane er eit trepartssamarbeid mellom kommune, fylkes-

komune og Statens vegvesen om å satse ekstra på tilrettelegging for sykkel som framkomstmiddel. Kommunane Stord og Bergen har hatt status som sykkelby i 4 år, og i desember 2017 vedtok fylkesutvalet å inngå tilsvarende avtale med Fjell kommune.

I statsbudsjettåret for 2017 vart det sett av 122,5 mill. kr i tilskot til gang- og sykkelvegar i kommunar og fylkeskommunar. Av desse fekk Hordaland fylkeskommune 8,07 mill. kr totalt, fordelt på sykkelvegprosjekt på Stord og Voss, pluss sykkelparkering ved vidaregåande skular.

Bompengereforma

Fylkeskommunen har i 2017 arbeidd med å gjennomføra bompengereforma. Målet er å gjere bompengesystemet meir brukarvenleg og å profesjonalisere og effektivisere innkrevjinga og finansforvaltninga av bompengar. Færre selskap saman med eit meir forenkla og harmonisert takst og rabattsystem, skal gjere bompengesystemet meir brukarvenleg. Det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS vart oppretta hausten 2016. I september 2017 kjøpte dette selskapet driftsselskapet BT Signaal AS. Den bompengerrelaterte verksemda i BT Signaal AS

vart fusjonert inn i Sørvest Bomvegselskap AS. Selskapet heiter Ferde AS frå 1.1.2018. I alt 22 eksisterande selskap og prosjekt er planlagte overført til dette regionale selskapet. Vidare skal alle nye bompengeprosjekt i regionen leggjast til Ferde.

Trafikksikring

I Hordaland er det møte- og utforkøyningsulukker som dominerer ulukkesbiletet, saman med ulukker med mijuke trafikantar.

Eit viktig halddningsskapande arbeid er konseptet Trafikk-sikker kommune. I november 2017 vart Bømlo godkjent som den fjerde trafikksikre kommunen i fylket.

Sjølv om talet på trafikkdrepne og skadde i trafikken varierer frå år til år, er trenden både for skadde, hardt skadde og drepne på veg nedover. Tolv personar blei drepne i trafikken i Hordaland i 2017. Til samanlikning mista sju personar livet i trafikken både i 2016 og 2015, 11 personar i 2014, 16 personar i 2013 og i 2012 var det 15 omkomne.



Foto: Morten Wanvik

Bompengar

Samla for alle bompengeprosjekta i Hordaland i 2017 vart det kravd inn 1133 mill. kr. Det er ein nedgang frå 2016 på 2,4 %. Trekkjer ein ut dei prosjekta som avslutta innkrevjinga i 2016, er det ein auke i inntektene på 0,2 %. Inntektene var dermed om lag uendra, men det var færre passeringar. Halsnøysambandet, Hardangerbrua og Jondalstunnelen har hatt størst vekst i trafikken med høvesvis 6,3 %, 5,3 % og 4,6 %.

Bompengeringen i Bergen registrerte 995 075 færre passeringar i 2017, ein nedgang på 2 %. Elbilpasseringane i Bomringen i Bergen utgjorde 13,6 % i 2017 mot 10,2 % i 2016. Askøyapakken har den største elbilandelen med 17,9 % i 2017 mot 13,4 % i 2016. Inntektene vokser likevel med 10,5 % grunna takstendring 22.1.2017. Den største prosentvise veksten i elbilpasseringar er på E134 Stordalstunnel med 73 %. Likevel utgjør elbilpasseringane her berre 1,2 %.

	Bompengar mill. kr			Køyretøy		
	2016	2017	Endring i %	2016	2017	Endring i %
Bompengeringen i Bergen	681,2	656,4	- 3,6 %	49 379 393	48 384 318	- 2,0 %
E39 over Stord*	23,0	-	-	973 325	-	-
Folgefonsstunnelen**	7,2	-	-	161 938	-	-
E134 Stordalstunnelen	25,0	25,7	2,8 %	661 890	667 448	0,8 %
Halsnøysambandet	22,2	22,3	0,6 %	360 788	383 507	6,3 %
Hardangerbrua	97,9	102,8	5,0 %	665 764	701 272	5,3 %
Austevollsbrua	18,9	19,7	4,4 %	347 001	330 890	- 4,6 %
Jondalstunnelen	16,9	17,6	4,0 %	200 833	210 046	4,6 %
Vossapakken	89,3	95,4	6,8 %	2 678 253	2 741 367	2,4 %
Kvammapakken	31,5	31,8	1,1 %	1 007 002	994 974	- 1,2 %
Gjermundshamn-Årsnes	5,7	6,2	8,8 %	244 653	248 510	1,6 %
Bømlopakken***	56,6	60,3	6,5 %	1 390 189	1 345 750	- 3,2 %
Askøyapakken	86,0	95,1	10,5 %	8 068 046	8 084 642	0,2 %
Sum	1161,4	1133,4	- 2,4 %	66 139 075	64 092 724	- 3,1 %

Kjelder: Ferde AS, Vegamot AS, Austevoll Bruselskap AS, Bømlo Vegselskap AS og Norled.

* Innkrevjinga var avslutta 31.12.2016

** Innkrevjinga vart avslutta 15. juni 2016

*** Tala frå Bømlo Vegselskap har og med seg tala for ferjesambandet Langevåg–Buavåg



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Fylkesvegopningiar 2017

17. februar: Lepsøyvegen i Os, fv. 158,
opna av fung. fylkesordførar Pål Kårbo
14. mars: Kollektivfelt og gang- og sykkelveg i Fyllingsdalen, fv. 540,
opna av fung. fylkesordførar Pål Kårbo og ordførar i Bergen Marte Mjøs Persen (Foto)
15. mai: Sykkelparkeringshus Åsane og Nesttun,
opna av nestleiar i utval for miljø og samferdsel Marte Hammer
27. juni: Bømlapakken, fv. 542 Stokkabekken–Siggjarvåg,
opna av fung. fylkesordførar Pål Kårbo
– Største prosjektet i Bømlapakken
– 8 km ny veg, med langsgåande gang- og sykkelveg
– På strekninga er det tre store kryss og seks busslommer
– I tillegg er det bygd venterom og terminal for kollektivtrafikk
29. juni: fv. 209 Storskaret–Arefjord, Fjell, ny veg, gang- og sykkelveg,
gangbru og rundkjøring,
opna av fung. fylkesordførar Pål Kårbo
7. september: Kirkevoll skole, ombygging til rundkjøring, undergang,
sykkelveg med fortau, opna av byråd i Bergen Anna Elisa Tryti



Foto: Morten Wænvik

Opplæring



Opplæring – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsordenen og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.	<p>Opplæringsavdelinga skal saman med Regionalavdelinga utarbeide Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.</p> <p>Vi skal styrke samhandlinga med opplæringskontora ved å gjennomføre og vidareutvikle dialogmøta. Vi skal også arrangere konferanse for yrkesfagskulane saman med opplæringskontora.</p>	<p>Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med handlingsplan er vedteken. Planen er ein reiskap for å styrke lokal eigarskap til utvikling av kompetanse. Handlingsplanen vert fortløpende implementert.</p> <p>Arbeidet er i gang. Konferansen vart gjennomført, og ny konferanse kjem i 2018.</p>
2. Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjennteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv.	Opplæring skal arbeide for å implementere vedtaka som er vert gjort i skulebruksplanen for perioden 2016–2030.	Oppfølging av tiltak i skulebruksplanen og tilpassing av tilbodsstrukturen er ein kontinuerleg prosess. Skulebruksplanen tar opp i seg vedtak om regionale kompetansesenter. Skulebruksplanen er betre forankra enn nokon gong.
	Ny senterstruktur for vaksenopplæringa vart vedteken innført frå 1.1.2016.	Ny senterstruktur i vaksenopplæringa var gjennomført 1. august 2017. For å sikre kvaliteten i vaksenopplæringa, er denne no implementert i VBV-arbeidet.
	Samarbeidsprosjekt i Nordhordland og Sunnhordland skal styrke samarbeid mellom skule og næringsliv.	Samarbeidsprosjekt i Nordhordland og Sunnhordland er starta, og er i utviklingsfase. Prosjekta skal prøve ut og evaluere modellar for integrert praksisopplæring i bedrift.
3. Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningars som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.	<p>Auka læringsutbytte og fullføring er hovudsatsingsområdet for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksamhet ved skulane skal bygge opp under dette. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt.</p> <p>Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for auka fullføring med bestått. Målepunkt for desse tiltaka vil vere andel som gjennomfører og består. I 2017 er målet at 75% av elevane skal bestå 5 år etter at dei byrja i vidaregåande skule.</p>	<p>Mange ulike tiltak og prosjekt for auka gjennomføringa er sett i gang. Både i høve til nasjonale og lokale måltal er gjennomføringa i vidaregåande opplæring for låg. Nøkkelen er betre gjennomføring på yrkesfag.</p> <p>70,4% av 2011-kullet fullførte og besto etter fem år.</p>

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
	Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 50 % av ungdomen i Hordaland vel yrkesfag på vg1. Målsettinga er at det i 2017 skal vere 48 % som vel yrkesfag på vg1.	2017/18 var det 57 % av vg1-elevane som byrja på yrkesfag (offentlege skular).
	Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 40 % av alle som tek til på yrkesfag i vg1, fullfører med fag- eller sveinebrev. Målet for 2017 er 34,5%.	Gjennomføringstala frå Udir syner at 57,2 % av dei som starta på eit yrkesfagleg løp i 2011 i Hordaland fullførte og bestod etter fem år. Tala seier ikkje kva sluttkompetanse dei fekk. Tal frå SSB syner at 33 % av dei som starta på eit yrkesfagleg løp i 2011 i Hordaland fullførte og besto med fag- eller sveinebrev etter fem år.
	Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at fleire elevar følgjer ordinær prosesjon i staden for å gjere omval, ikkje bestå, eller ikkje få vurdering. Fylkesrådmannen har sett inn store ressursar dei siste åra for å bidra til at fleire fullfører. Tiltaka er finansiert gjennom overføringer frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet.	Det har vore ei jamn auke i prosent elevar som fullfører og består alle fag. Frå 2013/14 til 2016/17 har tala vore høvesvis 78,5 %, 79,3 %, 81,3% og 81,8 %. Tal frå Udir syner at hordalandselevane i aukande grad følgjer ordinær prosesjon. Frå 2012 til 2016 har det vore ei auke frå 82,7 % til 86,2 % som følgjer ordinær prosesjon på Vg1, medan det for Vg2 har vore ein auke frå 79,5 % til 82,8 % i same periode.
	Hordaland fylkeskommune ønskjer å gje eit praktisk verktøy for å følgje opp og førebyggje at personar blir radikalisert. Han er retta mot tilsette i førstelinjenesten som grunnskule, vidaregåande skule, barnehagar, NAV, barnevern og liknande, men vil òg vere relevant for andre.	«Handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme» og «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» er vedtekne av fylkestinget.
	Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i planprosessar, tilsetningsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Temaplan for likeverd er ein generell plan mot mobbing og diskriminering som skal omhandle både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet.	

Driftsutgifter opplæring

REKNESKAP OPPLÆRING (Heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Administrasjon	10 961	13 193	2 054
Lokaler og internat	393 020	104 646	11 226
Fellesutgifter og støtte vgs	214 171	204 102	- 43 937
Pedagogisk ledelse og fellesutgifter	452 252	436 660	95 091
Utdanningsprogram vgs	1 300 922	1 289 412	- 37 059
Fagskole	105 557	108 978	4 875
Landslinjer	21 710	23 058	1 784
Oppfølgingstjenesten og PPT	44 020	43 377	131
Spesialundervisning	322 016	323 983	- 13 306
Fagopplæring	395 736	408 217	4 568
Voksenopplæring	59 943	59 272	- 6 450
Andre formål	198 425	191 340	- 3 555
Opplæring	3 518 733	3 206 238	15 423

Resultatet for opplæring i 2017 var eit overskot på 15,4 mill. kr. Skulane enda om lag i balanse i etter inntektsføring av tidlegare års opparbeidde fond. Budsjettområda utanom skulane hadde eit budsjettmessig mindre forbruk som gjorde at sektoren samla sett fekk overskot.

Den store endringa i bto rekneskap på lokale og internat er av rekneskapsteknisk karakter; ikkje ein stor nedgang i forbruket på området. Egedomsavdelinga har overteke ansvar og budsjett for lokale m.m.

Auka fullføring er eit hovudmål

Auka Læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. Inn-satsen frå skuleeigar og skulane er retta mot ungdommen og der dei til ei kvar tid er i opplæringsløpet.

I alt arbeidet fylkeskommunen gjer med auka fullføring, er det to pilarar som er viktige. Den eine er korleis vi kan førebyggje at elevar sluttar, og den andre er korleis vi kan tilbakeføre dei elevane som trass alle forsøk har sluttat i vidaregåande opplæring. Når ein vurderer kor mange av elevane som fullfører og består vidaregåande opplæring, måler ein frå dei startar i vidaregåande skule (Vg1) og fem år fram. For elevane som starta på Vg1 i ein offentleg vidaregåande skule i 2011, var det 70,4 % som hadde fullført og bestått innan fem år. Det er ein nedgang på 1,4 prosentpoeng frå førre periode og to prosentpoeng under nasjonalt snitt. Mange av elevane som ikkje har fullført og bestått, har ikkje sluttat, men manglar eitt eller fleire fag eller er framleis i opplæring. Totalt er det ein nedgang i prosentdel sluttarar frå 15,3% for 2010-kullet til 13,3% for 2011-kullet.

Målsettinga for fullføring over fem år var 75% i 2017. Gjennomføringstala for 2011-kullet viser at det framleis er behov for å halde fram eksisterande tiltak og setje i verk nye tiltak for at fleire elevar skal fullføre vidaregåande opplæring. For å styrke samhandlinga med regionalt arbeids- og næringsliv er prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» viderført. Målet er at fleire gjennomfører og fullfører læretida i bedrift. Av elevane som starta på eit yrkesfagleg løp på Vg1 i 2011, var det 34 % som hadde fullført med fag- eller sveinebrev fem år seinare. 26 % hadde fullført med studiekompetanse.

Ulik elevsamsetnad, tilgang til læreplassar, fagtradisjonar og tilknyting til arbeidslivet er viktige forklaringsfaktorar når ein skal forstå ulikskapen mellom i kor stor grad elevane fullfører og består på dei ulike utdanningsprogramma.

Gjennomføringstal, 2011-kull – offentlege skular	
Hordaland	70,4 %
Nasjonalt	72,4 %

Gjennomføringstal, Hordaland 2011-kull – offentlege skular	
Studieførebuande	86,1 %
Yrkesfag	57,2 %

Fagopplæring

Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet med om lag 4900 læringer. Det blei inngått 2293 nye lærekontraktar i 2017. Alle dei tre største faga (tømrar, helsefagarbeidar og elektrikar) hadde alle ein auke i 2017 med godt over 200 nye kontraktar kvar. Til saman auka talet på nye godkjente kontraktar med om lag 100 kontraktar i 2017. Talet har aldri vore så høgt. Det er no om lag 4900 løpende lærekontraktar i Hordaland.

Det blei gått opp til totalt 3150 fagprøvar fordelte på ulike opplæringsløp i Hordaland i 2017. Det er det høgste talet i fylket nokon gong og 89 fleire fagprøvar enn i 2016.



Stort behov for fagarbeidrarar

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er to hovudutfordringar knytte til dette. Den eine er bedriftene sitt behov for kompetent arbeidskraft, medan den andre er vilkåra ungdommene har for å kunne avslutte den utdanninga dei har starta på. Desse to hovudkomponentane spelar ikkje alltid saman. Det ser vi igjen i at det er bransjar og yrke som ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan det på andre område er populære fag der konkurransen om lærlingplassane ofte blir skarp. Det blir eit stort behov for fagarbeidrarar i nær framtid, og det legg press på både arbeidsliv og fylkeskommunen som skuleeigar, til å finne løysingar.

«Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

I 2017 gjekk startskotet for prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære». Den toårige forsøksordninga skal mellom anna gje betre overgangar for ungdom som skal begynne på vidaregåande skule og for dei som skal ut og ha opplæring i bedrift. Prosjektet skal styrke samhandlinga med regionalt arbeidsliv, utvikle nye metodar for formidling og system for formidling til lærepllass og sikre at fleire fullfører den yrkesfaglege utdanninga. Tett samarbeid mellom skule og bedrift er viktig for å få fleire lærebedrifter og læreplassar i fylket.

Yrkesfagkoordinatarar

I juni 2017 blei det tilsett fem yrkesfaglege koordinatorar på dei vidaregåande skulane Stord, Slåtthaug, Sotra, Årstad og Voss. Dei fem koordinatorane samarbeider tett med rektor, avdelingsleiarar, lærarar og elevtenesta på dei utvalde skulane. Målet er å få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket. Koordinatorane skal jobbe saman med skulane og bedriftene for å redusere talet på elevar som ikkje får lærepllass, og dei skal leggje til rette for møteplassar mellom skule, bedrift og elevar. Koordinatorane skal støtte elevane i deira arbeid med å få kjennskap til arbeidslivet og dessutan leggje til rette for at elevar blir utplasserte i bedrifter og ikkje minst støtte elevane som skal ut i lære.

Koordinatorane skal ha fokus på heile det fireårige utdanningsløpet og skape gode relasjonar, føreseielege rammer og ei fag- og yrkesopplæring som femnar om fleire enn i dag.

Lærepllasskonferansen

Hordaland fylkeskommune samarbeider tett med partane i arbeidslivet. «Aksjon Lærebedrift» er eit samarbeid med NHO Hordaland og LO Hordaland der målet er å auke talet på læreplassar i fylket. Samarbeidsprosjektet har gjennomført mange tiltak for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar og motivere fleire ungdommar til å velje yrkesfag. Det mest omfattande tiltaket er den årlege Lærepllasskonferansen som i februar 2017 blei opna av statsminister Erna Solberg. Konferansen samla om lag 1400 elevar i Grieghallen. Her fekk elevane snakke direkte med representantar frå bransjar

og bedrifter det kan vere aktuelt å jobbe i. Nytt av året var eit ekspertpanel som gav elevane råd om korleis ein skriv gode søknader, samt direkte tilbakemeldingar på elevane sine CV-ar.

Hordaland fylkeskommune samarbeider med over 2000 lærebedrifter og 43 opplæringskontor. Det arbeidet som bedriftene gjer, er heilt avgjerande for fylkeskommunen og ungdommene som er på veg inn i arbeidslivet.

Forskningsprosjekt

COMPLETE er eit forskningsprosjekt utvikla for å betre det psykososiale læringsmiljøet og bidra til auka gjennomføring og mindre fråvær i den vidaregåande skulen. COMPLETE er eit samarbeidsprosjekt mellom fylka Nordland, Troms, Sogn og Fjordane og Hordaland og institusjonane Universitetet i Bergen, Oxford Research, Nordlandsforskning, Organisasjonen Voksne for Barn og nærværsteama ved Bodin videregående skole i Bodø.

Prosjektet prøver ut to tiltak: «Drømmeskolen» og «Nær-værsteam». «Drømmeskolen» er eit universelt program som rettar seg mot alle elevane på skulen, medan Nær-værsteam er eit skuletiltak retta mot særleg utsette elevar med utfordringar i skulekvardagen. Begge tiltaka har fokus på meir systematisk arbeid for å fremje det psykososiale miljøet og å betre kontakten mellom tilsette og elevar i skulen. Målet er å skape eit læringsmiljø der elevane opplever tryggleik og tilhørsle, får brukt ressursane sine og fremje psykisk helse.

Elevmentorane er dei viktigaste aktørane i Drømmeskolen. Dei skal ha ei spesiell rolle som førebilete for andre elevar på skulen, og dei skal arbeide for at medelelevane skal kjenne seg trygge. Elevmentorane får opplæring og rettleiing i korleis dei kan bidra til at medelelevane kjenner seg sette og tatt vare på når dei er på skulen. Dei skal blant anna ta imot nye elevar når dei startar på skulen og lage aktivitetar på skulen som skapar inkluderande møteplassar.

I overkant av 2300 elevar i Vg1 ved 17 vidaregåande skular i fire fylke har vore med i studien skuleåret 2016-2017. I Hordaland er det seks skular som er med i prosjektet. Ein første delrapport som omhandlar funna etter det første året med tiltak, vil bli offentleggjort tidleg i 2018.

Fråværsgrensa

Frå 1. august 2016 blei det innført fråværsgrense for elevar i dei vidaregåande skulane. Elevar som har meir enn 10 % udokumentert fråvær i eit fag, vil ikkje få karakter i faget. Føremålet med innføring av fråværsgrense er å motivere elevane til jamm innsats og forhindre skulk. Det har vore ein stor nedgang i elevfråværet i Hordaland, som i resten av landet, etter innføring av fråværsgrensa. Dei fleste skulane gjev

tilbakemeldingar om at elevane har vore meir til stades i opplæringa det siste skuleåret. Nokre skular rapporterer også at fråværsgrensa er utfordrande for enkelte elevgrupper som av ulike årsaker ikkje greier å ha eit jamt oppmøte på skulen.

Alle utdanningsprogram har hatt ein nedgang i både dagfråvær og timefråvær det siste skuleåret. På studieførebuande utdanningsprogram i 2016-17 var det typiske dagfråværet i Hordaland 3 dagar og timefråværet 9 timer. Dette er likt med nasjonale tal. I Hordaland gjekk fråværet ned med 3 dagar og 2 timer frå året før. Dette utgjer ein nedgang på 50 % dagar og 18 % timer. På yrkesfaglege utdanningsprogram i Hordaland var det typiske fråværet i 2016-17 på 3 dagar og 6 timer, noko som er ein nedgang på 2 dagar og 5 timer frå skuleåret før. I prosent utgjer dette ein nedgang på 40 % dagar og 45,5 % timer.

Fråvær alle utdanningsprogram, dagfråvær og timefråvær:

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer
Hordaland	6	11	5	11	3	8
Nasjonalt	6	13	5	12	3	8

Median blir brukt i fråværsstatistikken, i tråd med korleis Utdanningsdirektoratet presenterer same data.

Utvikling i fråværet for elevar ved studieførebuande utdanningsprogram, dagfråvær og timefråvær:

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer
Hordaland	6	11	6	11	3	9
Nasjonalt	6	13	5	12	3	9

Utvikling i fråværet for elevar ved yrkesfaglege utdanningsprogram, dagfråvær og timefråvær:

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer	Median dagar	Median timer
Hordaland	6	11	5	11	3	6
Nasjonalt	6	13	6	12	3	7

Nettundervisning

Nettskulen tilbyr nettbasert undervisning for elevar i vidaregående opplæring i Hordaland fylkeskommune og har som formål å styrke alle skulane, og særskilt fagtilbodet i distrikta. Tilboda er følgjeleg retta mot programfag med få søkjrarar. I skuleåret 2017-18 er det 70 elevar som særleg tek fordjuping i språk på nettet. Faga er fransk nivå 3, spansk nivå 3, tysk nivå 3, kinesisk nivå 2 og 3 og japansk nivå 1.

Opplæringstilbod for minoritetsspråklege elevar

Hordaland fylkeskommune fekk i 2017 mange elevar til vidaregående opplæring med svært lite grunnskuleopplæring og med kort butid i landet. For å kunne gje eit tilbod til alle blei det derfor oppretta fleire innføringsklassar enn dei som allereie var planlagde. Innføringsklassar er eit tiltak som skal førebu dei minoritetsspråklege elevane på ordinær vidaregående opplæring. Ved skulestart i 2017 var det 250 minoritetsspråklege elevar i 17 innføringsklassar ved 10 skular i Hordaland, i tillegg til kombinasjonsklassen ved Fyllingsdalen videregående skole med 26 elevar. Elevane får undervisning i seks fag; norsk, matematikk, engelsk, samfunnsfag, naturfag og kroppsøving etter lokal læreplan for innføringsklassar i Hordaland.

Sidan 2007 har Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med Bergen kommune, hatt tilbod om informasjonsmøte for minoritetsspråklege søkerar til vidaregående opplæring. I januar 2017 blei det gjennomført tre informasjonsmøte med tolkar for desse søkerane og deira føresette, to i Bergen og eit på Voss. 160 elevar og føresette fekk informasjon om innsøking og vegval, omsett til 25 ulike språk. På Voss møtte elevar og deira føresette frå Granvin, Ulvik, Eidfjord, Vaksdal og Voss.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Skulefrukost

I Helsedirektoratet sine retningslinjer om mat i skulen – Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skulen (2015) blir det understreka at måltida er ein grunnleggjande faktor i eit læringsperspektiv. Dette fordi dei fremjar konsentrasjon og læring og bidrar til trivsel i skulekvardagen.

Etter politisk vedtak fekk Årstad videregående skole, som første skule i Hordaland, frå skulestart 2016 midlar til å tilby gratis skulefrukost, eit tilbod som har som mål å betre skule- og læringsmiljøet. I 2017 kom fleire skular med i ordninga med gratis skulefrukost, og totalt 21 skular hadde slikt tilbod ved utgangen av 2017. Eit organisert og sunt frukosttilbod før skulen begynner, er helsefremjande, og elevane samlast på ein arena som har som mål å vere både sosial og inkluderande. Fylkestinget vedtok i desember 2017 å auke midlane til gratis skulefrukost i dei vidaregåande skulane for 2018, og med det ei vidareføring av prosjektet. Følgjande er protokollført om skulefrukost: Fylkestinget si målsetting om at alle elevar skal få eit næringsrikt måltid i

løpet av skuledagen har fått veldig god mottaking og er eit helsefremjande tiltak.

NAV-rettleiarar

Sidan 2015 har Hordaland fylkeskommune deltatt i eit nasjonalt forsøk med NAV-rettleiarar i vidaregåande skule. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Arbeids- og velferdssdirektoratet og Utdanningsdirektoratet der ein testar ut ein ny modell for samarbeid mellom skulesektoren og NAV.

I Hordaland er det Årstad videregående skole som deltar i forsøket. To NAV-rettleiarar er knytte til elevtenesta saman med skulen sine rådgivarar, miljøarbeidsteamet, skulehelsetenesta, OT/PPT og minoritetsrådgivar. Hovudmålet er å bidra til å førebyggje fråfall og gje elevar som står i fare for å falle ut av skulen, råd og rettleiing ut frå Lov om sosiale tenester. Dette kan vere stønad til utdanning, økonomisk sosialhjelp, samarbeid med ansvarsgrupper, fastleggar, kartlegging av heimesituasjon og individuell plan. Forsøket blir

evaluert av AFI (Arbeidsforskinsinstituttet) og Høyskolen i Oslo og Akershus som skal levere ein rapport i 2018.

Tal på elevar som NAV-rettleiarane har hatt kontakt med sidan starten i 2015:

Skuleåret 2015-16	60 elevar
Skuleåret 2016-17	94 elevar
Skuleåret 2017-18	62 elevar

Hyssingen produksjonsskole

Fylkeskommunen har også ansvar for at ungdommar mellom 16 og 21 år som ikkje er i vidaregåande opplæring, skal få rettleiing og tilbod om opplæring eller arbeid.

Hyssingen produksjonsskole som no har lagt bak seg sitt tredje driftsår og er vel etablert som eit oppfølgingstiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Hyssingen er eit tilbod til ungdommar mellom 16 og 21 år som har slutta eller ikkje starta vidaregåande opplæring og som treng ein veg inn igjen i framtidens retta aktivitet.

Tiltaket gjev ungdom som har slutta på skulen, ein praktisk kvardag på fire ulike verkstader, der fokus er på danning, meistring og motivasjon til å komme seg i gang igjen med utdanning eller ut i arbeidslivet. Det er ein reell produksjon på verstadene, og Hyssingen har utvikla produkt og tenester som er blitt godt mottatt av kundar. Ungdommane får utvikle kompetanse gjennom praktisk arbeid, og dei lærer om spelereglane i arbeidslivet. Målet med tilboden er å gje ungdommane lyst, moglekeit og kompetanse til å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring eller kvalifisere seg til arbeidslivet.

Per oktober 2017 har 54 ungdommar fullført tida si på Hyssingen, der 85 % er vidareført til framtidsbyggjande aktivitet innanfor jobb eller utdanning. I tillegg er fleire ungdommar kartlagde og vidareførte til behandling for si psykiske helse.

Inkludering i staden for utanforskap

Eit trygt og godt skolemiljø er hovudkomponenten i elevane og lærlingane sitt læringsmiljø eller arbeidsmiljø. Å kjenne at ein er viktig i ein fellesskap, er avgjerande for både personleg utvikling og læring. Dette gjeld sjølvsagt elevar og lærlingar så vel som for skulen som eit heile. Elevar og lærlingar har fått eit styrkt vern gjennom ei fornying i opp-læringslova, der lovteksten i kapittelet som handlar om sku-

lemiljøet, er skjerpa. Ei aktivitetsplikt understrekar skulen si plikt til å både førebyggje og handle: gripe inn og varsle når elevar opplever å ikkje ha det trygt og godt på skulen. Når det er ein vaksen som er skuld i at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, er krava til å handle endå sterkare.

Hordaland fylkeskommune har gjennom planen Likeverd i Hordaland fylkeskommune (juni 2017) gitt retning til arbeidet med mangfold og likeverd, likestilling og inkludering. Planen understrekar at arbeidet handlar om meir enn det som kan nedfellast i planar og loverk. Eit kontinuerleg haldningsskapande arbeid både internt og i møte med elevar, foreldre og andre innbyggjarar er ein føresetnad for å lukkast med å skape betre læringsmiljø for barn og unge i skulen.

Mobbeombodet

I juni 2017 vedtok fylkestinget at mobbeombodet skulle vere ei fast ordning i Hordaland, etter å ha vore ei prosjektstilling frå hausten 2015.

Mobbeombodet har ein rettleiande og støttande funksjon for elevar, lærlingar og føresetje, men også overfor tilsette på skulane. Den andre hovuddelen av jobben er overfor skuleigar og skulane på systemnivå og gjeld førebygging og rutinar for handtering av saker. Mobbeombodet arbeider også for å setje mobbing som eit samfunnsproblem på dagsorden.

Mobbeombodet er på Snapchat (Mobbeombodet i Hordaland) og Facebook under www.facebook.com/mobbeombodet og arbeider aktivt for å spreie informasjon og kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar.

Dei fleste sakene til mobbeombodet blir melde via telefon, men nokre kjem også på e-post og Facebook. I hovudsak er det foreldre som tar kontakt, men nesten halvparten av sakene kjem frå skular som ønskjer råd. I 2017 kom det totalt 55 saker.

Saker melde til mobbeombodet :

År	Vidaregåande skule	Lær-lingar	Grunn-skule	Andre	Totalt
2015 (frå 01.08)	6	1	6	1	14
2016	25	2	6	4	37
2017	38	5	11	1	55

Elev- og lærlingombod

I januar 2017 fekk Hordaland fylkeskommune sitt første elev- og lærlingombod etter vedtak i fylkestinget våren 2016. Elev- og lærlingombodet skal arbeide på eit fritt og sjølvstendig grunnlag og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får rettane sine ivaretakne. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad. I 2017 har stillinga som elev- og lærlingombod vore lagt til opplæringsavdelinga, seksjon skule.

Elev- og lærlingombodet har sidan starten samarbeidd tett med mobbeombodet. Andre viktige samarbeidspartnarar har vore fagopplæringskontoret, opplæringskontor, elevinspektørane, elevorganisasjonen, kommunikasjonsseksjonen i fylkeskommunen, like eins samarbeidet med dei andre elev- og lærlingomboda i Noreg. Elev- og lærlingombodet har også brukt tid på å møte elevane og lærlingane der dei er, eksempelvis på samlingar med opplæringskontor eller på vidaregåande skular. Slik har elev- og lærlingombodet gitt informasjon på fleire arenaer i året som har gått.

Elev- og lærlingombodet fekk mange førespurnader og saker frå og om både elevar og lærlingar i 2017. Omlag 73 % av førespurnadene gjeld lærlingar og læretid. Spørsmåla og sakene er varierte og spørsmåla er knytte til opplæringslova, til arbeidsmiljølova og til korleis ein skal nå fram i systemet ein er en del av. Saker som omhandlar opplæring i bedrift og heving av lærekontrakt har vore mange i 2017, og ein ser allereie at både interne og eksterne samarbeidspartnarar viser til elev- og lærlingombodet når det dukkar opp spørsmål frå elevar og lærlingar.

Det har dessutan blitt oppretta «flyers» med informasjon om ombodet, nettside på www.hordaland.no/elev-og-lærlingombod og Facebookside: «Elev- og lærlingombodet i Hordaland».

Arbeidet mot radikalisering og ekstremisme

Fylkestinget vedtok i oktober 2017 «Handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme». Føremålet er å gje skulane kompetanse i førebygging - med vekt på demokratisk danning og inkludering. Det å forstå kva radikalisering er og kva for nokre prosessar som er rundt dette, er òg del av denne kompetansen. Skulane er den viktigaste arenaen i arbeidet for at alle elevar, uavhengig av kulturell bakgrunn og sosioøkonomiske forhold, både skal vernast mot diskriminering og bli respekterte og kjenne at dei hører til. Hendingar nasjonalt og internasjonalt med grobotn i ekstremisme og med terror som ein konsekvens, har gjort denne tematikken aktuell også i Hordaland. I tillegg til alt det inkluderande og førebyggande arbeidet som blir gjort i skulen, er det naudsint med spesifikk kunnskap om

fenomenet radikalisering, om risiko- og motivasjonsfaktorar, og kva ein gjer dersom ein blir bekymra for nokon.

Eit godt samarbeid med kompetansemiljø, med kommunar, politi og andre er heilt naudsint i arbeidet.

Saman med handlingsplanen er det laga ein rettleiar til bruk for skulane og andre som kan ha bruk for han. Rettleiaaren gjev råd til den som er bekymra for nokon, forklrarar omgrep, gjev kontaktinformasjon, men også historier fortalte av ungdom med erfaring frå radikaliseringss prosessar. Ungdommar som strevar med identiteten sin og ikkje kjenner seg som del av fellesskapen, er spesielt sårbar for skadeleg påverknad frå menneske som kan utnytte behovet deira for å høyre til.

Skulestruktur

Det viktigaste verktøyet i arbeidet med skulestrukturen i Hordaland er skulebruksplanen. Planen legg dei langsiktige føringane om korleis det vidaregåande opplæringstilbodet skal innrettast framover, og den representerer derfor Hordaland fylkeskommune si prioritering av større investeringar i skulebygg heilt fram til 2030. Det overordna målet for skulebruksplanen er å gje eit økonomisk berekraftig tilbod som er tilpassa til kvar elevane bur og til næringslivet og samfunnet sitt behov for kompetanse.

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen blir koordinerte gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen», som skal bidra til at Hordaland fylkeskommune følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i planen fram mot 2030. Nokre av vedtaka som blei følgde opp i 2017 omfattar:

Voss:

Det vidaregåande tilbodet ved Hjeltnes vidaregåande skule blei lagd ned i 2017, og tilboda blei flytta til Voss vidaregåande skule og Voss gymnas. Tilboda innan anleggsgarnar- og idrettsanleggsfag blei vidareførte ved Voss vidaregåande skule, medan blomsterdekoratørfaget blei starta opp igjen ved Voss gymnas ved skulestart i 2017.

Arbeidet med eit nybygg på Voss gymnas starta i 2015, og det blei ferdigstilt og tatt i bruk til skulestart i 2017. Rehabiliteringa av det gamle skulebygget blei sett i gang noko forseinka, og opninga av (nye) Voss gymnas er planlagt primo september 2018. Nybygget på Voss gymnas rommer flotte idrettsanlegg med idrettshall, turnhall, styrkerom og spinningsal, der det vil bli lagt til rette for sambruk med Voss kommune.

Då (nye) Voss gymnas blei planlagt, la Hordaland fylkeskommune (HFK) til rette for at skulen skulle kunne ha eit Newton-rom. Nybygget rommar derfor eit Newton-rom som er eit praktisk innreidd og teknologisk velutstyrt undervisningsrom der det skal vere fokus på naturfag, matematikk og teknologi. Arealet som til saman utgjer Newton-rommet,



Foto: Morten Wærvik

omfattar laboratorium, eit lite auditorium, førebuingsrom og eit utstillingsrom. Dette er det første Newton-rommet i Hordaland.

Dette er eit spennande prosjekt som allereie kan vise til positive effektar og ikkje minst gode tilbakemeldingar frå barn og ungdom som har deltatt i undervisninga hausten 2017. I tillegg er det eit flott døme på fruktbart samarbeid mellom fylkeskommune, kommune og private, ideelle aktørar.

Kvam:

Frå januar 2017 er dei to vidaregåande skulane i Kvam slått saman til ei økonomisk og administrativ eining under felles rektor og leiing. Namnet på den nye skulen er Kvam vidaregående skule.

Etne:

Etne vidaregående skule blei lagd ned i 2017, og skuletilbodet i Etne blei samordna med tilbodet ved Ølen vidaregående skule, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar.

Bergen:

U. Pihl vidaregående skole og Tertnes vidaregående skule blei slått saman til ei økonomisk og administrativ eining under felles rektor og leiing frå skulestart 2017. Idrettsfag frå U. Pihl vil bli overført til den nye Åsane vidaregående skole når den nye skulen står ferdig i 2020. Ved Bergen katedralskole har ein starta rehabilitering av hovudbygget

og klasseromsbygget i 2017, og rehabiliteringa er planlagd ferdigstilt i løpet av 2018.

Vaksenopplæring

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å legge til rette for at vaksne, som tidlegare ikkje har fullført vidaregående opplæring, får opplæring slik at dei oppnår studiekompetanse eller fagbrev.

Den nye senterstrukturen for vaksenopplæring var på plass i august 2017 og består no av fem vaksenopplæringssenter: Bergen katedralskole, Åsane vgs., Sotra vgs., Stord vgs. og Voss gymnas.

Vaksenopplæringa hadde i 2017 opplæring i 8 ulike yrkesfaglege utdanningsprogram, pluss studiekompetansefag. Totalt var det 1148 nye kursplassar fordelt på inntak våren 2017 og hausten 2017. Kursplassane fordelt seg på 40 % studiekompetansefag, 38 % helse- og oppvekstfag og 22 % andre yrkesfag. Vaksenopplæringa opplever ein aukande etterspurnad frå vaksne utan relevant yrkeserfaring eller utdanning. Desse må få eit meir omfattande opplæringsløp enn det som har vore vanleg tidlegare.

Retten til vidaregående opplæring blei frå 1. august 2017 utvida til å gje vaksne med vidaregående utdanning frå utlandet, som ikkje får godkjent denne som yrkeskompetanse eller studiekompetanse i Norge, rett til vidaregåande

utdanning, jf. opplæringslova § 4A-3. Det har vore mange med minoritetsbakgrunn som har søkt seg til vaksenopplæringa, og utvida vaksenrett vil venteleg auke etterspurnaden ytterlegare frå denne gruppa.

Samarbeid med bedrifter

Dei fem vaksenopplæringsentera har eit nært samarbeid med bedrifter og institusjonar i privat og offentleg sektor. Bedriftene er sentrale medspelarar for å motivere ufaglærte tilsette til å kome i gang med vidaregåande opplæring og for å leggje forholda til rette for best mogeleg gjennomføring av denne. I fleire fag rekrutterer vaksenopplæringsentera lærarkrefter frå bedriftene, enten fordi fagkompetansen ikkje lenger finst i skulen, eller også fordi ein vil styrkje opplæringsstilbodet med eit blanda lærarteam frå skule og frå bedrift. Dei kombinerte lærar- og instruktørteamna finn vi både i store fag som helsearbeidarfaget og i små fag som ikkje lenger finst i skulen, men som er sentrale for hordalandsindustrien, til dømes sjømatproduksjonsfaget. Det breie samarbeidet om opplæring av ufaglærte tilsette gjer at Hordaland fylkeskommune relativt raskt kan tilby arbeidslivet etterspurte opplæringsstilbod av gjennomgåande høg kvalitet.

Ein veg til jobb og integrering

NAV, Bergen kommune, og Hordaland fylkeskommune inngår i eit samarbeid om å gje flyktningar tilbod om opplæring i helsearbeidarfaget. Deltakarane går eit første år med norsk og generell helsefagleg opplæring og startar deretter eit vidaregåande opplæringsstilbod med kombinert skule og praksis fram til lærekontrakt og seinare fagbrev. Opplæ-

ringstilbodet hentar mykje av kvaliteten sin nettopp i den kombinerte opplæringa mellom teori og praksis. Integrering i det norske samfunnet gjennom yrkesfagleg og sosial samhandling er ein viktig sideeffekt av desse opplæringsstilboda.

Privatistar

Hordaland fylkeskommune arrangerer skriftleg og munnleg privatisteksamen i heile fylket. Dei siste tre åra har talet på privatistar og eksamenar vore stabilt. I 2017 arrangerte eksamenskontoret 18 807 privatisteksamenar i 529 ulike fag. Gjennomføringsprosenten har auka frå 72,2 til 75,1 prosent.

Fagskulen

Hausten 2017 var det 1022 elevar på Fagskolen i Hordaland og 69 på Hordaland helsefagskole.

I 2017 blei Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning handsama av Stortinget med ei rekke styrkjande tiltak for fagskulesektoren. Mellom anna skal ei fagskoleutdanning kallast høgare yrkesfagleg utdanning; fagskulepoeng blir endra til studiepoeng, og fagskulestudenter skal få medlemskap i ein studentsamskipnad. Regjeringsa vedtok også at finansieringa av fagskulesektoren skal løvvast over statsbudsjettet som eit øyremerk tilskot under Kunnskapsdepartementet, og at det årleg skal lysast ut midlar til kvalitetshavande tiltak i fagskulesektoren. Hordaland fylkeskommune sökte og fekk kvalitetsmidlar til to prosjekt på til saman 7,8 millionar kroner i 2017. Resultatet av desse prosjekta er ein ny elkraft-simulator og 10 digitale klasserom fordelt på Fagskolen i Hordaland sine seks studiestader.





Foto: Hordaland Teater, Andreas Roksvåg.

Kultur og idrett



Kultur og idrett – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikke starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog legge grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde.	Systematisk oppfølging av Regional kulturplan.	All tilskotsforvalting, oppgåveproduksjon, tiltak og prosjekt innretta for å understøtte planen. Gjennomført årleg rutine for planlegging og rapportering.
	Personalressursar for felles arbeid i avdelinga og planmessig oppfølging og rapportering.	Etablert arbeidsgruppe på tvers av avdelinga. (Månadleg oppfølging og rapportering.)
	Dialog med kultur- og idrettsfeltet i samarbeid med kommunane.	Dialogmøte med kommunane Felles koordinering i leiargruppa. Arrangert kultur- og idrettskonferanse.
	Samhandling med institusjonar og organisasjonar i fylket.	Gjennomført budsjett- og rapporteringsmøte med dei viktigaste kultur- og idrettsaktørane i fylket.
	Nasjonale og regionale nettverk innan fagområda våre.	Valt ut prioriterte fagnettverk for deltaking.
	Internasjonal strategi for HFK og vidareutvikle arbeidet i samarbeidsregionane.	Undersøkt aktuelle samarbeidstiltak mellom aktørar i Hordaland og samarbeidsregionane. Følgd opp pågåande samarbeid
2. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland.	Lokale, regionale og nasjonale interesser, ansvar og oppgåver på kultur- og idrettsfeltet.	Påbyrja strukturert og open prosess for avklaring av regionale interesser.
	Økonomisk prioritering, budsjettering og rapportering i verksemda.	Gjennomført prosessar for streng økonomisk prioritering, detaljert budsjettering og rapportering i verksemda. Grundige budsjettprosessar med god administrativ og politisk forankring.
	Administrative funksjonar i avdelinga.	Sentralisert og samordna driftsoppgåver. Felles driftsløysingar og sentralisering av tenester. Sams økonomisk ansvar på seksjonane (omlegging av driftsbudsjettet).
	Tilskotsforvaltinga.	Etablert effektive digitale løysingar på alle ordningar. Gjennomgang av tilskotsordninga. Digital søknadsportal, malar for skriving av tilskotssaker, brev, kontroll og rapportering. Merksemrd på politisk handsaming. God informasjon på heimesidene våre.
	Produksjon av politiske saksframlegg.	Etablere rettleiingsordning og kurs i skriving av politiske saker.
	Vedtaksoppfølging og kompetansebygging.	Bygd kompetanse for tydeleg og effektiv vedtaksoppfølging.
	Møte mellom politiske utval og regionale aktørar på kultur- og idrettsfeltet.	Gjennomført plan for møte mellom politiske utval og regionale aktørar på kultur- og idrettsfeltet. Planlagt og gjennomført utvalsreiser.
	Informasjon om HFK sine tilskotsordningar.	Etablert nettportal for alle ordningar med samordna og god informasjon.
	Kompetanseplan.	Utarbeide kompetanseutviklingsplan for avdelinga.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
	Kompetanse tiltak.	Jf. Kompetanseplan: Skrivekurs, innføringsprogram, e-læring, bruk av ressurspersonar på tvers av seksjonane.
	Særskild kompetansebygging.	Etablere ordningar for tilsette for kompetansebygging, skriving, akademisk merittering m.m.
	Rett og framtidssretta kompetanse for utvikling og rekruttering.	Jf. 2.3.1 Kompetanseplan som grunnlag for utvikling av tilsette og rekruttering av nye tilsette.
	Samhandling med regional-, opplærings-, eigedoms og samferdselsavdelinga.	1. årlege samhandlingsmøte med leirgruppene i regional-, opplærings-, eigedoms- og samferdselsavdelinga.
	Samarbeid på tvers av seksjonane.	Auka bruk av grupper for gjennomføring av oppgåver på tvers av seksjonar. Identifisert felles arbeidsområde.
	Sosiale aktiviteter og møtestader.	Fleire felles aktiviteter og møtestader (personalsamlingar og fagsamlingar). Auka trivsel.
	Seksjonar i andre avdelingar i HFK.	Seksjonar i andre avdelingar inviterte til å orientere på seksjonsmøta i KIA.
3. Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle.	Kvantitativ forvalting.	Utvikle og utgje Kulturstatistikk for Hordaland i samarbeid med FIA. Fleire kvantitative og evt. kvalitative oversyn frå kommunar, kulturliv mfl. (Kjelder: KOSTRA, Kulturrådet, Telemarksforsking, Askeladden mv).
	Fagrapportproduksjon.	Etablert standard og rutine for eigen fagrapportproduksjon. Utvikle mal og setje i gang.
	Faglege samarbeid mellom utdannings-institusjonane, forvaltinga og sivilsamfunnet.	Igangsette tiltak: Samspel Hordaland, Idrettscampus Bergen, Prosjekt Antidoping Norge, arkeologifagleg samarbeid med UiB, fadderordning innan arkeologi med UiB, vidareutdanning av skulebibliotekarar – HiS. Nasjonale og fylkeskommunale fagsamarbeid.
	Saksframlegg og politisk behandling.	Sikre at politiske saker er tilstrekkeleg og rett opplyste som grunnlag for politisk behandling og avgjerd.
	Mål og indikatorar.	Etablere klare mål og indikatorar for den regionale kulturförvaltinga.
	Verkemiddel.	Ha tydelege, lett tilgjengelege og treffande tilskotsordningar med klart regionalt fokus.
	Kompetanse til kulturlivet i Hordaland.	Kompetanse tiltak for kultur- og idrettsfeltet.
	Regional koordinering.	Sett tydeleg merksemd på regional koordinering og fokus.
	Utvikling og trendar på kultur og idrettsfeltet.	Godt orientert om utvikling og trendar på kultur og idrettsfeltet og med systematiske tiltak for «Omvärdsbevakning». Identifisere og ta del i utvalde nasjonale og internasjonale fora. Medviten plan for fagleg oppdatering.
	Digital kommunikasjon.	Prioritert tiltak for enkel, lett tilgjengeleg og god kommunikasjon på nett.
	Forvaltingsskikk.	Ha fokus på god forvaltingsskikk.
	Digitalt kunnskapsarkiv.	Etablere digitalt kunnskapsarkiv.

Driftsutgifter kultur og idrett

REKNESKAP KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA (Heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Administrasjon	8 196	6 802	2 193
Friluftsliv og miljø	15 660	17 990	200
Bibliotek	11 139	12 564	354
Kulturminneforvaltning	71 274	83 778	- 6 120
Musèer	49 168	49 942	0
Kunstformidling	87 556	86 078	360
Idrett	121 463	144 375	- 247
Andre kulturaktiviteter	78 284	76 421	561
Kultur	442 741	477 951	- 2 700

Resultatet for kultur og idrett i 2017 var eit underskot på 2,7 mill. kr. Hovudårsaka til underskotet ligg på området for arkeologiske undersøkingar. Største delen av idrettsmidlane gjeld utbetaling av spelemidlar til idretts- og friluftslivanlegg.

Kulturminnevern

Regionreform

Riksantikvaren har tilrådd at dei fleste statlege førstlinjeoppgåvene dei har ansvaret for, vert delegerte til fylkeskommunane. Framlegget inkluderer nye ansvarsområde og oppgåver: tilskotsforvaltning til fartøyvern, teknisk/industrielle kulturminne og brannsikring av tette trehusmiljø.

For staten sine bygningar, profane mellomalderbygg i tre og mellomalderruinar vert det rådd til at både dispensasjonsmynde og tilskotsforvaltninga skal overførast. Vidare vert det tilrådd at fylka får overført dispensasjonsmynde til inngrep i automatisk freda arkeologiske kulturminne og byanlegg frå mellomalder, kyrkjestader og kyrkjegarder, også vedtak om tilbakeføring av ulovleg oppførte byggverk/anlegg.

Arkeologiske funn og skjøtsel

I løpet av året er det gjort arkeologisk registreringar i 38 større plansaker og i åtte mindre private tiltak. Det var funn av automatisk freda kulturminne i 18 av dei førstnemnde sakene og eitt funn i dei private tiltaka.

Til saman vart det funne 37 lokalitetar frå førreformatorkisk tid i samband med dei arkeologiske registreringane. 15 funn

frå steinalder, åtte frå bronsealder, 12 frå jernalder og to frå mellomalder. Dei aller fleste lokalitetane er spor etter busetnad og åkerbruk, men det vart og funne ei gravrøys og eit fangstanlegg for rein. I tid spenner funna over ein periode på meir enn 5000 år.

Sverd og båtstamnar

Av innleverte funn er eit godt bevart sverd frå Birkeland på Osterøy. Sverdet er frå folkevandringstida, om lag 450 e. Kr. Eit anna særmerkt funn, som fekk stor merksemd, er dei to båtstamnane frå Ask på Hatlestrand i Kvinnherad. Stamnane er av eik, og C14dateringa viser at trevyrket vart høgt mellom år 1025 og 1160. Truleg vart det laga til medan anten Harald Hardråde, Olav Kyrre eller Magnus Berrføtt var konge i Noreg.

Bevaring og tilgjenge

I 2017 vart det tildelt 363 000 kr i statlege midlar til tre prosjekt gjennom bevaringsprogramma for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) og for bergkunst (BERG). Målet er å bevare og gjøre stadene betre tilgjengelege. Hordaland fylkeskommune har i tillegg vedteke stønad på 400 000 kr til Steinalderstien i Fosnstraumen i Austrheim. Målet er universell tilkomst til eit natur- og kulturmiljø, som var ein viktig buplass i steinalderen.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Arkeologisk funn: Båtstamnar funne i Kvinnherad.

Ordninga med hospitering vart vidareført, som eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen. Åtte masterstudentar i arkeologi deltok.

Kulturminneplan for Hardangervidda

Hordaland fylkeskommune har prosjektansvaret for «Kulturminneplan Hardangervidda nasjonalpark og verneområde». Arbeidet starta i 2010, og det har deltaking frå fylkesmennene, Buskerud, Telemark og Hordaland fylkeskommunar, sju kommunar, Statens Naturoppsyn, grunneigarar og Statskog. Planen skal ferdigstilla i 2018.

Kulturminnekompesanse i kommunane 2013–2017

Kommunane i Hordaland har kome langt med kulturminneplanarbeid. Prosjektet er eit samarbeid med kommunane og Riksantikvaren for å utvikle og styrke lokal kulturminnekompesanse i Hordaland. Målet er mellom anna å styrke innbyggjarane sin eigarskap til kulturminna.

Bygningsvern og istandsetjing

Hordaland fylkeskommune er forvaltingsmynde for over 160 freda anlegg med i alt rundt 550 bygningar. Fredingsforslag for Kong Oscars gate 70 i Bergen er sendt på offentleg høyring, medan Riksantikvaren har fatta fredingsvedtak i tre saker i Bergen som er førebudde av Hordaland fylkeskommune: Forum kino, Sandviksbodene 3 A og Sandviksbodene 78 B.

Hordaland fylkeskommune forvaltar både statlege og fylkeskommunale tilskot til kulturminne. I 2017 var det fordelt 12,5 mill. kr til 40 freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige. I tillegg vart det gjeve 992 000 kr i tilskot til restaurering av 41 verneverdige bygg og bygningsmiljø.

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig program for verdsarvstaden Bryggen, og det omfattar både kulturlaga og bygningane på staden. Fylkeskommunen forvaltar mesteparten av statsmidlane til prosjektet. I 2017 vart 13,4 mill. kr fordelt til istandsetjing og sikring av bygningar og til fellesoppgåver. Ein bygning i Bellgården vart ferdig sett i stand. På fire frontbygningane i Svensgården og Bredsgården vart istandsetjinga ført vidare.

Fartøyvern

25 verna fartøy fekk tilskot til sikring og istandsetjing. I tillegg fekk 11 verna fartøy tilskot til forvalting og drift gjennom ei nyoppretta tilskotsordning. Større fartøy med status som freda eller verneverdige, kan søkje om midlar til å dekke utgifter som er ein føresetnad for/konsekvens av at fartøya er i drift: periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedeler, naudsynste kurs for mannskap med meir. I alt vart det gjennom tilskotsordningane fordelt 1,72 mill. kr til sikring og istandsetjing av verna fartøy og 1,62 mill. kr til forvalting og drift av verna fartøy.



Foto: Stanley Hauge

Veteranbåten Granvin.

Evaluering av museumsreforma

Hordaland sin museumspolitikk er knytt opp mot dei ti konsoliderte musea, som er eit resultat av den nasjonale museumsreforma på 2000-talet. Agderforskning har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune gjennomført evaluering av reforma i fylket. I tillegg til det ordinære driftstilskotet er tilskotsordninga «Museumsløft» eit viktig verkemiddel i fylkeskommunen sin museumspolitikk. Ein avtale om konsolidering mellom Bergen Sjøfartsmuseum og Museum Vest er underskriven.

Kunstformidling

Kunst i offentlege rom

Hordaland fylkeskommune har dei siste ti åra hatt ei offensiv satsing på kunst i offentleg rom/kunstnarleg utsmykking. For nye skular og ved større ombyggingar skal 1,2 prosent av totalentreissen setjast av til kunst. Den største skulesatsinga i 2017 var ny vidaregåande skule og kulturhus i Åsane, der ein har fått midlar frå statens organ for kunst i offentleg rom: KORO. Forprosjektet skal mellom anna prøve ut nye måtar å engasjere elevar og andre brukarar i kunstprosjekt.

Bybanekunst har også gjennom fleire år vore ei viktig kunstsatsing for HFK. Arbeidet med kunst til traseen frå Bergen




Foto: Morten Wanvik

Kunst lags Bybanen til Flesland.

sentrum til Flesland vart avslutta, med det siste og niande verket: Anders Sletvold Moe sitt «Modulære refleksjoner» på stoppet på flyplassen. Samtidig starta kunstkomiteen for traseen Bergen sentrum – Fyllingsdalen arbeidet med å planleggje nye kunstprosjekt.

Fylkesmusikarane

Reidun Horvei, folkesong/kveding, og Frank Henrik Rolland, hardingfele, er fylkesmusikarar i Hordaland. Føremålet med fylkesmusikarordninga er å vidareføre folkemusikktradisjonane i fylket, synleggjere og auke interessa for folkemusikk og gjere den tilgjengeleg for folk flest.

Kunst- og kulturformidling i skulen

Elevar i grunnskular og vidaregåande skular i heile fylket møtte også i 2017 utøvarar innan eit mangfold av kunstnarlege og kulturelle uttrykk gjennom Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram.

Kulturtanken tildelte Hordaland fylkeskommune om lag 12,5 mill. kr av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2017–2018, og om lag 9 mill. kr til skulekonsertar i grunnskulen for kalenderåret 2017. Inkludert i summen til skulekonsertar var midlar som følgde med at ansvar for det totale musikkvolumet vart overført frå Kulturtanken til Hordaland fylkeskommune.

Av spelemidlane til Den kulturelle skolesekken vart rundt 4 mill. kr fordelte vidare til kursregionane og kommunane utanom Bergen. Resten av spelemidlane og midlar til skulekonsertar nyttja Hordaland fylkeskommune på 59 produksjonar til grunnskulen, 13 til vidaregåande skule og 4 produksjonar som vart formidla på bokbåten Epos. Totalt var om lag 210 utøvarar engasjerte. Bergen kommune vart frå skuleåret 2017–2018 tildelt spelemidlar til Den kulturelle skolesekken direkte frå Kulturtanken.

UKM – Ung Kultur Møtest

Gjennom meir enn 30 år har UKM utvikla seg til ei viktig sat sing på barne- og ungdomskultur. Hordaland fylkeskommune har ansvar for UKM regionalt. I april vart UKM-festivalen arrangert på USF Verftet med AKKS Bergen som produsent. Deltakarane fekk tilbod om verkstader innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar, scenemeistring, media, litteratur og kunst. Ungdomsmedverknad har vore høgt prioritert, og ein verkstad for unge arrangørar vart gjennomført ei helg i mars.

På lokalplan engasjerte UKM 827 unge rundt om i heile fylket. På UKM-festivalen i Hordaland deltok 245 ungdommar fordelte på 140 innslag. Under UKM-landsfestivalen i Sandnes deltok om lag 550 ungdommar, og 30 represen terte Hordaland.

Stipend for gateaktivitet

Bergen Style Bomber opna fylkestinget i desember og vart tildelt det første stipend innan gateaktivitet. Målet med stipendet er å gje ein person, ei gruppe eller eit miljø høve til å vidareutvikle seg. Stipendet er på 30 000 kr.

Fylkesbiblioteket

Program for modellbibliotek – utvikling av moderne folkebibliotek

Med midlar frå prosjektet «Sterk, spenstig og klar», i tillegg til løyingar over det fylkeskommunale budsjettet, vart modellbibliotekprogrammet videreført. Spleiselaget mellom stat, fylke og kommune er eit fruktbart samarbeid for å utvikle moderne folkebiblioteklokale og betre tenester. Frå 2014 til 2017 har 15 kommunar vore med i programmet. 13 av desse har fått tilskot på 100 000 kr frå fylkeskommunen. To bibliotek har berre fått tilskot til interiørarkitekt. Alle får aktiv fagleg assistanse av fylkesbiblioteket. Seks av biblioteka er meirogne bibliotek, der brukarane kan kome inn utanom betent opningstid. Ni bibliotek er ferdig moderniserte gjennom prosjektet. I 2017 opna Fitjar, Samnanger og Fedje sine oppgraderte bibliotek.

Folkebiblioteka møter publikum på nettet

Fylkesbiblioteket har ansvar for utvikling av nettstader til 18 kommunale bibliotek. I 2017 fekk ein støtte på 300 000 kr frå Nasjonalbiblioteket, som skal nyttast til å utvikle innhald på biblioteknettstadene.

Biblioteka i kommunane, utanom Bergen, er saman med dei vidaregåande skulane i Hordaland med i eit konsortium for digitale ressursar, som vert administrert av fylkeskommunen. Det vart lånt ut 24 578 e-bøker i 2017, som er ein auke på 9 %. Bruken av den digitale avis- og tidsskriftstenesta PressReader auka frå 6 000 lesne artiklar i 2016 til 57 000 i 2017. Noko av auken kjem av at vi no har eit felles abonnement med Bergen Offentlige Bibliotek, og resten kjem truleg av at tenesta er betre kjent blant brukarane.

Kompetanseutvikling

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine, eller i samarbeid med andre, 18 kurs eller konferansar med 708 deltakrar.

Bibliotek som integreringsarena

Hordaland fylkesbibliotek er saman med Bergen Offentlige Bibliotek og Det Felles Innvandrarråd i Hordaland tildelt 1 mill. kr frå Gjensidigestiftinga til prosjektet «Rom for møte» i 2017–18. I dette året vart det delt ut 180 000 kr til prosjekt i sju kommunar.

Bokbåten «Epos»

Bokbåten hadde 42 driftsdagar og 50 stoppestader delt på 22 kommunar. Utlånet gjekk ned frå vel 10 000 til 9 400 utlån. Besøket auka frå 4 292 til 4 485. I samarbeid med Den

kulturelle skolesekken var det eit barneprogram på dei fleste stoppa. Med støtte frå Nasjonalbiblioteket og i samarbeid med Folkeakademiet i Hordaland var det fleire vaksenprogram om bord. Bokbåten tok del i litteraturfestivalen Falturtlu i Leirvik med eit barneprogram og eit vaksenprogram.

Arkivtenester

Fylkeskommunen har ansvar for dokumentsenter/moderne arkiv, depot og lokal- og regionalhistorisk arbeid. I 2017 ferdigstilte ein ei systemuavhengig innsynsløsing for eldresakarkiv i DocuLive. Politiske saker frå før 2014 er også tilgjengelege for innsyn.

Frå publikum var det størst etterspurnad etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne, med vekt på avleverte arkiv frå opplæringsavdelinga, OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønnsavdelinga.

Dokumentsenteret journalfører alle arkivverdige dokument, publiserer den offentlege journalen og handsamar spørsmål om innsyn og generell publikumshandtering. I 2017 har ein handsama 1001 krav om innsyn via offentleg journal og registrert i underkant av 200 000 journalpostar i ephorte sak/arkiv.

Ansvar for depot inneber å rettleie, ta imot, lagre og sikre eldre dokumentasjon frå sentraladministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen, med ansvar for felles retningslinjer for avlevering av arkivmateriale. Skulane har vore prioriterte når det gjeld rettleiing, ordning, og registrering av arkiv, då fleire skular har store organisatoriske endringar. 65 møte har vore haldne med skular og opplæringsavdelinga/OT/PPT. 15 skular avleverte 372 ordna hylrometer, medan 25 tannklinikkar avleverte 260 ordna hylrometer. Alle arkiva vert registrerte i ASTA og publiserte i Arkivportalen, som er ei nasjonal søkereneste på tvers av arkivinstitusjonane sine katalogar.

Privatarkiv

Hordaland fylkeskommune har ansvar for rettleiingsteneste knytt opp mot sogelag, historielag og lokalhistorisk arbeid. Tilskotsarbeid hører med inn under dette. Fylkesarkivet er koordinator for privatarkivarbeid i Hordaland, og ein har hatt ei samling for privatarkivnettverket. I tillegg har ein gjeve rettleiing for museum når det gjeld privatarkiv og følgje opp deira arbeid med digitalisering. Eit samarbeid med Vossa Jazz har kome i gang, med stønad til å ordne arkiva etter festivalen. Ein tok imot arkiva etter Norges kvinne- og familieforbund – Hordaland krins, Hordaland KrF og to ein-skilde personarkiv. Desse arkiva utgjer 30 hylrometer. Andre samarbeid har vore med Museum Vest i prosjektet «Takk for handelen! Og på gjensyn.... Bevaring av arkiv frå norsk handelsnærer». Ressursar har også blitt brukt på digitalisering og registrering av foto i FotoStation for ferdigstilling til publisering i Fotoweb.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Idrett og friluftsliv

Idrettscampus Bergen

Avtale om Idrettscampus Bergen vart underteikna av Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Haukeland Universitetssjukehus, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Mange delprosjekt er sette i verk, som er knytte til 10 innsatsområde. Målet er å styrke arbeidet med idrett og fysisk aktivitet i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og formidling.

Årleg dialogkonferanse

Den årlege dialogkonferansen vart gjennomført i september over tre dagar i Bergen. Om lag 60 deltagarar fekk opplæring i nytt anleggsregister knytt til spelemiddelordninga for idrett og fysisk aktivitet. Det har vore arbeidt mykje med kvalitetssikring av data i overgangen frå det gamle til det nye systemet. På dagsordenen var også planarbeid og synfaring av ulike anlegg.

Sykkelinteresse

Sykkel-VM vart arrangert i kommunane Bergen, Fjell, Øygarden og Askøy. Dette er eit av dei største idrettsarrangementa i verda. Det krov ekstraordinær fylkeskommunal innsats, for å bidra til gjennomføringa av eit godt arrange-

ment og nå målet om auka bruk av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel. Fylkeskommunen løvvde ekstra midlar til eit variert og tilgjengeleg kulturprogram med høg kvalitet.

Anlegg

Til lokale kulturygg var det søknader for 11,4 mill. kr, med 2,9 mill. kr til fordeling. Til kulturygg med regionale funksjonar vart det søkt om 42,4 mill. kr og gjeve tilskot på 6 mill. kr.

Fylkeskommunen fordelte 124 mill. kr av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Til saman var det godkjente søknader frå 32 kommunar i Hordaland. Samla godkjent søknadssum var 452 mill. kr. Fylkeskommunalt investeringstilskott til idrettsanlegg vart gjeve til Stord Hestesportsenter med 2 mill. kr. I tillegg fekk kommunane Fusa og Ulvik 2 mill. kr kvar i investeringstilskott til bygging av idrettshallar.

Samarbeid mot ureining av kysten

Maritim forsøpling fekk ekstra fokus etter at ein gåse-nebbkval full av plast stranda på Sotra. Fylkesutvalet løvvde midlar slik at Hordaland er ein pådrivar i arbeidet for å skape ein berekraftig samarbeidsmodell mellom offentlege, private og frivillige aktørar, og tiltak mot forsøpling er prioritert for Vestkystparken. På den nasjonale friluftskonferansen

som vart halden i Bergen, med tittelen «Tilrettelegging for friluftsliv i det blå og det grønne», var arbeidet mot maritim forsøpling eit sentralt tema.

Økonomisk støtte til kunst- og kulturliv

Hordaland fylkeskommune gjev både drifts- og prosjekt-baserte tilskot til kulturlivet. I 2017 vart det gjeve oppimot 60 mill. kr til om lag 80 fylkesfemnande organisasjonar og institusjonar med regional verdi.

Nynorskscena Hordaland Teater, som også framfører på dialekt, spelar ei viktig rolle i ta vare på den nynorske kulturarven og å utvikle ny dramatikk. Lokalisering i Bergen sentrum har vore eit mål for teateret gjennom fleire år, og med støtte frå Hordaland fylkeskommune kunne dei i 2017 ha si første framsyning i faste lokale i Logen i Bergen.

Stønadsordningane er viktige reiskapar for å oppfylle mål i den regional kulturplanen «PREMISS: kultur». Eit viktig grep i kulturplanen er å skilje mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet, og å løfte det profesjonelle kunstfeltet er ei av satsingane. Prosjektilskotta til kunst- og kulturtiltak er delt inn i tre ordningar med til saman 3,3 mill. kr til fordeling: «Prosjektilskot: kunst og kultur – profesjonell», «Prosjektilskot: kultur - amatør» og «Større kulturprosjekt». Av 224 søknader fekk 136 positive tilsegner. Samla søknadssum i dei tre ordningane var om lag 10,7 mill. kr.

Kulturelt utviklingsprogram

Stønadsordninga «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» gjer det mogleg for kulturlivet å realisere større satsingar og prøve ut nye vegar i ein prosjektperiode frå eitt til tre år. Prosjekta skal oppfylle vedtekne satsingar, mellom anna i regional kulturplan. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordele 6,5 mill. kr gjennom KUP til i alt 20 prosjekt, med både frivillige og profesjonelle. Det var fagleg og kunstnarleg breidde i løyvingane, og dei fleste sjangrar/felt innan kulturlivet var representerte. Vidare hadde alle løyvingane sterkt relevans i fleire programområda i KUP og kunne oppfylle viktige satsingar i regional kulturplan. Prosjekta må komme inn under minst to av dei tre programområda som er vedtekne for KUP 2016–2018: formidling og deltaking, samordning og samhandling og kunstløft – kunstnarleg nyskapning.

Kultur kryssar grenser

Den norske ambassaden i Irland fekk til eit samarbeid med Vestlandet, og Irish Writers Center i Dublin tok initiativet til ei forfattarutveksling med Hordaland. Forfattaren Kevin Breachnach hadde ei vekes opphold i Bergen og Henning Bergsvåg hadde eit opphold i Irland.

Trio Mediæval representerte Hordaland under den årlige adventskonserten i St.Giles katedralen i Edinburgh. Fylkeskommunen støtta det internasjonale somjestemnet «Bergen Swim Festival» og eit internasjonalt sykkelritt med etappar i fleire kommunar i Hordaland, med tittelen «Tour des Fjords».

140 deltakarar og innleiarar frå 17 land kom til Bergen på bibliotekkonferansen «Managing Chance: Library Transitions». Målgruppa var leiarar i fag- og folkebibliotek.



Foto: Morten Wanvik

Tannhelse



Tannhelse – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Sikre likeverdig tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland.	Arbeide for gode økonomiske driftsvilkår.	I kontinuerleg prosess.
	Vidareutvikle TkVest/Hordaland, TOO (Tortur/Overgrep/Odontofobi) -team, tannlegevakt, narkosetilbod.	Fire TOO-lokalitatar: Stord, SFO, Frekhaug og Voss.
	Prioritere auka leiaropplæring- og utvikling.	Gjennomført to eigne leiarsamlingar i 2017 med leiarfagleg innhald.
	Utarbeide planer og rutinar som er felles for tannhelsedistrikta.	Utarbeidd driftsplanar med krav til budsjettstyring og plan for folkehelse i alle distrikt.
	Gjennomgang og revisjon av samarbeidsavtalar.	Gjennomgang og revisjon av samarbeidsavtalar er i arbeid.
2. Sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar.	Gjennomføre klinikksstrukturplanen for Hordaland 2015 – 2030.	Lagt ned seks tannklinikkar i 2017, erstatta to av dei med ein.
	Utarbeide en opplærings- og kompetansehevingsplan for tannhelsetenesta i Hordaland.	Arbeidsgruppe sett ned for å lage opplæringsplan for Tannhelsetenesta.
	Gjennomføre pilotstudie på Norheimsund tannklinik i samband med ny kompetanse-modul i HR- portalen.	Utført.
	Utarbeide e-læring for Tannhelsetenesta spesielt.	Utført.
3. Styrke kompetansen i tannhelse-tenesta gjennom eit bedra spesialisttilbod, rådgjevingsteneste og auka forskings- innsats.	Utarbeide overordna strategi TkVest/Hordaland, som manglar.	Starta arbeidet med overordna strategi for TkVest/Hordaland.
	Prioritere ressursar til klinisk praksisnær forsking.	Tilsett spesialistar i alle kategoriar. Gjennomført pilotstudie for å undersøke kvalitet og samsvar på helseopplysingar hos legar og tannlegar. Forskingsleiar har gitt innspel til arbeid med innovasjon i forsking på tannhelsefeltet.
4. Ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse.	Gjennomføre plan for folkehelse og førebyggjande tiltak.	Plan for folkehelse i distrikta er gjennomførte og vert evaluert med omsyn til ressursbruk og nytteverdi.

Driftsutgifter tannhelse

REKNESKAP TANNHELSE (heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Administrasjon	5 102	5 078	- 367
Fellesfunksjoner	81 419	69 055	- 17 274
Pasientbehandling	280 595	274 177	15 185
Tannhelse	367 116	348 311	- 2 456
(heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Tannhelseavd.	29 008	19 172	- 793
Tannhelsedistrikt sentrum	85 871	77 249	- 1 832
Tannhelsedistrikt nord	56 202	56 199	1 771
Tannhelsedistrikt vest	65 870	59 393	- 471
Tannhelsedistrikt sør	32 060	31 786	1 088
Tannhelsedistrikt aust	26 620	25 460	- 657
TK Vest avd Hordaland	52 678	44 874	- 1 561
Tannhelse	348 308	314 134	- 2 456

Tannhelsetenesta hadde i 2016 eit underskot på 12 mill. kr. I 2017 er underskotet redusert til 2,5 mill. kr. Provisjons- og bonusavtalar vart sagde opp i løpet av året og dette var med på å betre resultatet. Sluttoppgjør som følgje av avtalane vart utbetalt i 2017.

Største budsjettmessige meirforbruk var på TK Vest og tannhelsedistrikt sentrum.

Betre tannhelse

Tannhelsedata syner betring i alle pasientgrupper i Hordaland fra 2016 til 2017. Største delen av pasientane er born og unge med god tannhelse. Ressursane er i dag i stor mon flytta til eldre, psykisk sjuke og rusavhengige fordi desse gruppene ofte har dårlig tannhelse og stort behandlingsbehov. I løpet av ein 5-årsperiode har om lag 10 årsverk vortne flytta til desse gruppene.

Betre tannhelse hos born og unge og auka fokus på førebyggjande og helsefremjande arbeid i samhandling med andre aktørar, har gjort det mogleg å flytte ressursar til andre grupper der behovet aukar.

I gruppa psykisk utviklingshemma personar over 18 år har fleire fått tannbehandling både fordi gruppa har auka, rettane er betre kjende og omsorgsapparatet syter for at dei får tilgang til tannhelsetenester. Gruppa har auka med 31 % frå 2002-2017. Psykisk utviklingshemma har i gjennomsnitt 11,7 tenner som er reparerte og berre 9 % er utan karies. Til samanlikning har Hordalands 18-åringar i snitt 4 reparerte tenner og 22 % er helt utan caries.

Gruppa eldre med omsorgsteneste har auka med 36 % dei siste 15 åra og fleire eldre har tenner med behov for behand-

ling. Det er registrert 2 956 personar i gruppa rusavhengige og innsette i fengsel i 2017. 69 % av fengselsinnsette fekk tannbehandling og 25,7 % av dei rusavhengige. Denne gruppa har generelt stort behov for tannbehandling fordi berre 2 % er utan hol.

I 2017 var det behandla 98 485 personar ved tannklinikkane. Av dei var 83 500 prioritert klientell, og ca. 15 000 betalande vaksne. I tillegg kjem ca. 2 500 ferdigbehandla pasientar ved Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland (TkVest/Hordaland). I alt var ca. 101 000 pasientar behandla. Til samanlikning var det i 2002 behandla 95 185 pasientar og av dei var 78 000 prioritert klientell.

Endring i tannhelse hos 5-, 12- og 18-åringar i Hordaland i eit 15 års perspektiv:

	5 år	12 år	18 år
2002:	55,8 %	37,0 %	12,5 %
2016:	81,6 %	56,6 %	21,3 %
2017	83,7 %	56,7 %	22,3 %



Foto: Morten Wanvik

Folkehelse

«Strategiplan for folkehelsearbeid» (2016–2019) er styrande for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta. «Regional plan for folkehelse» (2104–2025) er førande for korleis tannhelsetenesta bidreg i det regionale folkehelsearbeidet. I 2017 har det særleg vore arbeidd med handlingsdelen til den regionale planen, der tannhelsetenesta står for fleire tiltak.

Tannhelseavdelinga har frå 1. juli 2017 tilsett folkehelserådgjevar som har som hovudoppgåva å leggje til rette for et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. I 2017 starta arbeidet med å revidere og fornye alle samarbeidsavtalane med kommunane. Avtalane sikrar at alle innbyggjarar, spesielt personar som har særleg behov for hjelp, får nødvendig tannhelsehjelp og kan oppleve å ha livslang god helse.

Alle tannhelsedistrikt har ein folkehelsekoordinator. Dei jobbar saman med folkehelserådgjevaren og det vert årleg utarbeidd ein folkehelseplan i kvart distrikt som strukturerer og systematiserer det førebyggjande arbeidet.

I 2017 har det vore arbeidd med tiltak som «Friske tener varer lengre» og «HEART-youth». Begge prosjekta er førebyggjande og befolkningsretta (universelle) tiltak med tannhelsefokus inn mot elevar i barne- og ungdomsskulen.

Tilbod til dei med særlege behov

Eitt tannhelseteam ved Stord tannklinik, eitt ved Voss tannklinik og eitt team på Frekhaug gjev tilbod til pasientar med sterkt angst for tannbehandling med diagnose odontofoibi eller som har vore utsette for tortur eller overgrep. Senter for odontofobi (SFO) gjev også tilbod til gruppa. Alle dei involverte klinikkane har tilsett psykolog i tillegg til tannhelseteama. Denne tenesta er statleg finansiert og vender seg mot vaksne pasientar. Born med same diagnosar vert behandla med fylkeskommunale midlar.

Tenesta på Stord behandla 27 personar i 2017, og har 9 på venteliste. Voss tannklinik hadde i 2017 15 tilviste vaksne pasientar. Av dei var 10 inne til behandling. Klinikken på Frekhaug hadde 27 tilviste pasientar. På SFO vart det tilvist 64 pasientar. Ventetida for pasientar med særlege behov er over 1 år på SFO, medan ventetid i distriket er monaleg kortare. Det vert etablert eit mottaksapparat i distrikta når pasientane vert tilbakeførte til vanleg tannbehandling.

Bekymringsmeldingar

Samarbeidsavtalane med Barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Det vart i 2017 sendt 73 bekymringsmeldingar til barnevernet frå tannklinikke i fylket. Dette er 5 færre enn i 2016. 21 av

desse vart melde som mistanke om omsorgssvikt. Arbeidet med å styrke samhandlinga med barnevernet held fram mellom anna ved auka kontakt.

Samarbeid med Statens barnehus

Statens barnehus i Bergen er eitt av seks barnehus i Noreg som er med i eit prøveprosjekt med rettsodontologisk undersøking i tillegg til rettsmedisinsk undersøking. Prosjektet i Bergen starta i januar 2017 og tannhelsetenesta har i 2017 vore til stades på Statens barnehus inntil ein dag i veka etter behov.

Undersøkingane blir sett opp med relativt kort varsel i saker der medisinsk og/eller odontologisk undersøking er ynskjeleg. Det er spesialistar i pedodonti frå TkV/H som har hatt oppgåva i 2017. I etterkant av undersøking vert det skrive rapport, som vert sendt til påtalemynnidighet og i kopi til Retsmedisinsk kommisjon og lagt inn i skjult journal.

Dei fleste undersøkingane er pålagt av påtalemakta og gjeld melde forhold, men det har også vore utført undersøkingar etter ynskje frå barnevernet med samtykke frå foreldra eller etter ynskje frå foreldre. I 2017 vart det gjort 17 undersøkingar ved Barnehuset: 9 på grunn av mistanke om vald, 6 grunna mistanke om seksuelle overgrep og 2 av andre årsaker. Talet er venta å auke i 2018 etter kvart som påtalemakta blir meir merksame på å bruke denne typen undersøking.

Undersøkinga vert utført i eit avhørsrom med medbrakt utstyr. Ved ombygging av barnehuset i 2018 er målet å etablere eit enkelt tannlegekontor.

Narkosebehandling

265 personar vart behandla i narkose i 2017. Slik behandling vert utført ved tannklinikke på Haukeland universitetssjukehus(HUS) og Stord sjukhus. Det er også lagt til rette for behandling i narkose ved klinikken i Solheimsviken i Bergen. Avtale er inngått med anestesilegeteam, med start frå 1. mars 2017, og dette fører til forbetriring i tilbodet. Medan det ved HUS er sett ei avgrensing på maksimalt 2 pasientar om dagen har teamet på Solheimsviken behandla opp til 5 pasientar på ein dag.

Ventetida for tannbehandling i narkose er framleis over 3 månader. Pasientar med smerter vert prioriterte og kan få time innan ei veke. HUS behandlar pasientar som også har medisinske problem og derfor må ha behandling i sjukehus. Andre pasientar vert no behandla av teamet i Solheimsviken. Tal pasientar behandla på Haukeland har gått ned med over 10 %, men totalt vart 22 % fleire pasientar behandla i narkose enn i 2016.



Foto: Morten Wanvik

Tannlegevaka i Bergen

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevaka i Bergen ved Solheimsviken tannklinik. Tannlegevaka er open kvar dag heile året, og er akuttilbod til pasientar i Bergen og kommunane rundt Bergen. Tilboden er viktig og profilerer tannhelsetenesta og Hordaland fylkeskommune på ein god måte.

Det var 3 692 konsultasjonar på tannlegevaka i 2017, av desse var 1215 prioritert klientell, 2 fleire enn i 2016. 2 477 var vaksne betalande pasientar, 41 færre enn året før. Nedgangen heng saman med færre asylsøkjarar til behandling.

Samarbeid med Sogn og Fjordane

Dei to fylka held fram med samarbeid om innkjøpsavtalar. I 2017 vart avtale om dentalt utstyr inngått for både fylka i juni, og konkurranse om levering av dentale forbruksvarer lyst ut. Denne avtalen har ein verdi på om lag 55 mill. kr i ein 4-årsperiode, og tannhelsetenestene i både fylka har tru på at slikt samarbeid fører til betre utnytting av budsjettmidlane og betre rabattar. Evaluering av tilboda skjer straks etter nyttår. I tillegg kjøper Sogn og Fjordane tenester fra teknisk avdeling i tannhelsetenesta.

Arkivering

Det er sett i gang eit stort og viktig arbeid for å arkivere alle papirjournalar som har vore lagra på klinikkane. Ein del arbeid står att, og det vert etter planen sluttført i starten av 2018. Arbeidet har vore gjort på fylkesarkivet, der tannhelsetenesta har kjøpt tenester.

Reiserefusjon

Ny forskrift for reiserefusjon er utarbeidd mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane og Rogaland har vedtatt forskrifta, medan ho i Hordaland vart lagt ut til høyring i desember.

Miljøtiltak

Tannhelsetenesta har i 2017 gjennomført fleire miljøtiltak. Det har vore jobba med reduksjon av papirbruk ved mindre utskrift og ved at innkalling av pasientar i stor grad skjer ved sms. Bruk av handdesinfeksjon med sprit reduserer bruk av papirhandkle. Reingjering på klinikkane skjer med miljøvenlege produkt, 85 % av arbeidstøyet vert vaska med svanemerkad produkt og alle arbeidslamper har no LED-lys.

Klinikkstrukturplanen

Tannhelsetenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikter. Arbeidet med klinikkstrukturplanen for Hordaland heldt fram i 2017 og fire klinikkar (Fedje, Masfjorden, Modalen og Skånevik) med til saman 6 behandlingsrom vart lagde ned. Dette er gjort utan å bygge nytt eller å utvide kapasitet ved nokon av dei andre klinikkane. Desse klinikkane var ambuleringsklinikkar med svært avgrensa teneste. I tillegg vart to klinikkar lagde ned på Askøy og erstatta med ny klinikk på Kleppestø. Ved årsskiftet 2017/2018 er 41 klinikkar i drift. I 2015 var 55 klinikkar i bruk.

TkVest/Hordaland

TkVest/Hordaland er i full drift med over 60 tilsette knytte til spesial- og spesialistbehandling og forsking. Det var 1428 tilvisingar til spesialistklinikken i 2017. Tilvisingane kjem i hovudsak frå offentlege tannklinikkar, men og frå private tannlegar, UIB og spesialisthelsetenesta.



Foto: Morten Wanvik

Leppe-kjeve-gane teamet gjev eit spesialisttilbod til alle born og unge fødde på Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. I 2017 var det 32 tilvisingar.

Sogn og Fjordane har ikkje eige kompetansesenter. TkVest/Hordaland og Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har avtale om kjøp av spesialistenester, kurs og opplæring. I den mon Sogn og Fjordane ikkje har spesialistar eller manglar kapasitet, skal pasientar tilvisast TkVest/Hordaland for behandling. I 2017 er 59 pasientar frå Sogn og Fjordane tilviste til spesialistbehandling på TkVest/Hordaland.

Forsking

I løpet av 2017 har TkVest/Hordaland publisert 16 artiklar i nasjonale og internasjonale tidskrift. TkVest/Hordaland har deltatt i eit pilotprosjekt på oppdrag frå Helsedirektoratet: «Medikamentelt utløst munntørrhet: En pilotundersøkelse blant allmennleger og tannleger basert på uttrekk av data fra elektroniske pasientjournaler og spørreskjema». Rapporten frå prosjektet vart ferdigstilt og levert Helsedirektoratet i februar 2017.

Forskningsleiaren deltok i komité som gav innspel til forskings- og innovasjonsstrategi for tannhelsefeltet som vart publisert hausten 2017. Hausten 2017 deltok forskningsavdelinga med ein sesjon på Tannhelsedagane i Ulvik, og det vart avvikla ein fagdag med fokus på forsking ved TkVest/Hordaland.

Forskningsavdelinga har i 2017 hatt 6 forskarar, 1 foskingsassistent, 2 stipendiatar og 1 postdoc tilsett. Ein stipendiat sluttførte doktoravhandlinga si ved utgang av året. Ei forskningsleiarstilling vart oppretta i 2017.

Rekruttering

Tannhelsetenesta vil tilby tenester av høg kvalitet og difor er det viktig for den offentlege tannhelsetenesta å stabilisere godt kvalifisert personell. Dette er til tider utfordrande, særleg utanfor bynære klinikkar. Rekrutteringa er monaleg betre når klinikkane er større. Mange søkerar til tannlegestillingane er utan autorisasjon og kjem frå utdanningsinstitusjonar i utlandet med ukjent studieinnhald. Det inneber at om dei vert tilsette kan dei ikkje arbeide sjølvstendig på små klinikkar, og ikkje alle tannlegar utdanna i EØS-området har den naudsynte kompetansen for å kunne praktisere som tannlege i Noreg.

Tannhelsetenesta har ved årsskiftet tilsett personell i dei fleste stillingane. Der det ikkje er søkerar med rett kompetanse vert drifta skjøtta ved ambulering mellom klinikkar eller at pasientane vert overførte til andre klinikkar. TkVest/Hordaland har spesialistar i alle kategoriar tilsette.



Foto: Morten Wanvik

Organisasjon

Økonomi og organisasjon – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Økonomi og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartner for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søkje heilskaplege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester basert på profesjonell og effektiv drift.	<p>a) Gjennomføre intern brukarundersøking for å måle tilfredsheit med tenester, servicegrad med vidare samt kartlegge eventuelle nye behov.</p> <p>b) Vidareutvikle Personalportalen på mobile plattformar. Dette vil redusere årlege portoutgifter knytt til utsending av lønnsdata til m.a. eksterne sensorar, eksamensvakter o.a. med rundt kr 100 000. Kostnadane ved løysinga vert dekt gjennom midlane for IT-investeringar.</p> <p>c) Innføre system for kunderelasjonshandtering (CRM) for å sikre betre samordning av aktivitetar ut mot eksterne brukarar som kommunar, organisasjonar o.a. Løysinga er tilgjengeleg som eigen modul i eksisterande fagsystem for brukarstøtte på IT Service.</p>	I arbeid, vil bli gjennomført første kvartal 2018.
2. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen.	<p>a) Sikre god implementering av nytt integrert økonomisystem og arbeide vidare med forenkling og forbetring av arbeidsprosessar. Direkte økonomisk gevinst vil vere 0,5 mill. kr i 2017 og ytterlegare minst 1,5 mill. kr årleg frå 2018.</p> <p>b) Utarbeide og gjennomføre opplegg for opplæring i økonomistyring for leirarar. Tiltaket vil bli dekt over midlane til personalopplæring.</p>	Gjennomført.
3. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og halde på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt.	<p>a) Implementere ny HR-strategi med fokus på tiltak knytt til rekruttering, kompetansestyring, endringsleiing og systematisk arbeid med HMS.</p> <p>b) Etablere ny faggruppe for HMS/kvalitetsstyring gjennom å samordne eksisterande ressursar.</p> <p>c) Implementere nytt fagsystem for kvalitetsstyring og internkontroll. Kostnadane ved dette vert dekt gjennom midlane for IT-investeringar.</p>	<p>I arbeid. Implementering vil skje i 2018.</p> <p>I arbeid. Rekruttering er starta.</p> <p>Utsettast til det kan avklarast i tilknyting til regionreform.</p>

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
4. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidsretta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på brukarorientering, kontinuerleg forbeting og gevinstrealisering.	<p>a) Implementere ny IT-strategi med fokus på brukarane, arkitektur og infrastruktur, prosjekt- og porteføljestyring, digitalt førsteval og sikkerheit. Kostnader ved eventuelle tiltak vert dekt innafor ramma for IT felleskostnader og midlane for IT-investeringar.</p> <p>b) Vurdere ny telefoniløsing for HFK.</p> <p>c) Implementere metodikk for kontinuerlig forbeting og prosesstyring gjennom utvalde pilotprosjekt. Kostnadene ved opplæring vert dekt over midlane til personalopplæring.</p>	I arbeid. Implementering vil skje i 2018.
5. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal legge til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune.	<p>a) Implementere ny løysing for e-handel gjennom nytt integrert økonomisystem med fokus på auka bruk av rammeavtalar, meir standardiserte varesortiment og forenkla arbeidsprosessar knytt til fakturahandsaming. Dette vil gje innsparinger knytt til innkjøp i heile HFK.</p> <p>b) Styrkt leverandøroppfølging og reforhandling av eksisterande avtalar ved utløsing av opsjonar. Tiltaket vil medføre ei innsparing på 0,5 mill. kr i avdelinga i 2017 og forventast å gje innsparinger også elles i organisasjonen.</p> <p>c) Etablere ei sentral innkjøpsrolle for fylkesadministrasjonen og ved tyre einingar gjennom omdisponering av ressursar og tydeleggjering av roller og mynde.</p>	Gjennomført. Gjennomført. Gjennomført.
6. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrke omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.	<p>a) Vidareutvikle opplegg for samhandling og dialog med brukarane av tenestene våre i digitale kanalar.</p> <p>b) Prioritere kommunikasjon rundt område som har høg allmenn interesse, med særleg merksemd på relevant informasjon til lokale media.</p> <p>c) Målretta merkevarebygging gjennom aktiv bruk av den grafiske profilen til HFK.</p>	Kontinuerleg arbeid. Gjennomført brukarundersøking. Etablert internt redaksjonsråd i samarbeid med fagavdelingar. Vidareutvikla grafisk profil og malar.

Driftsutgifter økonomi og organisasjon

REKNEKAP REGIONAL (heile tusen)	Rekn bto 2016	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Stab	3 860	3 677	269
Personalseksjonen	49 972	52 779	9498
IT- seksjonen	78 414	60 342	- 237
Kommunikasjonsseksjonen	19 138	18 292	490
Budsjettsesjonen	4 874	4 884	- 183
Fylkeskassen	10 862	11 854	- 49
Innkjøpsseksjonen	12 627	12 041	482
Økonomi- og organisasjonsavdelinga	179 748	163 870	10 269

Det økonomiske resultatet for økonomi- og organisasjonsavdelinga i 2017 vart eit overskot på 10,3 mill. kr. Hovudårsaker til overskotet er reduserte kostnader til regionreform og innsparinger i høve til attføring og omstilling. Avdelinga har god økonomistyring og mindre netto budsjettmessige avvik på dei fleste områda.

Meir effektiv drift gjev gevinstar

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har i 2017 vidareført arbeidet med utvikling og effektivisering av Hordaland fylkeskommune. Nye og framtidsretta fellessystem er sette i drift og utviklinga av eforvalting heldt fram.

I 2017 vart det arbeidd målretta med etiske problemstillinger og dei etiske retningslinene er reviderte. Gode varslingsrutinar er viktige i denne samanhengen og varslingsrutinane er gjennomgåtte og reviderte.

Nytt økonomisystem

Nytt økonomisystem – Visma Enterprise – vart teke i bruk frå 2017. Systemet erstattar dei tidlegare systema for rekneskap, fakturahandsaming, rapportering, budsjettering og innkjøp. Innføringa har vore vellukka og alt første året ser

ein at det samla systemet gjev samordnings- og effektiviseringsgevinstar.

Fellessystemet medfører t.d. betre fakturaflyt gjennom integrering av innkjøpsdelen. Budsjetteringsmodulen gjev betre samordning med rekneskapen og rapporteringsmodulen medverkar til at fleire kan føre kontroll gjennom året.

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å oppnå samordningsgevinstar framover. Etter kvart som bruken av systemet aukar, kan ein gå vidare med å sjå på nye måtar å arbeide på og på den måten få meir effektiv drift. For å støtte ytterlegare opp om dette, vil økonomisystemet i 2018 verte utvida med ein BI-modul (Business intelligence), der sentrale styringsdata vert samla og strukturerte slik at kvar leiar raskt og enkelt får oversyn over viktige nøkkeltal og økonomisk status for si eining.

Rapportering

Fylkesrådmannen har også i 2017 hatt kvartalsvis økonomi-rapportering der avdelingsdirektørane og fylkesrådmannen har hatt felles gjennomgang av utviklinga gjennom året. Det nye økonomisystemet har gjort rapporteringsarbeidet betre, både kvaliteten på rapporteringa og korleis rapportane kan utformast.

Fylkesrådmannen legg stor vekt på dette arbeidet, for ein vil på denne måten tidleg få indikasjon på eventuelle avvik og kan setje inn eventuelle tiltak.

HR-strategi

HR-strategien som vart utarbeidd i 2017 peikar på fem sentrale satsingsområde for vidare organisasjonsutvikling:

- Organisasjonskultur
- Kompetanse
- Rekruttering
- Endringskapasitet
- Arbeidsmiljø

Vidare implementering av den nye HR-strategien vil vere tett kopla mot samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane, der m.a. utvikling av ein ny felles arbeidsgjevarpolitikk vil vere sentralt.

Omstilling og heiltidskultur

I samband med oppfølging av skulebruksplanen er omstilling eit sentralt omgrep. I 2017 er fleire vidaregåande skular lagde ned eller slåtte saman og det har vore arbeidd med å finne løysingar for tilsette som vert råka av dette. I omstillingsarbeidet vert det lagt stor vekt på å sikre gode og føreseielege prosessar.

Hordaland fylkeskommune har også i 2017 praktisert tilsettignskontroll knytt til stillingar i fylkesadministrasjonen og dei administrative funksjonane ved skulane.

Fylkeskommunen har som mål å utvikle heiltidskultur i organisasjonen. Første delmål i arbeidet er å redusere omfanget av ufrivillig deltid. Resultat av ei intern undersøking indikerer at 70 % av tilsette i deltidsstillingar er nøgde, medan 30 % ønskjer større stilling. Ei partssamansett arbeidsgruppe har difor arbeidd med ulike tiltak for å redusere omfanget av ufrivillig deltid. Dette arbeidet vert vidareført i 2018.

Likeverd i Hordaland fylkeskommune – temaplan

Fylkestinget vedtok i juni temaplanen om likeverd i Hordaland fylkeskommune. Planen har fire hovudmål:

- Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverds-perspektiv i all tenesteyting.
- Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle.
- Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing.
- I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfold blir sett på som ein ressurs.

Planen er av overordna karakter, men gjev retning for tilsette og for korleis tenesteytinga skal vere. Det vert arbeidd vidare med aktuelle tiltak knytte til planen i 2018. Hordaland fylkeskommune har også sluttar seg til EUs charter for likestilling i lokalsamfunna, som og forpliktar til vidare satsing.

LGBT-sertifisering

Temaplanen for likeverd fastset at Hordaland fylkeskommune skal sertifiserast som LGBT-verksam (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar). Arbeidet med dette er godt i gang og vil bli vidareført i 2018 med mål om slutføring.

Leiarutvikling

Den heilsakaplege leiarutviklinga er styrkt i 2017. Det er starta eit internt mentorprogram, med 18 deltakarar. Programmet, som går over eitt år, tek sikte på utveksling av leiarerfaring mellom erfarne og nyare leiarar og er eit tilbod som bind saman HFK-leiarskulen (opplæring for nyare leiarar) og leiarutviklingsprogrammet (for erfarne leiarar). I tillegg er HFK-leiarskulen utvida med ein eigen kursdag om økonomi, noko som underbyggjer målsetjinga om å styrke leiarane sine kunnskapar om det nye økonomisystemet. I 2017 var det to kull som fullførte HFK-leiarskulen (å 4-5 kursdagar) og eitt kull på leiarutviklingsprogrammet (å 9 kursdagar) starta.

Tilsette

Talet på tilsette var ved utgangen av 2017 var 4393, som er 28 færre enn året før. I opplæringssektoren er det 18 færre tilsette, og i tannhelsetenesta er det ein nedgang på seks. I fylkesadministrasjonen er talet tilsette praktisk talt det same som i 2016.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over utviklinga dei siste fem åra:

Tal på tilsette i HFK*	2013	2014	2015	2016	2017
Totalt fylkeskommunen	4 703	4 494	4 507	4 421	4 393
Kvinner	2 726	2 581	2 603	2 580	2 566
Menn	1 977	1 913	1 904	1 841	1 827
Sektorvis fordeling					
Fylkesadm./andre**	713	658	606	595	597
Kvinner	362	332	346	342	334
Menn	351	326	260	288	263
Opplæring***	3 607	3 451	3 445	3 186	3 168
Kvinner	2 019	1 905	1 909	1 718	1 732
Menn	1 588	1 546	1 536	1 433	1 436
Eigedomsdrift og reinhald****			66	244	238
Kvinner			1	163	149
Menn			65	81	89
Tannhelse	383	385	390	396	390
Kvinner	345	344	347	357	351
Menn	38	41	43	39	39

Årsverk	2013	2014	2015	2016	2017
Totalt fylkeskommunen	4 125	4 025	4 073	3 987	3 984
Kvinner	2 328	2 271	2 312	2 281	2 293
Menn	1 797	1 754	1 760	1 706	1 691
Sektorvis fordeling					
Fylkesadm./andre**	669	641	573	558	587
Kvinner	334	319	330	322	329
Menn	335	322	243	268	257
Opplæring***	3153	3058	3088	2856	2841
Kvinner	1722	1656	1681	1507	1528
Menn	1431	1402	1408	1318	1313
Eigedomsdrift og reinhald****			72	225	216
Kvinner			1	140	131
Menn			71	85	85
Tannhelse	303	326	340	348	340
Kvinner	272	295	301	312	305
Menn	31	30	39	36	36

* inkl. heiltidspolitikarar

** inkl. Skyss,Bybanen Utbygging , Eigedomsavdelinga utan seksjon drift , adm. opplæring samt heiltidspolitikarar

*** gjeld alle skular

**** gjeld Eigedomsavdelinga - seksjon for drift

Tilsette i deltidsstillingar	2013	2014	2015	2016	2017
Totalt i fylkeskommunen	1 698	1 410	1 333	1 286	1 213
Kvinner i deltidsstillingar	1 180	985	942	911	867
Kvinner i deltidsstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	42,0 %	38,2 %	36,2 %	35,3 %	33,8 %
Menn i deltidsstillingar	518	425	391	375	346
Menn i deltidsstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	25,4 %	22,2 %	20,5 %	20,4 %	18,9 %

Likestillingsbarometer per 31.12.2017	Kvinner	Totalt
Opplæring		
Rektorer i vgs	15	35
Ass. rektorer i vgs	18	38
Tannhelsetenesta		
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl overtannlegane	6	6
Klinikkleiarar	16	20
Fylkesadministrasjonen		
Fylkesdirektørar	1	6
Stabs-/seksjonsleiarar	15	32
Skyss og Bybanen utbygging	7	24

Tilsette i leiande stillingar	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	148 (46,1%)	146 (47,6%)	151 (47,6%)	131 (46,1%)	130 (45,8%)
Menn	173 (53,9%)	161 (52,4%)	166 (52,4%)	153 (53,9%)	154 (54,2%)

Tilsette i leiande stillingar	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	148 (46,1%)	146 (47,6%)	151 (47,6%)	131 (46,1%)	130 (45,8%)
Menn	173 (53,9%)	161 (52,4%)	166 (52,4%)	153 (53,9%)	154 (54,2%)
Prosentfordeling tilsette etter kjønn					
Kvinner	58,0 %	57,4 %	57,8 %	58,4 %	58,4 %
Menn	42,0 %	42,6 %	42,2 %	41,6 %	41,6 %

Introduksjon av nytilsette

Det har vore to kurs for nytilsette i 2017, med til saman 170 deltakarar.

Mangfald

Ved utgangen av 2017 var det 330 tilsette med innvandrarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Dette utgjer 7,6 % av totalt tilsette i fylkeskommunen. Dei fordeler seg med 175 (191) tilsette i opplæringssektoren, 54 (54) i tannhelsetenesta og 101 (85) i fylkesadministrasjonen, Skyss, Bybanen Utbygging og eigedom (drift/reinhald). Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn har auka frå 281 tilsette i 2012 til 330 tilsette i 2017.

Fordelinga etter landbakgrunn viser at det er 185 (192) tilsette frå EU/EØS-området og 145 (138) tilsette utanom dette området (ikkje-vestlege land). Sistnemnde gruppe utgjer 3,3 % av total arbeidsstyrke – opp 0,2 % i høve til 2016. Tannhelsetenesta og eigedomsavdelinga har flest tilsette frå ikkje-vestlege land med om lag 8,5 % innan kvart område.

Lønsoppgjør

Det er om lag 25 arbeidstakarorganisasjonar med forhandlingsrett i fylkeskommunen. Den økonomiske ramma for 2017 var på 2,4 %. Hovudelementet i oppgjøret var harmonisering av løsnivået mellom avdelingar og mellom leiarar i samanliknbare stillingar. I lønsoppgjøret legg ein elles vekt på å rette opp utilsikta skeive lønsutviklingar, ein tek omsyn til seniorpolitiske tiltak og vurderer kompetanse og kompleksitet i dei ulike stillingane.

Det vart oppnådd semje med alle arbeidstakarorganisasjonane. Fylkesrådmannen vil framheve det gode samarbeidet ein har med organisasjonane i dette arbeidet. Organisasjonane viser ansvarleg haldning både når det gjeld å setje fram lønskrav og i forhandlingane.


Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i 2017 var på 5,69 %. Dette er ein liten reduksjon frå 2016 då sjukefråværet var 5,97 %. Fråværet gjekk litt ned både for kvinner og for menn. Sjukefråværet for kvinner var på 6,93 % (7,39 %), medan menn hadde eit sjukefråvær på 4,03 % (4,10 %).


I tannhelsetenesta vart sjukefråværet samla redusert frå 9,39 % til 8,67 %. Innafor opplæringssektoren gjekk fråværet ned frå 5,45 % til 5,15 %.

Eigenmeldt fråvær hadde ein liten auke frå 0,90 % til 0,93 %.

Sjukefråvær i HFK 2014- 2017, samla og kjønnsfordelt



Eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær



Utvikling sjukefråvær pr sektor






Foto: Morten Wanvik

Arbeidsmiljø og HMS

Fylkesrådmannen har i 2017 satsa særskilt på å styrke det lokale HMS-arbeidet og arbeidsmiljøutvala (AMU) på tenestestadene. Det vart halde ein større konferanse for AMU-medlemmar (160 deltakrarar), og det har vore stilt tydelege krav til alle leiarar om HMS-kompetanse. Dette har ført til auka kursdeltaking, med til saman om lag 150 tilsette på HMS grunnkurs i 2017, både av leiarar, AMU-medlemmar, verneombod og lærlingar.

Lærlingar

Målsetjinga om 50 lærlingar i fylkeskommunen er komen mykje nærmare med det arbeidet som er gjort i 2017. Ved utgangen av året var det 44 lærlingar, heile 17 fleire enn året før. I HR-seksjonen er det ein eigen koordinator som følgjer opp dette arbeidet. Denne ordninga vart innført i 2016 og har vore medverkande til suksessen ein har hatt på dette feltet.

IT-strategi

Arbeidet med ny IT-strategi og forankring av denne mot fagavdelingane var ferdig ved utgangen av 2017, slik at den er klar til godkjennung i fylkestinget i byrjinga av 2018. IT-strategien søker å stø opp om verksemdststrategien med fem satsingsområde. Overordna for desse satsingsområda er at det må samarbeidast meir om digitale løysingar. Gjennom KS og fleire andre initiativ mellom både kommunar og fylkeskommunar er det sterkt delingsvilje. Hordaland fylkes-

kommune deltek aktivt på fleire av desse arenaene, og det er ei målsetting å stimulere og vidareutvikle dette arbeidet.

Dei fem satsingsområda er

- **IT-styring og organisering.**
- **Digitale tenester med brukaren i sentrum.**
- **IKT arkitektur og infrastruktur.**
- **Prosjekt og porteføljestyring.**
- **Personvern, informasjonstryggleik og kvalitet.**

Innkjøp

Ny Innkjøpspolitikk vart vedteken av fylkestinget i mars. Innkjøpspolitikken gjeld all innkjøpsaktivitet i Hordaland fylkeskommune og omfattar alle avdelingar med underliggjande einingar.

For å effektivisere innkjøpa til fylkesadministrasjonen, auke bruken av rammeavtalene og sikre korrekt bruk av innkjøpsystemet, vart det i 2017 oppretta rolle for sentrale innkjøparar for heile fylkesadministrasjonen. Dei sentrale innkjøparane skal sørge for at bestillingane vert registrerte i Visma e-handel og at rammeavtalar og standardsortiment vert nytta. I 2017 vart det lagt til rette for å starte ein pilot for økonomi- og organisasjonsavdelinga primo 2018, der også tenestekjøp skal utførast av dei sentrale innkjøparane. I løpet av 2018 skal innkjøparane utføre dette for heile fylkesadministrasjonen.

Innkjøpsseksjonen har også i 2017 etablert leverandør- og kontraktsoppfølgingsplan for å følgje opp leverandørane og deira forpliktingar med eit strategisk og kommersielt fokus. Det vert arbeidd kontinuerleg for å sikre eit tenleg sortiment hos avtaleleverandørane gjennom oppfølging og analysar. Avgrensing av innkjøpa på sortiment vil over tid gje Hordaland fylkeskommune betre prisar og meir presise leveransar.

Frå 2017 vart det sett som mål at alle varekjøp skal gjennomførast i Visma eHandel som er integrert med fakturabehandling og rekneskap i nytt økonomisystem. Visma e-handel legg vekt på godt brukargrensesnitt og effektiv arbeidsform og hjelper brukaren til å kjøpe rett produkt hos leverandørane. Slik vart det oppnådd full sporing frå behovet oppsto til kostnadene var bokførte.

Beredskapsarbeid

Det er gjennomført beredskapsøving i fylkeskommunen før sykkel-VM vart arrangert. Øvinga var nytig og avdekkte m.a. behov for revidering av risiko- og sårbaranalysen innanfor samferdselsområdet.

Etiske retningslinjer

Fylkestinget godkjende i juni revisjon av dei etiske retningslinene. Retningslinene er no klarare kopla mot verdiane i verksemestrategien, der verdiorda kompetent, offensiv og i dialog er sentrale omgrep. I dei etiske retningslinene er reglane om habilitet og interessekonfliktar særleg understreka. Det er utarbeidd eige e-læringsopplegg som alle tilsette skal gjennomgå og repetere jamleg. Etiske retningslinjer vil også vere tema på ulike faglege samlingar og i leiaropplæringa i 2018.

Varslingsrutinar

Fylkesutvalet har godkjent reviderte varslingsrutinar. Rutinane tek for seg døme på kritikkverdige tilhøve for varsling

og varslingsvegane i fylkeskommunen. Av varslingsrutinane går det vidare fram korleis sakhandsaminga av varsel er. Portalen «Mitt varsel», som er tilgjengeleg på intranetsida, kan nyttast ved varsling og for å søkje råd i aktuelle saker, om ønskeleg også anonymt.

Fylkesrådmannen har gjennom 2017 arbeidd målretta med å heva merksemda mot etiske problemstillingar og dilemma tilsette kan stå overfor i den samanhengen. Gode rutinar for varsling, som er kjende i organisasjonen, er eit viktig ledd i dette arbeidet. På bakgrunn av endringar i arbeidsmiljølova og basert på erfaringar med praktisering og oppfølging, vil varslingsrutinane verte reviderte tidleg i 2018.

Kommunikasjon

I 2017 har det vore brukarundersøking mellom folkevalde korleis dei opplever tenestene frå sekretariatet. Undersøkinga gav gode tilbakemeldingar og viser at dei aller fleste folkevalde er godt nøgde med tenestene og oppfølginga dei får.

Det har vidare vore brukarundersøking om fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no.

Målet med undersøkinga var mellom anna å sjå om brukarane raskt fann den informasjonen dei var ute etter, og om informasjonen var relevant. I all hovudsak er svara frå dei 1000 respondentane som deltok positive. Dei fleste seier det er lett å finne fram, språket er godt og informasjonen er relevant og tilstrekkeleg. Ein har gjennomført nokre endringar på bakgrunn av data frå undersøkinga for å gjøre det endå enklare å finne fram og for å sjå til at nettstaden fungerer etter formålet; nemleg å vere brukarvennleg og tenesteorientert.

Fylkestinget godkjende i 2017 språkbruksplan for Hordaland fylkeskommune. Planen peikar på tiltak som bør setjast i verk for å få god språkføring i fylkeskommunen. I planen vert det også vist til KS sitt program om Klart språk som er eit viktig moment for ein offentleg aktør som fylkeskommunen.



Foto: Finn Burrow

Eigedom

Eigedom – måloppnåing 2017

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikke starta.

Overordna mål	Tiltak og konsekvens	Status og resultat
1. Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvalting, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbevhov.	Det skal etablerast rutinar og system for lagring av alle data knytt til prosjekt, bygningar og avdelingar.	Dette er eit langsiktig tiltak der arbeidet er kome langt innan FDV-dokumentasjon.
2. Eigedomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvalting av eigedommar som fylkeskommunen nyttar.	KSV skal brukast i alle ny avtalar og alle eksisterande avtalar skal leggjast inn. Eigedom skal etablere rutinar og system for oppfølging av all uteie og innleie av bygg.	Utført. Starta.
3. Eigedomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen.	Styrka FDV-systemet i Eigedomsavdelinga Fase 1 – sikra at nye og nyare bygg har komplett FDV i gjeldande FDV-filstruktur. Fase 2 – skaffe et nytt system der FDV dokumentasjon og driftsoppfølging fortrinnsvis er integrert. Det skal etablerast vedlikehaldsplaner for alle skular. Det skal etablerast investerings- og vedlikehaldsplaner for alle bussanlegg.	Utført. Utført. Om lag 70% ferdig. Planlagd ferdig i juni 2018. Tilstandskartlegging er ferdigstilt. Vidare arbeid nyleg starta opp i samarbeid med Skyss.
4. Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen, som på sikt gjev ein miljøvenleg og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa tenestane som Hordaland fylkeskommune skal yte.	Tekniske kravspesifikasjoner for alle fagfelt vert etablert og revidert årleg. Miljøvennlege bygg – BREEAM klassifisering av nybygg. Etablere kontorkonsept, føringar og romprogram for nytt Fylkeshus. Prosjektstyringssystemet skal vere fullt ut i bruk i alle store prosjekt. Etablere rutinar og system for oppfølging av kvalitet, HMS og seriøsitskrava i investeringsprosjekta til fylkeskommunen.	Utført. Åsane vgs og kulturhus blir BREEAM klassifisert på nivået «excellent». Kontorkonsept er utarbeidd. Romprogram er planlagd lagt fram i fylkestinget i oktober 2018. Utført. Prøveprosjekt gjennomført. Avtale med Skatt Vest utarbeidd.

Driftsutgifter eigedom

REKNESKAP EIGEDOM (heile tusen)	Rekn bto 2017	Avvik netto budsj. 2017
Administrasjon	38 797	939
Byggdrift vidaregåande skular	183 642	6 685
Byggdrift kulturbrygg	1 718	- 361
Byggdrift tannklinikkar	155	- 93
Byggdrift kollektiv	20 212	253
Leige og utleige av bygg	91 339	547
Anna aktivitet	3 606	1 295
Egedomsavdelinga	339 469	9 264

Det økonomiske resultatet for egedomsavdelinga i 2017 vart eit overskot på 9,3 mill. kr. Hovudårsaker til overskotet er reduserte kostnader til reinhald, forsikring, vedlikehald og husleige. Grunna endringar i rekneskapsføring og omorganiseringar er ikkje brutto-rekneskapen for 2016 teken med fordi den ikkje kan samanliknast med rekneskapen for 2017.

Drift av 600 000 m²

Egedomsavdelinga forvaltar og driftar 600 000 m² fordelt på 300 bygningar. Av dette er meir enn 90 % eigne bygningar. Drifta omfattar også reinhald av om lag 80 % av bygningsmassen. Om lag 240 tilsette sikrar at byggingane til Hordaland fylkeskommune er varme, reine og at dei elles er tenlege for brukarane.

Vedlikehald og ombygging

Det blir kvart år gjennomført ei stor mengde små og større vedlikehalds- og ombyggingsprosjekt. I 2017 blei det gjennomført 159 mindre vedlikehaldsprosjekt og 15 større prosjekt. Det største prosjektet var ombygginga av Arna vidaregåande skule for å samla alle elevane i ein av dei tre bygningane tilknytte skulen.

Forvaltning

Egedomsavdelinga utøver bygningsforvaltning gjennom leige, utleige, kjøp og sal av bygningar. I 2017 vart Lønborg vidaregående skole, Ibsengate 118, Kvam vidaregåande skule avd. byggfag og Etne vidaregåande skule avd Tesdal selde. Av større leigeavtalar vart heile tidlegare Fana gymnas leigd ut til Bergen kommune. I 2017 fekk egedomsavdelinga ansvaret for alle leigekostnader knytte til skulebygg.

Nybygget til Voss gymnas klart

Ved handsaming av skulebruksplanen i 2012/13 vart det vedteke å slå saman dei fem skulane på Voss til to nye skular. Nye Voss gymnas skulle lokaliserast på Skulehaugen. Det vart valt ei løysing med etablering av eit nybygg på 12 500 m² og rehabilitering av det gamle landsgymnasbygget. Skulen skal ha kapasitet til 590 elevar. Rehabilitering av det gamle hovudbygget er starta og vil verte ferdig våren 2018.

Bergen katedralskole

Bergen katedralskole vert rehabilitera gjennom tre fasar. I første fase vart setningar i den gamle hovudbygningen frå 1840 stoppa gjennom etablering av nye fundament. I fase to vart hovudbygget totalrehabilitert i nært samarbeid med antikvariske myndigheter. Fase to omfatta også eit nytt mellombygg mellom hovudbygget og «klasseromsbygget» for å gjere skulen universelt utforma og for å etablere manglende funksjonar i skulen. Fase tre omfattar ei rehabilitering av «klasseromsbygget». Fase 1 vart ferdig sommaren 2016 og det rehabiliterete hovudbygget og mellombygget vart tatt i bruk i desember 2017. Siste fase skal vere ferdig til sommaren 2018.

Odda vidaregåande skule

Odda vgs. er lokalisert i to bygninger, gymnasbygget og yrkesfagbygget. Gymnasbygget er rehabilert tidligare. Yrkesfagbygget er det gjort lite med siden det stod ferdig i

1964, og stettar difor ikkje dagens krav til teknisk standard og universell utforming. Bygget vert rehabiliterert i to fasar. Første fase som stod ferdig sommaren 2017 omfatta administrasjonslokala, klasserom, auditorium, gymnastikksal og garderober. Fase to som skal vera ferdig til sommaren 2018, omfattar verkstadane.

Nye Åsane vidaregåande skule og kulturhus

Det skal etablerast ein nytt bygg som inneholder både vidaregåande skule, bydelskulturhus og tannklinikks plasser på tomta der U. Phil er lokalisert i dag. Skulen skal vere eit signalbygg for yrkesfaga. Det vart halden ein pris- og designkonkurranse hausten 2016. Vinnaren av konkurransen, prosjektet «Hørnesteinen», vart i 2017 utvikla vidare i samspel med brukarane fram til godkjent forprosjekt og vedteken byggjestrart hausten 2017. Bygget vil ha eit breitt spekter av utdanningstilbod og skal medrekna vaksenopplæringa ha kapasitet til 1700 elevar.






Foto: Stanley Hauge

Politisk organisering

Politisk organisering

Fylkeskommunen sine administrative oppgåver er politisk styrte. Det betyr at Hordaland fylkeskommune gjenomfører den politikken som vert vedteken av dei folkevalde politikarane i fylkestinget, fylkesutvalet og andre politiske utval. Fylkestinget med 57 medlemmer er det øvste styringsorganet.

Fylkesordføraren er politisk leiar av fylkestinget. Fylkesutvalet førebur saker for og kjem med innstillingar til fylkestinget.

Den politiske hovudstrukturen omfattar tre faste utval og kontrollutvalet. Dei faste utvala er:

- utval for kultur, idrett og regional utvikling
- utval for miljø og samferdsel
- utval for opplæring og helse

Kontrollutvalet rapporterer direkte til fylkestinget.

Fylkeskommunen har også ei rekke andre politiske råd og utval, som administrasjonsutvalet, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdommens fylkesting, mfl.

Partifordeling

I valperioden 2015-2019 er ni politiske parti representerte i fylkestinget.

Arbeiderpartiet har 20 representantar, Høgre 12, Framstegspartiet sju, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet har fire kvar, og Miljøpartiet De Grønne, Sosialistisk Venstreparti og Venstre har tre representantar kvar. Rødt har ein representant.

Utskiftingar

I løpet av 2017 vart det ein del utskiftingar av representantar i fylkestinget, dei fleste etter Stortingsvalet 11. september. Tre fylkestingsmedlemer vart valde til Stortinget: Tom-Christer Nilsen (Høgre), Silje Hjemdal (Framstegspartiet) og Nils T. Bjørke (Senterpartiet).

I fylkestinget vart dei tre nye stortingsrepresentantane erstatta av desse: John Helge Gullaksen (H), Anita Garlid Johannesen (FrP) og Alexander Fosse Andersen (Sp).

Sigbjørn Framnes gjekk inn som ny fylkesutvalsmedlem for Fremskriftspartiet i staden for Hjemdal. Nils Marton Aadland, som vart medlem i fylkesutvalet då Tom-Christer Nilsen vart statssekretær 16. desember 2015, held fram som medlem i fylkesutvalet for Høgre.

Terje Søviknes, Framstegspartiet, vart olje- og energiminister 20. desember 2016 og har fått permisjon frå fylkes-

tinget i den tida han er statsråd eller ut valperioden. Så lenge han har permisjon er Rosalind Fosse medlem i fylkestinget og Roald Stenseide er medlem i fylkesutvalet.


Ny utvalsleiar

Nils T. Bjørke (Sp) leia utvalet for miljø og samferdsel frå fylkestingsvalet hausten 2015 til han vart valt til Stortinget. Partifellen Jon Askeland, som var medlem i utvalet, vart valt til ny leiar.

Mellombels politisk leiing

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun var sjukmeld frå andre halvdel av desember 2016 til 26. oktober 2017. Fylkestinget godkjente 3. februar 2017 at ho fekk fritak frå fylkesordførarvervet så lenge ho var sjukmeld. I samsvar med Kommunelova rykte fylkesvaraordførar Pål Kårbo opp som fylkesordførar.

Fylkestinget valde Roald Kvamme, gruppeleiar for Arbeidarpartiet, som fylkesvaraordførar i den tida Kårbo var fylkesordførar.



Regionreforma Ny fylkeskommune i 2020



Fylkesordførarane Anne Gine Hestetun (Hordaland) og Jenny Følling (Sogn og Fjordane).

Stortinget behandla 8. juni 2017 regionreforma og frå 2020 vil det vere 11 fylke i landet. Den nye inndelinga skal gjelde frå 1. januar 2020.

Forhandlingane mellom Sogn og Fjordane og Hordaland kom til etter at intensjonsplanen med Rogaland vart stemt ned av fylkestinget i Rogaland i desember 2016. Dei to midtre vestlandsfylka møttest til nye forhandlingar i januar 2017. 17. januar undertekna fylkesordførar Jenny Følling i Sogn og Fjordane og fung. fylkesordførar Pål Kårbo i Hordaland intensjonsplanen for samanslåing på Bjørnefjorden Gjes-tetun i Os.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane sa ja til intensjonsplanen 2. februar, og dagen etter gjorde også fylkestinget i Hordaland positivt vedtak. Dei to fylkestinga sökte så Stortinget om å bli slegne saman til ein ny folkevald region.

Intensjonsplan

Intensjonsplanen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland dannar grunnlaget for samanslåing, og fylka har i planen avklart ein del fordeling av oppgåver mellom seg.

Dei to fylkestinga stiller i planen tydelege krav om at dei nye og større regionane/fylka skal få tilført nye og større oppgåver. Intensjonsplanen seier mellom anna at eit premiss for samanslåing er at ansvaret for kollektivtransport, vidaregåande opplæring og tannhelse framleis skal ligge til regionane/fylka. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag ti.

Bergen vert administrasjonssenter for den nye fylkeskommunen, både rådmannsfunksjonen og politisk leiing vert lokaliserte her. Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda

skal framleis kunna utførast i begge dagens fylke. Sektorleiaransvar vert fordelt mellom fylka. Tilsette kan halda fram med å arbeide innanfor ulike sektorarar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete.

Ekspertutval

Regjeringa sette i juni 2017 ned eit ekspertutval til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane. Ekspertutvalet la fram rapporten sin i februar 2018. Utvalet foreslår å flytte nær 5000 arbeidsplassar og oppgåver for 24 milliardar kroner til dei nye fylkeskommunane. Forslaget er på høyring med svarfrist 9. mai 2018.

Fellesnemnda

27. oktober 2017 var fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane samla til møte i Gulen. Dei to fylkestinga gjorde likelydande vedtak om det nye fylket. Vedtaket omfatta mellom anna oppretting av ei fellesnemnd som skal stå for samanslåingsprosessen av dei to fylkeskommunane.

Fellesnemnda har 24 medlemer og er sett saman av fylkesutvala, med 15 medlemer frå Hordaland og ni frå Sogn og Fjordane. Fylkesordføraren i Hordaland leier nemnda, medan fylkesordføraren i Sogn og Fjordane er nestleiar.

Fylkestinget for det nye storfylket skal ha 65 medlemer, og heile fylket skal vere ein valkrins. Formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Strid om namnet

Namnet på den nye fylkeskommunen skal vera Vestlandet fylkeskommune, vedtok begge fylkestinga ved samlinga i Gulen. Dette namneforslaget har fått kritikk og møtt motstand både frå nabofylka, språkekspertar og mange fleire. Fylkesutvala i både Hordaland og Sogn og Fjordane har tidleg i 2018 vedteke å endre namneforslaget til «Vestland fylkeskommune». Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal fremje forslag om namn for Storting i løpet av våren 2018.

Stort arbeid i gang

Fellesnemnda hadde første møtet 18. desember 2017. Nemnda valde m.a. arbeidsutval med fire medlemer frå kvart av fylka. Eit omfattande arbeid med å førebu opprettninga av det nye fylket frå 1.1.2020 er starta både politisk og administrativt. Ei rekke arbeidsgrupper er i gang med arbeidet. I dette arbeidet vert det lagt stor vekt på å gje god informasjon til dei politiske organa, og ikkje minst til dei tilsette i dei to fylkeskommunane.



Foto: Gøril Sætre

Samling på Gulatingstaden ved Eivindvik. Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane.



Oppsummering 2017

2017 var eit aktivt politisk år for Hordaland fylkeskommune. Den vanskelege økonomien prega arbeidet vårt. Nedbetaling av gjeld hadde høg prioritet samstundes som me opprettet eit høgt nivå på tenestene våre og fekk gjennomført nye viktige investeringar.

Etter nye forhandlingar i januar, vedtok fylkestinget i februar intensjonsplanen for fylkessamanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane. Ved felles fylkestingsamling i Gulen 27. oktober 2017, vart vedtaka stadfesta. Stortinget vedtok ny regionsstruktur 7. juni.

Fellesnemnda, som har ansvaret for å legge til rette for ein region frå 1. januar 2020, er sett saman av fylkesutvala i dei to fylkeskommunane. Fellesnemnda hadde sitt første møte 18. desember 2017. Det er brukt mykje tid på å argumentere for kva oppgåver og fullmakter som er tenlege for den nye regionen. Det vert viktig kva ekspertutvalet sitt forslag som vart lagt fram 1. februar 2018, munnar ut i når Stortinget skal gjere vedtak om oppgåveoverføringer seinare i år.

Byvekstavtalen mellom Staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vart signert 1. september. Målet om nullvekst i transportmengde og ein streng arealpolitikk ligg som ein føresetnad. Etter mange forhandlingsmøte, vart det semje om at staten skal bidra med inntil 50 % av kostnadene til vidare utbygging av Bybanen og gang- og sykkelvegar.

Bybana til Flesland vart opna i april. I tillegg har det vore fleire veg- og sykkelvegopningar gjennom året. Arbeidet med Nasjonal Transportplan prega vårhalvåret.

Hordaland fylkeskommune er i starten på eit større løft for å gjere transporttenestene våre meir miljøvenlege. I løpet av dei neste fire åra er målet å halvere klimautslappa frå kollektivtrafikken. Det første store løftet vert overgang til i hovudsak elektrisk drivne ferjer. Alle dei 17 ferjesambanda skal over på miljøvenleg drift i løpet av dei komande fire åra. Busstrafikken i Bergen skal verte fossilfri innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025. Deretter står båtdrifta for tur.

Hordaland går med denne satsinga føre med klimakutt, men den ambisiøse målsetjinga krev store investeringar og vil auke driftsutgiftene våre vesentleg. Dette grøne løftet vert kostbart og me må gjere tydelege prioriteringar i åra framover.

I samband med budsjettarbeidet for 2018 vart det vedteke nytt takstsonesystem som reduserer talet på takstsoner frå 470 til 7. Det nye sonesystemet startar opp kommande haust. Soneomlegginga og innføring av mobilbillett i heile fylket, vil gjere reisekvardagen enklare for brukarane og vonleg få endå fleire til å reise kollektivt.

Arbeidet med regionreforma, styrking av tenestene våre, samstundes som me har kontroll over økonomien, vil vere prioriterte oppgåver i 2018.

A handwritten signature in blue ink that reads "Anne Gine Hestetun".

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.